

# MASTEROPPGAVE

Emnekode: BE328E

Navn på kandidat: Elisabeth Veivåg Helseth

---

*Verdiskaping med nye briller -*

*frå «blinde flekkar» til auka meirverdi?*

*Ein eksempelstudie av lokalmatnettverk i Fjellregionen*

---

Dato: 19.05.2017

Totalt antall sider: 92

## **Abstract**

This thesis explores how sustainable development can be operationalized at a local level. The thesis aims at developing knowledge that can be useful for reaching sustainable development. The main research question is; "*How do actors in local food networks in Fjellregionen perceive their own, and their network`s contribution to sustainable community development?*"

The thesis proposes the following theoretical contribution:

Strong and mutually dependent networks enable people to collaborate in taking care of the natural ecosystems and improving quality of life. However, an organic worldview based in mutual dependence, is under pressure from a more mechanical worldview where competition, monetary values and linear value chains are dominant. With sustainable development as the goal, we are challenged to understand *value creation* in a new way. We need new strategies and tools that deal with complexity. Such tools can make governments and business actors able to capture complexity and bring about great added value, trough facilitating systems that "*bring out the best in humans*" (Ostrom 2009). *Social value creation*, through dialogue, trust and cooperation, is an important key to discover the qualitative values that are "hidden" by a mechanical worldview. This is illustrated in Figure nr. 10. "Verditriangelet 2.0."

## Forord

Forfattarane av metodeboka vår peiker på at det er viktig å definere omgrep. Omgrepet *sosialt nettverk* vert trekt fram som eit eksempel:

En av dem som tidlig brukte betegnelsen *nettverk* i samfunnsfaglig forskning, var antropologen J.A. Barnes, som i 1954 skrev artikkelen «Class and communities in a Norwegian island parish», en undersøkelse av lokalsamfunnet Bremnes på Vestlandet. Barnes studerte hvordan klasseskiller kom til uttrykk i samhandlingen, og brukte fiskegarnet som illustrasjon på sosiale nettverk, der knutene er menneskene og trådene relasjonene mellom dem. (Johannessen mfl. 2011:61)

Bestefaren min var fiskar heile sitt liv, på Bremnes, Bømlo, Vestlandet. Han og familien var blant dei Barnes observerte i dei åra han jobba med studien sin om sosiale nettverk. Kanskje var det bestefar sitt fiskegarn Barnes kikka på når han kom på å samanlikna trådane i garnet med koplingane mellom oss menneske. Og kanskje er det ikkje tilfeldig at eg er interessert i å studere sosiale nettverk - tillit og samarbeid mellom menneske. Eg er fasinert over endringskrafta i samskaping. Men og over kollektive, tatt for gitte sanningar, som kan gjera oss ute av stand til å utnytta vårt fulle potensial, og å endra verda i ei meir berekraftig retning. Samstundes trur eg at vi berre kan skapa berekraftige endringar i fellesskap.

Det er mange eg vil takke for hjelp og støtte under arbeidet med denne masteroppgåva:

Rettleiaren min, Hin Hoarau Heemstra, som heile vegen har vore tolmodig og gitt svært konstruktive innspel. Og fagmiljøet ved Senter for Økologisk Økonomi og Etikk, særleg ved Ove Jakobsen, som er til stor inspirasjon for meg.

Min tidlegare arbeidsplass, Sogn og Fjordane fylkeskommune, der eg som klimarådgjevar tok fatt på MBA i Økologisk Økonomi. Og min noverande arbeidsplass Distriktssenteret – ein arbeidsplass der eg får vera heile meg.

Mamma og pappa for trygghet og tillit, grunnleggande perspektiv på verda som betyr alt når ein jobbar for framtida. Og ikkje minst for fisketurar som sørgja for at fryseboksen var full av pala gjennom arbeidet med masteroppgåva.

Kjærasten min Svein-Magne, som har jobba med si masteroppgåve samstundes som meg, og som har bidrege med inspirasjon og gode rammer for arbeidet.

Og ikkje minst hovudpersonane i denne oppgåva, informantane mine; takk for at de sette av verdifull tid til å dela interessante perspektiv og erfaringar. Eg har stor respekt for det arbeidet kvar enkelt av dykk gjer.

## Samandrag

Denne masteroppgåva undersøker korleis berekraftig utvikling kan operasjonaliserast på lokalt nivå. Det er ei oppgåve som tek sikte på å utvikle kunnskap som kan komme til nytte for offentlege styresmakter i deira arbeid med berekraftige lokalsamfunn. Problemstillinga for oppgåva er; «*Korleis ser aktørane i lokalmatnettverk i Fjellregionen på eigne, og nettverka sine, bidrag til berekraftig samfunnsutvikling?*»

Dei empiriske funna viser at relasjonane mellom lokalmataktørane er kjenneteikna av samarbeid og gjensidig avhengigheit til kvarandre, til den lokale kulturen og til dei naturgitte føresetnadane på staden. Oppgåva drøfter korleis ei mekaniske verkelegheitsforståing bidreg til ei form for «*metafysisk blindhet*» innanfor økonomisk vitskap, der ein har abstrahert seg vekk frå samfunnet som økonomien var meint å tene. Lineære verdikjedemodellar, og tradisjonell forståing av økonomisk verdiskaping, gir ikkje noko fullverdig bilete av verdiskapinga som skjer i lokalmatnettverk i Fjellregionen. «Den integrerte kretsløpsmodellen» (Ingebrigtsen og Jakobsen 2004; Jakobsen 2017) og *brei verdiskaping* (Haukeland og Brantdzæg 2009, 2014) gir verdfulle supplement i forhold til å synleggjera den verdiskapinga som skjer i lokalmatnettverk i regionen. Særleg synest det som den *sosiale verdiskapinga* spelar ei avgjerande rolle for endring og nyskaping.

Oppgåva føreslår følgjande teoretiske bidrag:

Sterke og gjensidige nettverk gjer at ein kan samarbeida om å ta vare på livsgrunnlaget, styrka livskvalitet og skapa tilstrekkeleg velferd. Samstundes er den organiske forståinga basert på gjensidig avhengigheit under press frå ei meir mekanisk verkelegheitsforståing der konkurranse, monetære verdiar og lineær verdikjeder er dominerande. Dersom berekraftig utvikling er målet, vert vi utfordra til å forstå verdiskaping på nytt. I arbeid med berekraftig utvikling treng vi strategiar og verktøy som trener evna til å reflektere rundt heilskap og samanhengar. Slike verktøy kan gjera både styresmakter og næringsaktørar i stand til å fange opp kompleksitet og trykke på dei rette knappane for å utløyse berekraftig meirverdi og «*bringe fram det beste i menneske*» (Ostrom 2009). *Sosial verdiskaping*, gjennom dialog, tillit og samarbeid, er ein viktig nøkkel for at vi skal få auga på den verdiskapinga som i dag er «skjult» for oss, og utløysa meirverdi. Den sosiale verdiskapinga si sentrale rolle vert illustrert gjennom figur 10. «Verditriangelet 2.0.»

## Innholdsfortegnelse

|  |    |
|--|----|
| Forord .....   | i  |
| Samandrag .....  | ii |
| Oversikt over tabellar, figurar og vedlegg .....               | 1  |
| 1. Innleiing .....   | 3  |
| 1.1. Bakgrunn .....  | 4  |
| 1.2. Avgrensing og problemstilling .....                       | 6  |
| 2. Teori og litteratur .....                                   | 8  |
| 2.1. Berekraftig utvikling .....                               | 8  |
| 2.2 Kva briller har vi på? .....                               | 10 |
| 2.2.1. Mekanisk og organisk verkelegheitsforståing .....       | 10 |
| 2.2.2. Økonomi i ein mekanisk og organisk tradisjon .....      | 11 |
| 2.3. Økologisk økonomi .....                                   | 13 |
| 2.3.1. Aktørbilete i økologisk økonomi .....                   | 14 |
| 2.3.2. Samarbeid viktigare enn konkurranse .....               | 15 |
| 2.3.3. Frå lineære verdikjeder til kretsløp .....              | 16 |
| 2.4. Verdiskaping .....  | 17 |
| 2.4.1. Verdisystem – «svak» og «sterk» berekraft .....         | 19 |
| 2.4.2. Brei verdiskaping .....                                 | 21 |
| 3. Metode .....  | 23 |
| 3.1. Vitskapsteori .....                                       | 23 |
| 3.2. Strategi og forskingsdesign .....                         | 23 |
| 3.3. Utval .....   | 25 |
| 3.4. Intervjuguiden .....                                      | 25 |
| 3.5. Førebuing og gjennomføring av intervju .....              | 26 |
| 3.6. Analyse av data .....                                     | 29 |
| 3.6.1 Kategorisering av data .....                             | 29 |
| 3.6.2. Steg i analysefasen .....                               | 30 |
| 3.7. Transparens og validitet .....                            | 33 |
| 3.7.1. Refleksjon rundt prosessen .....                        | 34 |
| 3.7.2. Egen rolle og etiske moment .....                       | 37 |
| 4. Empiri og funn .....  | 39 |
| 4.1. Nokre av aktørane i lokalmatnettverka .....               | 39 |
| 4.2. Ynskje om å skapa noko med eigne ressursar .....          | 43 |
| 4.2.1 Berekraft som lokal utviklingsprosess .....              | 45 |
| 4.2.2. Sett berekraft på agendaen gjennom nettverk .....       | 46 |
| 4.3. Best lokalt – gjennom eit kollektivt løft .....           | 48 |
| 4.3.1. Samarbeid framfor konkurranse .....                     | 51 |
| 4.3.2. Vaks fram frå Lokal Agenda 21 satsing .....             | 53 |
| 4.3.3. Felles satsing på regionale kretsløp .....              | 54 |
| 4.3.4. Kommunar som premissgivar for lokale verdikjeder? ..... | 56 |
| 4.4. Den breie verdiskapinga .....                             | 58 |
| 4.4.1. Nyskaping – gjennom tillit og samarbeid .....           | 59 |
| 4.4.2. Vanskeleg å kommunisere heilskapen .....                | 63 |
| 4.5. utfordringar framover .....                               | 64 |

|  |    |
|--|----|
| 5. Drøfting .....  | 67 |
| 5.1. Relasjonar kjenneteikna av gjensidig avhengigheit .....             | 67 |
| 5.2. Kretsløp, lokale verdikjeder og samfunnsretta næringsutvikling..... | 68 |
| 5.3. Brei verdiskaping – syner dei gøymde verdiane .....                 | 69 |
| 5.3.1. Aktive verdiskaparar .....  | 72 |
| 5.3.2. Mål som skapar kollektivt handlingsrom for endring .....          | 73 |
| 6. Oppsummering og konklusjon .....                                      | 74 |
| Litteraturliste .....  | 77 |

## Oversikt over tabellar, figurar og vedlegg

### Figurar

1. Berekraftig utvikling illustrert som sirklar, med elementa miljø, økonomi og sosiale forhold
2. «Berekraftig utvikling i tid og rom»
3. Eksempel på lineær verdikjede
4. «Den integrerte kretsløpsmodellen»
5. «Rammebetingelser - et koblingsskjema mellom ressurser og behov»
6. Verditriangelet
7. Illustrasjon som viser nokre koplingar mellom ulike aktørar
8. Illustrasjon av økonomiske ringverknadar av å auka bruk av lokalmat
9. Illustrasjon av endringskjede mot meir regionalt samarbeid
10. Verditriangelet 2.0 - som syner den sosiale verdiskapinga si sentrale rolle

### Tabellar

1. Eksempel på overordna indikatorar knytt til ulike former for verdiskaping
2. Oversikt over informantar
3. Nokre indikatorar på brei verdiskaping i lokalmatnettverk i Fjellregionen

### Vedlegg

1. Intervjuguide
2. Informasjonsskriv
3. Tabell 3. Nokre indikatorar på brei verdiskaping i lokalmatnettverk i Fjellregionen

Too much and for too long, we seemed to have surrendered personal excellence and community values in the mere accumulation of material things. Our gross national product, now, is over \$800 billion dollars a year, but that gross national product – if we judge the United States of America by that – counts air pollution and cigarette advertising, and ambulances to clear our highways of carnage. It counts special locks for our doors and the jails for the people who break them. It counts the destruction of the redwood and the loss of our natural wonder in chaotic sprawl. It counts napalm and counts nuclear warheads and armored cars for the police to fight the riots in our cities. It counts Whitman's rifle and Speck's knife, and the television programs which glorify violence in order to sell toys to our children. Yet the gross national product does not allow for the health of our children, the quality of their education or the joy of their play. It does not include the beauty of our poetry or the strength of our marriages, the intelligence of our public debate or the integrity of our public officials. It measures neither our wit nor our courage, neither our wisdom nor our learning, neither our compassion nor our devotion to our country, it measures everything in short, except that which makes life worthwhile.

- Robert Kennedy, 1968 (ref i Capra og Henderson 2009:3)



## 1. Innleiing

Nokre gongar er det nyttig å undersøkje konsekvensar av ulike måtar å forstå verkelegheita på. Særleg er dette relevant når ein jobbar med kunnskap om samfunnsutvikling. Kva briller har vi på? Og finnast det kanskje andre briller som ville gje oss eit betre overblikk?

Verda står ovanfor store utfordringar i møte med klimaendringar, tap av biologisk mangfald og utarming av det globale ressursgrunnlaget. FN sin verdskommisjon for miljø og utvikling gav i 1987 ut rapporten *Vår felles framtid*, der berekraftig utvikling vart definert som ei; «...utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.» (FN- sambandet 2016). I Norge finn vi mål og formuleringar rundt berekraftig utvikling i plan- og bygningsloven, i «Nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging» (2015) og i dei fleste nasjonale, regionale og kommunale planar. Mellom anna står det som første setning i formålsparagrafen til plan- og bygningsloven § 1.1. at; «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.» (Lovdata, 2017). Vi finn i dag mange synspunkt rundt kva omgrep som *berekraftige utvikling* inneber. Dersom ein skal ta verdskommisjonen (1987) sitt berekraftsomgrep på alvor, må ein legge til grunn ei utvikling der samspelet mellom sosiale, miljømessige og økonomiske faktorar vert teke omsyn til. Berekraftige lokalsamfunn må vera i balanse mellom desse ulike faktorane, slik at ein lev på ein måte som kan oppretthaldast over generasjonar, samstundes som ein skapar ei rettferdig fordeling av globale ressursar.

I denne masteroppgåva undersøker eg korleis berekraftig utvikling kan operasjonaliserast på lokalt nivå. Det er ei oppgåve som tek sikte på å utvikle kunnskap som kan komme til nytte for offentlege styresmakter i deira arbeid med berekraftige lokalsamfunn. Oppgåva har vakse fram av ein nysgjerrigheit rundt kva verdiar vi vektlegg i arbeid med samfunnsutvikling, og i kva grad vi har språk for å forstå korleis ulike element i samfunnsutviklinga heng saman. Har vi system som er eigna for å gjenspegle kompleksitet og utløysa meirverdi, eller pirkar vi berre borti ein liten del av dei verdiane som finst i verda rundt oss?

*(Nøkkelord; verkelegheitsforståing, berekraftig utvikling, økologisk økonomi, brei verdiskaping og nettverk)*

### **1.1. Bakgrunn**

I arbeidet med masteroppgåva har eg mellom anna bygd på kunnskap og erfaringar eg har frå mi tidlegare stilling som klimarådsgjevar i Sogn og Fjordane fylkeskommune (frå 2009 – 2014), og arbeid med lokal samfunnsutvikling i Hyllestad kommune (2015). Samstundes er tema for oppgåva relevant for min noverande jobb i Distriktssenteret. Distriktssenteret er eit nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling, som ligg under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Distriktssenteret arbeidar med å samanstillast og formidle kunnskap om lokal samfunnsutvikling, med fokus på små og mellomstore kommunar.

Fleire teoretikarar innanfor økologisk økonomi peiker på at samfunnsutviklinga i dag i stor grad er styrt av økonomiske verdiar, og at konvensjonell økonomi er bygd på ei førestilling om at menneskelege behov berre kan dekkast i eit samfunn der ein opprettheld ein eksponentiell vekst i økonomien (Jakobsen og Ingebrigtsen 2011; Daly 2004). Samstundes finn ein i fleire samanhengar ein veksande kritikk av økonomisk vekst som mål på god samfunnsutvikling. I boka «Gull eller grønne skoger» peiker Eivind Hoff- Elimari (2016) på fleire internasjonale initiativ, mellom anna i OECD- landa og New Zealand, der ein no testar ut nye indikatorar for livskvalitet og «god» samfunnsutvikling. Som resultat av ulike prosessar, der ein gradvis har konkludert med at vekst i BNP er eit utilstrekkeleg mål på livskvalitet, søkjer styresmaktene etter verktøy som kan gi politikarane meir heilskaplege grunnlag for politikktutforming (Hoff-Elimari 2016).

Ingebrigtsen og Jakobsen (2011) hevdar at vi innanfor konvensjonell økonomi finn ei mekanisk forståing av økonomien der konkurranse, lineære verdikjeder og monetære verdiar er rådande. For å takle komplekse globale utfordringar meiner dei at det er naudsynt med eit skifte til ein kretslaupsøkonomi der ei organisk verkelegheitsforståing, samarbeid i nettverk, verdipluralisme og lokale verdikjeder står i sentrum. Dei meiner vidare at det er naudsynt å etablere nye former for interaksjon, som tek omsyn til og respekterer eit mangfald av verdiar. Eit slikt skifte utfordrar både måten vi forstår verda på, vår verkelegheitsforståing, og måten vi forstår menneske sine drivkrefter. Og ikkje minst; kva betyr dette for forståinga av korleis vi skapar verdiar?

Hausten 2016 jobba eg og nokre kollegaer i Distriktssenteret med rapporten; «*Verdiskaping basert på natur og kulturressursar: Kva kan vi læra frå Lom, Røros, Vega og Lysefjordområdet?*» (2017). Dette var ikkje ein forskingsrapport, men eit erfaringsbasert arbeid som bygde på tidlegare forskning på området. Rapporten var ei bestilling frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og i rapporten henta vi læringshistorier med

utgangspunkt i omgrepet *brei verdiskaping*. Gjennom dette arbeidet prøvde vi å kartlegge element av den breie verdiskapinga som har funnet stad på fire ulike stadar i Norge, der ein av stadane var Røros. Vi fann fleire indikatorar som tyda på at aktørar i regionen rundt Røros har jobba strategisk med berekraftig samfunnsutvikling, og at lokalmatnettverk var ei av fleire viktige drivkrefter i denne utviklinga.

Lokalmatsatsinga er i dag sentral i det regionale utviklingsarbeidet i regionen. Kommunane Alvdal, Follidal, Holtålen, Os, Rendalen, Røros, Tolga og Tynset (her kalla Fjellregionen) deltek mellom anna i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt «Utviklingsprogram for byregionar», med ei satsing på «Lokalmathovudstaden Røros». Det deltek 37 byregionar, og rundt 213 kommunar, frå heile landet i dette nasjonale byregionprogrammet (Distriktssenteret, 2017, nettside). Målet med programmet er å «...utvikle strategier og tiltak for å fremme økonomisk vekst i regionen, basert på samspillet mellom byen og omlandet.» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, nettside). Samstundes skriv Leknes mfl. (2016) i ein foreløpig evalueringsrapport frå dette nasjonale byregionprogrammet:

Hovedinnsatsen for utviklingsprosjektene er rettet mot tiltak for å styrke grunnlaget for næringsutvikling og dermed økonomisk vekst på lang sikt i byregionene. Gjennomgangen av samfunnsanalysene og F2-søknadene viser imidlertid at prosjektene **i svært liten grad bruker eller drøfter perspektiver på bærekraftig næringsutvikling, hverken økonomisk, miljømessig eller sosialt**. I et langsiktig vekstperspektiv er det muligens noe overraskende at så få av utviklingsprosjektene har fokus på byregionenes næringsutfordringer og muligheter som ligger i det «grønne skiftet» og omstilling til «lavutslippssamfunnet» og den «grønne økonomien». (Leknes 2016: 59, mi utheving)

I arbeidet med rapporten (2017) fann vi teikn som tyda på at Fjellregionen er eit unntak i forhold til det manglande berekraftsperspektivet som Leknes mfl. (2016) peiker på. Fjellregionen sitt byregionprogram inneheld mellom anna satsingar på «Lokalmathovedstaden Røros» og «Verdiskaping knyttet til bioøkonomi». Eg bygg vidare på empiri og analysar frå denne rapporten i arbeidet i masteroppgåva. I rapporten peika vi mellom anna på nokre områder der det er nasjonalt kunnskapsbehov, særleg i forhold til auka kunnskap og kompetanse om berekraftig lokal samfunnsutvikling (Distriktssenteret 2017:34). Målet er at masteroppgåva bidreg til meirverdi og nyttige perspektiv rundt korleis nasjonale, regionale og lokale styresmakter kan tilnærma seg arbeid med berekraftig samfunnsutvikling.

## **1.2. Avgrensing og problemstilling**

Med bakgrunn i kunnskapsbehov som vart avdekket i arbeidet med rapporten (2017) vil oppgåva ta utgangspunkt i formelle og uformelle lokalmatnettverk i Fjellregionen. Aktørane rundt lokalmatsatsinga på Røros er mellom anna kartlagt i Marianne Stuen si masteroppgåve frå 2006. I denne oppgåva vert det også gjort ein analyse av statlege innovasjonssystem si rolle i å fremja innovasjon i lokalmatnettverk på Røros (Stuen 2006). I tidlegare vitenskapleg arbeid er det også gjort analysar av koplingar mellom lokalmatnettverk og turistnæringa i regionen (Lange-Vik & Idsø 2013). Lange Vik skriv i notatet «*Lokalmat i Rørosregionen. Utvikling og samfunnsmessige rammevilkår*» (2010) at dei har funnet:

(...) to publikasjonar om Rørosmeieriet (Flø et al. 2000; Stræte 2006), og ein om Rørosmat (Stuen 2007). Alle desse publikasjonane krinsar rundt tema som innovasjon, omstilling og nyskaping, og det blir lagt vekt på at tette horisontale nettverk med sterke sosiale band og godt samarbeid bidrar til svært gode vilkår for eit innovativt miljø. I Rørosregionen har dette hatt særleg stor innverknad på nyskaping og omstilling i matproduksjonen. Samstundes har nokre store aktørar, mellom anna kommunane, tatt mykje ansvar for å halde liv i, og starte opp, bedrifter som har vore og er viktige i foredling, marknadsføring og distribusjon av mat frå desse traktene (2010:5)

Desse studiane tek utgangspunkt i korleis samarbeid gjennom nettverk bidreg til *økonomisk verdiskaping* og innovasjon. I avgrensing av problemstilling ynskjer eg å kasta lys over korleis lokalmatnettverk bidreg til *sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping* i regionen, og korleis aktørane i lokalmatnettverk ser på eigne bidrag til berekraftige samfunnsutvikling.

### **Problemstillinga oppgåva søker å svara på er følgjande:**

- ***Korleis ser aktørane i lokalmatnettverk i Fjellregionen på eigne, og nettverka sine, bidrag til berekraftig samfunnsutvikling?***

Nokre forskingsspørsmål som oppgåva vil søkje å gje svar på:

- *Kva kjenneteiknar relasjonane mellom nokre sentrale aktørar i lokalmatnettverk i Fjellregionen?*
- *Korleis kan omgrepa mekanisk og organisk verkelegheitsforståing kasta lys over deira tilnærming til berekraftig samfunnsutvikling?*
- *I kva grad kan brei verdiskaping vera eit nyttig omgrep for å synleggjera lokalmatnettverk i Fjellregionen sine bidrag til berekraftig samfunnsutvikling?*

For å få svar på problemstillinga har eg intervjuet lokale matprodusentar, lokalmatdistributørar og lokale styresmakter i regionen.

Kapittel 2. presenterer teori og litteratur som er relevant for oppgåva. Kapittel 3. gir mellom anna oversikt over forskingsdesign, metode, utval og eigne refleksjonar rundt arbeidet med masteroppgåva. I kapittel 4. vert funn og empiri frå datainnsamlinga gjennomgått. I kapittel 5. kjem ei drøfting som søkjer å svara på dei ulike forskningsspørsmåla, med utgangspunkt i empiri og teori. I kapittel 6. kjem avslutting og konkluderande refleksjonar.

## 2. Teori og litteratur

Dette kapitlet presenterer teori og litteratur som er sentral for masteroppgåva. Først kjem eit kort overblikk av berekraftig utvikling; ei internasjonal forplikting som vert tolka og operasjonalisert på ulikt vis. Så vil eg gå nærare inn på verkelegheitsforståing. Eg rettar her fokus mot skiljet mellom mekanisk og organisk verkelegheitsforståing, og ser på korleis den mekaniske verkelegheitsforståinga har hatt ei rolle i å forme dagens økonomiske vitskap. Dette er relevant ettersom den økonomiske vitskapen har stor betydning for korleis vi jobbar med, og forstår verdiar i samfunnsutvikling (Daly og Cobb 1989). Vidare vil teorikapitlet ta for seg økologisk økonomi, og sjå nærare på aktørbilete og nettverksforståing innanfor økologisk økonomi. Med dette som bakteppe, ser eg nærare på verdiskaping; kva forstår vi som verdiskaping, og kva kan vera alternative tilnærmingar til verdiskapingsomgrepet?

### 2.1. Berekraftig utvikling

Jakobsen og Ingebrigtsen (2004:16) skriv at omgrepet «berekraftig utvikling» («sustainable development» på engelsk) først gjorde seg gjeldande i verdas «Conservation Strategy», som vart publisert av organisasjonen World Conservation Union (IUCN) i 1980. Omgrepet fekk auka status då det i 1987 vart nytta i Brundtlandkommisjonen sin rapport «Our Common Future». I denne rapporten vert berekraftig utvikling omtala slik;

Sustainable development is development that meets the needs of the present without compromising the ability of future generations to meet their own needs. It contains within it two key concepts:

- the concept of 'needs', in particular the essential needs of the world's poor, to which overriding priority should be given; and
- the idea of limitations imposed by the state of technology and social organization on the environment's ability to meet present and future needs. (Our Common Future 1987)

Berekraftig utvikling vert ofte illustrert gjennom tre ulike element; miljø, økonomi og sosiale forhold, som grip inn i kvarandre og har ei grad av overlapp (FN – sambandet, nettside, 2017). Samspelet mellom desse tre sirklane illustrere at dei ulike elementa må vera i balanse med kvarandre. Ingebrigtsen og Jakobsen (2004:16) skriv at omgrepet *berekraft* av mange i dag vert nytta til å forklara



Figur 1. Berekraftig utvikling, illustrert gjennom elementa miljø, økonomi og sosiale forhold

utviklinga innanfor kvar av dei tre sektorane natur, kultur og økonomi, på separat vis. Men samstundes kan det brukast som ein samla måte å omtala den totale samfunnsutviklinga. Dei peiker vidare på at samspelet mellom økonomi, natur og kultur er sentralt i *berekraftig utvikling*, noko som også kjem til uttrykk i FN sin handlingsplan for miljø og utvikling (Ingebrigtsen og Jakobsen 2004). Omgrepet berekraftig utvikling er i dag mykje brukt, likevel er det langt frå noko omforeint forståing av kva berekraftig utvikling inneber. Det finst ulike måtar å tolka og vektlegga omgrepet, og det finst ulike måtar å forstå kvar grensene går for kva vi skal «bry oss med». Kva som er rettferdig fordeling i relasjon til målet om berekraftig utvikling har blitt tolka på ulikt vis; i tid og rom, innanfor same generasjon eller mellom generasjonar, og/ eller innanfor landets grenser eller globalt. Lafferty og Langheller viser ein mogleg måte å illustrera dei ulike dimensjonane av tid og rom (Lafferty og Langhelle 1995:18 ref i. Ingebrigtsen og Jakobsen 2004):

|                    |                              | Romdimensjon                                  |  |
|--------------------|------------------------------|---|--|
|                    |                              | Nasjonalt                                     | Globalt  |
| Tids-<br>dimensjon | Innen<br>samme<br>generasjon | Nasjonal rettferdighet                        | Global rettferdighet innen<br>samme generasjon |
|                    | Mellom<br>generasjoner       | Nasjonal rettferdighet mellom<br>generasjoner | Global rettferdighet<br>mellom generasjoner    |

Figur 2. «Berekraftig utvikling i tid og rom»

Ein anna måte å tilnærme seg berekraft er gjennom eit skilje mellom «sterk» og «svak» berekraft (Dybvig mfl. 2013), noko oppgåva kjem tilbake til i delkapittel 2.4.1.

Hovudgrunnen til at berekraftig utvikling vart satt på agendaen er at vi står i fare for å utarma livsgrunnlaget vårt. Verdssamfunnet har vorte einige om berekraftig utvikling som ein grunnleggjande premiss, men som vi har sett er innhaldet i omgrepet langt frå eintydig. Målet om berekraftig utvikling er mellom anna teke inn i plan - og bygningslova, og skal slik legge rammene for norsk samfunnsutvikling. Likevel står ein ofte igjen med spørsmålet; korleis skal vi jobbe med berekraftig utvikling? For å nærma oss ei mogleg operasjonalisering av berekraft kan det vera nyttig å først kikke på korleis vi forstår og gjer meining ut av verda. Verkelegheitsforståinga kan nemleg spela ei rolle i korleis vi tilnærmarar oss eit omgrep som berekraftig utvikling.

## **2.2 Kva briller har vi på?**

I arbeid med samfunnsutvikling kan det frå tid til annan vera nyttig å ta nokre steg tilbake, løfte blikket, og undersøkje føresetnadane som ligg til grunn for korleis vi forstår og gjer meining av verda rundt oss. I ein slik prosess kan ein stille spørsmål ved om vi ser verkelegheita rundt oss på ein klar og tydeleg måte, eller om det er behov for å justere brillene før ein går vidare. Denne masteroppgåva stiller spørsmål ved verkelegheitsforståing, og har slikt sett ei ontologisk tilnærming. Ontologi handlar om «*læren om kva som er virkelighetens natur (2011:402 Johannessen mfl)*». Dybvig mfl. (2013) peiker på at måten vi forstår eit fag, som for eksempel økonomi, alltid vil vera forankra i våre oppfatningar om korleis røynda er. Vår verkelegheitsforståing; «*utgjør den konteksten vi forstår og forklarar hendelser og fenomen ut fra*» (2013:16). Forståinga av verkelegheita set rammene for kva vi ser etter, kva metodar er gyldige, og kva vi oppfattar som vitenskap. Dybvig mfl. (2013) peiker òg på at verkelegheitsoppfatning har mykje til felles med det fysikar og filosof Thomas Kuhn omtala som vitenskaplege paradigme.

### **2.2.1. Mekanisk og organisk verkelegheitsforståing**

Eit eksempel på ulik verkelegheitsforståing finn vi i skiljet mellom organisk og mekanisk verkelegheitsforståing (Dybvig mfl 2013; Ingebrigtsen og Jakobsen 2004, 2009 og 2011). Capra og Henderson (2009), skriv om skiljet mellom kvantitet og kvalitet innanfor vestleg vitenskap. Dei peiker på at Leonardo da Vinci hadde ei tilnærming til kunst og vitenskap som reflekterte heilskapen; «*It was a science of organic forms, of qualities, of patterns of organisations and processes of transformation (2009:6)*. Denne måten å tilnærma seg verda og vitenskapen skilde seg frå mellom anna Descartes og Galileo, som entra den vitenskaplege «scena» på 1700- talet. Galileo meinte at dersom ein skulle forstå naturen på ein effektiv måte, måtte ein retta fokus mot dei delane av naturen som kunne kvantifiserast og målast. Dette viste seg å vera ein svært suksessfull strategi innanfor klassisk fysikk (Capra og Henderson 2009). Samstundes vart denne mekaniske måten å forstå verda på også overført til andre vitenskapar, som mellom anna økonomi (Daly 1994). Den mekaniske tilnærminga til verkelegheita var, og er, svært nyttig. Den gjer at vi er i stand til å plukke frå kvarandre delar av naturen og samspelet mellom menneske, for å undersøkje ulike mekanismar. Særleg har dette hatt avgjerande betydning for å utvikle naturvitenskapleg kunnskap. Men i kjølvatnet av dette mekaniske verdsbilete dukka det også opp ein del utfordringar og spørsmål som ikkje let seg forklara innanfor den mekaniske tilnærminga til verkelegheita. Det vert danna mange «blinde flekkar» som vitenskapen er ute av stand til å seia noko om. Eit slikt spørsmål handlar



om korleis vi skal forhalda oss til dei kvalitative aspekta av verkelegheita (Capra og Henderson 2009). Dyvig mf.l. peiker på at;

En konsekvens av mekanistisk tenking er at de kvalitative sidene ved virkeligheten lett blir usynlige. Resultatet er at vi sitter igjen med store mengder delsannheter om den minst «menneskelige» delen av samspillet mellom menneske, samfunn og natur. Enda verre blir det når vi tror at de abstraherte delsannhetene representerer den hele og fulle sannhet. Det vil si at vi forveksler abstrakte teorier og modeller med den konkrete virkeligheten (2013:19)

Samstundes peiker Capra og Henderson på at dei siste tiåra har hatt eit stadig aukande fokus på kvalitet.

Today, the universe is no longer seen as a machine composed of elementary building blocks. We have discovered that the material world, ultimately, is a network of inseparable patterns of relationships; that the planet as a whole is a living, self-regulating system (2009:6)

### **2.2.2. Økonomi i ein mekanisk og organisk tradisjon**

Economics has rested too long in an essentially Newtonian paradigm of mechanical equilibrium and mechanical dynamics (Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:254)

Dybvig mfl. meiner at økonomi som vitenskap gir eit misvisande bilete av korleis verkelegheita fungerer, og at det er eit stort behov for endring av det økonomiske paradigmet. Dei peiker på at; «*i stedet for å stille spørsmål ved paradigmets forutsetninger har økonomien vært mest opptatt av å studere kvantifiserbare størrelser og fysiske lovmessigheter (2013:17)*».

Ingebrigtsen og Jakobsen hevdar at klassisk økonomi som vitenskap ofte vert tatt som ei sanning på linje med klassisk fysikk/ klassisk mekanikk. Dei visar mellom anna til økonomen Paul Ormerod, som hevda at det er eit vanleg problem at økonomar er utsett for ei slags metafysisk blindheit; dei tek det for gitt at økonomi er ein vitenskap med absolutte og uforanderlege sanningar (2011:253). Vidareføring av denne logikken er at ein oppfattar dagens økonomiske system er ei naturlov på linje med tyngdekrafta. Å innta ei slik haldning ovanfor det økonomiske systemet vil innebera ei mekanisk verkelegheitsforståing. Daly og Cobb peiker på at spesialisert vitenskap, og særleg økonomi har gjort seg avhengig av eit så høgt nivå av abstraksjon frå den verkelege verda, at ein begår det Whitehead refererer til som «*the fallacy of misplaced concreteness*». Dette inneber mellom anna at ein innanfor den økonomiske vitenskapen forhold seg til abstrakte matematiske modellar som om dei syner den fysiske verkelegheita. Den dominerande betydninga økonomisk vitenskap har fått for arbeid med samfunnsutvikling, har gjort det stadig meir vanskeleg å adressera spørsmål om kvalitet.

The decision to follow physics was the decision to mathematize. Mathematics can work only with what can be formalized. In economics, this has meant, in practice, what can be measured. (...) In The Economics of Education, John Vaizey recognizes this with unusual candor: "I must confess to an instinctive conviction that what cannot be measured may not exist" (1962, .14) (Daly og Cobb 1989:31)

Daly og Cobb meiner at økonomien må "ned på jorda", og koplast tilbake saman med det den har blitt abstrahert frå: nemleg samfunnet (1989:43). Dybvig mfl. peiker også på at det trengs endringar i økonomifaget:

At økonomien har behov for en dyptgripende selvransakelse, konstateres fra flere hold. Økonomene Georgescu-Roegen (1906-1994), Schumacher (1911 -1977) og Holbæk-Hanssen (1917-1991) argumenterte for flere tiår siden for at de ideene som økonomien bygger på, ikke fanger inn virkelighetens kompleksitet og dynamikk. De hevdet at problemene bunner i at økonomien henger fast i opplysningstidens mekanistiske verdensbilde, der verden fremstilles som et system av årsaks og virkningsammenhenger, som en maskin med utallige deler som griper inn i hverandre som tannhjul i et urverk. (2013:17)

Dei peiker på at innanfor dette mekaniske verdsbilete ser ein universet som bestemt etter kausale lovar. Og om vi følg den mekaniske logikken vidare, gir det lite rom for kreativitet og fri vilje og. Ingebrigtsen og Jakobsen beskriv dette mekaniske verdsbilete som ei tilnærming som gir lite handlingsrom for endring;

Since everything has a defined cause and gives rise to a defined effect, the future may – in principle – be predicted with absolute certainty. There is no capacity for creativity, spontaneity, self-movement, or novelty in the mechanical worldview. In this perspective, the market is nothing more than a mere mechanism based on the interplay between egocentric individuals seeking their own end (Jakobsen og Ingebrigtsen 2011:256).

Det er heller ikkje så mykje rom for etikk i eit slikt bilete. Som ei konsekvens av dette vert etiske spørsmål redusert til å handle om reint instrumentelle verdiar. Etikk vert slik sett som eit konkurranseverktøy som kan nyttast til å auka marknadsverdien av verksemda eller vara. (Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:256). Jakobsen og Ingebrigtsen meiner at ein må forstå marknad og menneske på eit anna vis, og ikkje redusera menneskelege aktørar til brikker i eit mekanisk system, som er styrt av vitskapleg rasjonalitet; «*Instead the market consists of interconnected partners integrated in a living natural and cultural system. A more complex and dynamic framework takes into consideration that economic behavior is both multi-faceted and context dependent*» (2011:255).

Mange har argumentert for eit slikt skifte mot ei meir organisk forståing av verkelegheita. Ingebrigtsen og Jakobsen (2011) viser til at Alfred North Whitehead utfordrar den

dominerande mekaniske forståinga av heile naturen, inkludert kulturen, som store maskinar. Dette er som nemnt ei forståing som stammar frå europeisk filosofi på byrjinga av 1700- talet (2011:255), og Whitehead argumenterer for at denne separasjonen mellom kropp og sinn framleis dominerer store delar av vitskapen i den «moderne verda» i dag. Han peiker på at i motsetnad til dette mekaniske verdsbilete, må vi forstå verda som ein organisme, prega av gjensidig samanheng og stadige endringsprosessar. Mange av problema vi står ovanfor i dag, botnar i ei svak kopling mellom økosystemet som føresetnad for all økonomisk verksemd, og økonomisk teori. Gjennom ei organisk forståing av verkelegheita søker ein å styrka desse koplingane, slik at ein kan utvikla eit økonomisk system som har rot i den fysiske verda. For å komme hit meiner Whitehead at det er behov for verdireflektert kunnskap. Dette inneber at i staden for å omsetja naturverdiar og kultur til eindimensjonale marknadsprisar, er det naudsynt å utvikla system som tek høgde for eit mangfald av verdiar. Berre på dette viset kan økonomiske avgjerder spegla den komplekse verkelegheita (Dybvig mfl. 2013:20). Men kompleksiteten er sjølv sagt utfordrande å handtera, og difor meiner Dybvig mfl. at *dialog* er eit heilt sentralt verktøy, og at økonomiske kost-nytte analysar må supplerast med dialogbaserte avgjerdsprosessar der ulike verdiar får koma til uttrykk. Dybvig mfl. skriv at; «slik overskrider en organisk økonomi den tradisjonelle fokuseringen på «det lønnsomme» og «det nyttige» (2013:20).

### **2.3. Økologisk økonomi**

Økologisk økonomi vart etablert som universitetsfag i USA I 1989, og faget hadde før det ei lang forhistorie (Dybvig mfl.2013:74). Økologisk økonomi vert av mange sett på som eit alternativ til dagens neoklassiske (mainstream) økonomi. Det er særleg teoretikarar som Herman Daly, Nicholas Georgescu–Roegen, Ernst Friedrich Schumacher og Kenneth Ewart Boulding har bidrege til å utvikla faget. Dybvig mfl. skriv at:

Økologisk økonomi er ett flerfaglig forskingsfelt som studerer den gjensidige avhengigheten mellom økonomi, naturlige økosystemer og sosiale systemer over tid. Økologisk økonomi fokuserer på løysningar på overforbruk av naturressurser og skjev fordeling av ressurser i globalt perspektiv (2013:74)

Økologisk økonomi er eit fag som har etablert seg fordi det har oppstått spørsmål som ikkje lar seg løysa innanfor konvensjonell økonomi, sokalla anomaliar, mellom anna knytt til overforbruk av naturressursar og rettferdig fordeling av gode. Til grunn for den økologiske økonomien ligg termodynamikken fundamentale betyding for økonomisk teori (Ingebrigtsen og Jakobsen 2004; Daly 2011). Termodynamikken sett rammer for økonomien, og krev at ein må ta utgangspunkt i dei avgrensa ressursane jorda har, og ikkje bruke meir enn jorda si

tåleevne. Ingebrigtsen og Jakobsen viser til det dei kallar for eit slåande paradoks; “... *while the planets resources are finite and absolute, our current economic system is based on everlasting growth*” (2011:269). I boka «Økonomi, natur og kultur» (2004), presenterer dei sin versjon av den økologiske økonomien; kretsløpsøkonomi. Dei peiker på at det trengst ei “kopernikanske vending” i korleis vi forstår økonomifaget. Dei argumenterer for at:

(...) refleksiv distansering gjør det mulig å oppdage fenomener og sammenhenger som tidligere ikke har vært synlige. Ved å endre fokus fra å sette den enkelte bedrift i sentrum til å studere bedriften som en integrert del i en større sammenheng mener vi det er mulig å oppnå ny innsikt på flere områder (2004:40).

### **2.3.1. Aktørbilete i økologisk økonomi**

Ingebrigtsen og Jakobsen peiker altså på at vi treng endringar på eit ontologisk nivå.

Instead of discussing how to reduce CO2 emissions, or how large amounts of money the government should spend to handle financial crises, we will pay attention to the worldview and image of man characterizing mainstream economics. In our opinion both the climate change and the financial crises are symptoms of a deeper level of conflict between economy, nature and society. (2011:254)

Dei etterlyser eit skift i korleis ein forstår menneske; frå økonomisk aktør til økologisk aktør (2009, 2011). Dei ser nærare på utviklinga av moralsk forståing i ulike økonomiske teoriar, og korleis dette har påverka forståinga av menneske som aktør i dei siste 2-300 åra. Her viser dei til Kohlberg sin teori der det finst tre nivå for moralsk utvikling (2009). Dei meiner at ein kan sjå denne teorien i samanheng med grad av moralsk utvikling innanfor ulike økonomiske teoriar. Innanfor klassisk økonomi har ein sett på menneske som ein rasjonell nyttemaksimerar som berre har mål om å auka eigen lykke. Denne forståinga av menneske vert ofte omtala som «economic man», og tilsvarar innanfor Kohlberg sin teori det pre-konvensjonelle stadiet av moralsk utvikling. I teoriar rundt ny- klassiske økonomi finn ein derimot eit menneskebilete som betre kan klassifiserast som «social man». «Social man» tek i større grad omsyn til samfunnet rundt seg, og ein ser at dette menneskebilete på mange vis samsvarar med utilitarismen, der målet er mest mogleg lykke for flest mogleg. På det neste stadiet plasserer dei «ecological man». «Ecological man» er ein aktør som er bevisst på den gjensidige avhengigheita mellom økonomi og natur, og som i større grad lev i samsvar med Aristoteles sin dygdsetikk. På det høgste nivået i Kohlberg sin teori, det post-konvensjonelle, plasserer dei «cosmic man». Dette er eit bilete på moglegheitene som opnar seg når menneske ser universet rundt seg som ein del av seg sjølv, og skiljet mellom ein sjølv og andre vert viska ut. Dei skriv at; “*In our opinion the economic agent as interpreted through the*

*metaphor “cosmic man” is more able to define, understand and solve the most urgent ecological and societal challenges of today (Ingebrigtsen og Jakobsen 2009:2783)*

### **2.3.2. Samarbeid viktigare enn konkurranse**

Innanfor økologisk økonomi er samarbeid og nettverk sentrale omgrep. På mange områder vert samarbeid sett som viktigare drivkraft for utvikling enn konkurranse:

It has for a long time been common to use the concept “competition” to characterize the principles of interaction between various life forms co-existing within the same niche of an eco-system. It is, however, interesting to notice that it was the analysis of Adam Smith regarding the competitive market economy that inspired Darwin, not the other way around. Darwin thought that nature was organized in such a way that only the most adaptable organisms survived and continued the species, while the weakest would disappear. Kropotkin, prior to the turn of the 19<sup>th</sup> century, retaliated verbally to Darwin`s one-dimensional stress of competition and argued that “cooperation was as important for evolution as cooperation” (Hessen 2001, p, 323, ref i Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:264)

Ingebrigtsen og Jakobsen (2011) peiker på at samarbeid og gjensidig avhengigheit heilt sentralt i naturen, og at vi må overføre denne kunnskapen til måten vi forstår marknader:

An important consequence of the transition from mechanism to organism is that economic operations can no longer be reduced to a competition-based game between autonomous actors in a market. As in nature, where the individual parts influence one another mutually, it is particularly relevant to describe the interaction between the actors in the market through mutual dependence and cooperation (2011:258)

Dybvig mfl. (2013:11) skriv at nettverksteori kjem frå ein ide om at alt heng saman og påverkar kvarandre i gjensidige relasjonar. Desse koplingane mellom ulike element betyr at nettverket vil ha eigenskapar som er meir eller annleis enn summen av delane (2013:12). Den gjensidige avhengigheita står sentralt i nettverksteori;

Ved å betrakte markedet ut fra et nettverksperspektiv er det også lettere å skjønne hvor viktig det er at relasjonene mellom aktørene er basert på tillit og medansvar. Med utgangspunkt i nettverksteori følger det også at konkurranse i mange tilfeller bør suppleres og i noen tilfeller erstattes med samarbeid. Begrunnelsen er at det er lettere å nå felles mål dersom aktørene går sammen om å finne fornuftige løsninger på de mest alvorlige utfordringene. Da gjelder det å finne frem til en balanse mellom konkurranse og samarbeid som åpner for løsninger som både tjener økonomiske, miljømessige og samfunnsmessige interesser (2013:13)

Samstundes peiker Dybvig mfl. (2013) på at det ikkje er eit mål at samarbeid og dialog skal erstatta strategiske handlingar innanfor alle felt. Det er ei viktig utfordring å tydeleggjera på kva område ulike aktørar skal samarbeida og koordinera aktivitetar, og innanfor kva område


dei bør konkurrera; når målet er å skapa best mogleg sosiale, økonomiske og miljømessige resultat.

Nobelprisvinnar i økonomi (2009), Elinor Ostrom, forska store delar av livet sitt på korleis menneske organiserer seg for å ta vare på felles gode. I artikkelen «Governing the commons», (2003) utfordrar Ostrom, Dietz og Stern teorien rundt «*tragedy of the commons*». Dei peiker på at det er naturleg for menneske å samarbeide i nettverk, for å finne løysingar på lokale problem. I ein artikkel i samband med tildeling av nobelprisen peiker ho på styresmaktene si rolle i å fremje samarbeid og tillit, for å skapa berekraftig forvaltning av ressursar lokalt og globalt.

The most important lesson for public policy analysis derived from the intellectual journey I have outlined here is that humans have a more complex motivational structure and more capability to solve social dilemmas than posited in earlier rational-choice theory. Designing institutions to force (or nudge) entirely self-interested individuals to achieve better outcomes has been the major goal posited by policy analysts for governments to accomplish for much of the past half century. **Extensive empirical research leads me to argue that instead, a core goal of public policy should be to facilitate the development of institutions that bring out the best in humans.** We need to ask how diverse polycentric institutions help or hinder the innovativeness, learning, adapting, trustworthiness, levels of cooperation of participants, and the achievement of more effective, equitable, and sustainable outcomes at multiple scales (Toonen 2010). (Ostrom, 2009:435 -436, mi utheving)

### 2.3.3. Frå lineære verdikjeder til kretsløp


Ingebrigtsen og Jakobsen viser ei tradisjonell lineær verdikjede der ressursane flyt gjennom ein «open-ended input/output»-økonomi (2004:41). Verdikjeda startar ved produksjon og ender ved forbruk.



Figur 3. Eksempel på lineær verdikjede

Dei meiner at ei slik forståing av verdikjeder i økonomien i liten grad syner at økonomien er del av eit organisk kretsløp. I eit slikt lineær verdikjede er det lite sannsynleg at materie og energi vert utnytta optimalt, og det som kjem ut av økonomien som output vert oftast betrakta som «avfall» (2004:42). Dei meiner at økonomien må sjåast i eit kretsløpsperspektiv, der ein sørger for å ha gode system for redistribusjon, slik at avfall vert minimert. Dei meiner også at

det er naudsynt med eit skilje mellom sektorane natur, kultur og økonomi. Dei illustrerer ein kretsløpsøkonomi ved hjelp av «den integrerte kretsløpsmodellen» (2004 og forelesing 2017).




Figur 4. Den integrerte kretsløpsmodellen

Kretsløpsmodellen viser mellom anna at naturen og kulturen er uavhengige system som må ligge utanfor økonomien, men som bidreg med input til det økonomiske systemet. Ingebrigtsen og Jakobsen peiker på at det økonomiske systemet til gjengjeld bidreg med input til dei andre systema. Når ein syner at natur og kultur er eigne sfærar som ligg utanfor den økonomiske, vert det naturleg å tenke seg at det også er mogleg med ei form for verdiskaping i den kulturelle og den miljømessige sfæren, noko vi kjem tilbake til i delkapitel 2.4.2.

## 2.4. Verdiskaping

Som vi har sett av definisjonen av berekraftig utvikling, handlar det om ei utvikling som skal dekkje menneskelege behov no, og i framtida. Store Norske Leksikon definerer verdiskaping som; «(...) omforming av ressursar til produkter som direkte eller indirekte kan dekke behov. Begrepet kan brukes på alle nivå, som for eksempel bedriftsnivå eller på sektornivå og på nasjonalt nivå.» På nasjonalt nivå vert den totale verdiskapinga mål gjennom nasjonalproduktet (Store Norske Leksikon). Ringstad (2011:19) viser også til verdiskapinga si rolle i kopling mellom ressursar og behov. Han peiker på at ressursar, som mellom anna naturressursar, arbeidskraft og realkapital, inngår i ulike typar av omformingsprosessar. Desse omformingsprosessane kan ein omtala som verdiskaping eller produksjon, og ut av desse prosessane kjem; «produkter som direkte eller på ulike indirekte måter kan dekke menneskelige behov» (2011:19). Verdiskaping vert altså koplinga mellom ressursar og behov, noko som vert illustrert på følgjande vis i figur 5. (2011:19):



Figur 5. Koblingsskjema mellom ressurs og behov

I læreboka om samfunnsøkonomi definerer Ringstad (2011) samfunnsøkonomi som; «*læren om bruk av knappe ressurser for å dekke menneskenes ulike behov*». Behov er altså eit sentralt omgrep i forståinga av både berekraftig utvikling, samfunnsøkonomi og verdiskaping. Ringstad peiker på at det er vanskeleg å definer behov, men prøver seg med følgjande definisjon; «*behov er egenskaper ved mennesker som gjør at de trenger, eller i beste fall ønsker seg, varer og tjenester som legger beslag på ressurser.*» (Ringstad, 2011:13). Han viser til at samfunnsøkonomien legg til grunn eit prinsipp om konsumentsoverenitet, noko som inneber at ein ikkje utfordrar idear om kva menneske sjølv meiner at dei har behov for. Han er kort innom berekraft, og skriv i innleiinga av læreboka at:

Enkelte tar avstand fra det som kan betraktes som selve hovedproblemstillingen i samfunnsøkonomien, slik den følger av definisjonen av faget gitt innledningsvis: Det hevdes at menneskenes velferd og tilfredshet *ikke* er avhengig av om en får best mulig dekning av behov ut fra gitte ressurser. Menneskene bør i stedet redusere sine behov mest mulig. Slike oppfatninger har lange røtter i filosofi og religion. De har imidlertid ingen sentral posisjon i dagens samfunn. Denne måten å betrakte behov og ressursbruk vil derfor ikke bli omtalt nærmere i det følgende. (2011:15)

I denne samanheng er det interessant å stilla spørsmål ved om vi kan forstå verdiskaping som noko meir. Om ein ser tilbake til den integrerte kretsløpsmodellen, figur 4., kan ein sjå føre seg at verdiar vert skapt i alle ledd i modellen, ikkje berre i prosessen med å omforma ressursar til produkt. Lønning (2010) peiker på at verdiskaping handlar om ein prosess, og dersom ein er for opphengt i produktet, så kan ein miste syne for den verdiskapinga som skjer i prosessen. Han peika vidare på at menneske er ulike og vert motivert av ulike ting. For




nokon er det sjølve prosessen med å skapa som gir glede og meining, og dei er kanskje mindre opptekne av produktet (2010:266).

#### 2.4.1. Verdisystem – «svak» og «sterk» berekraft

The economy is merely one aspect of (...) a living system composed of human beings in continual interaction with one another and with their natural resources, most of which are, in turn, living organisms (Capra 1982, p.195, ref. i Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:258)

Skal her sjå på ei alternativ tilnærming til verdiskaping. For å nærme oss denne, tek vi eit steg tilbake til figur 4. «den integrerte kretsløpsmodellen». I kretsløpsmodellen viste Ingebrigtsen og Jakobsen at det finst ulike verdisystem, som må eksistera uavhengig av kvarandre, og gi input på tvers av kvarandre. For å illustrere desse ulike verdisystema, nyttar dei figuren «Verditriangelet» (Ingebrigtsen og Jakobsen 2006:13; Dybvig mfl.2013:82)



Figur 6. Verditriangelet

Her syner dei at naturen er livsgrunnlaget til menneske, kulturen legg grunnlaget for livskvaliteten, og det økonomiske systemet bidreg til å oppretthalda velferd.

For å kasta lys over forskjellen mellom forståinga av verdiar innanfor konvensjonell økonomi og økologisk økonomi, er det nyttig å skilje mellom “svak” og “sterk” berekraft (Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:267). Gjennom omgrepa sterk og svak berekraft diskuterer Simen Zadek i kva grad tap av ei form for kapital kan bli erstatta av auka tilgang til andre former for kapital (Dybvig mfl. 2013:98).

Svak bærekraft innebærer at ressursene er substituerbare. Det vil si at uttømming av en ikke- fornybar ressurs som olje er akseptabelt hvis pengene brukes til å investere i økonomisk og human kapital som også kommer senere generasjoner til gode. Sterk bærekraft betyr at ressursene må bevares hver for seg. Økosystemer i ubalanse kan med andre ord ikke kompenseres gjennom utbygging av jernbane og flere barnehageplasser. (2013:98)

Svak bærekraft krev at den totale mengda med kapital skal halda seg konstant over tid. Dette betyr i prinsippet at så lenge ein form for ressurs aukar så kan det verta mindre av andre ressursar, utan at dette kjem i konflikt med målet om bærekraft. Om ein legg denne forståinga av bærekraft til grunn er det mogleg å gjera bytehandlar på tvers og mellom ulike ressursformar (Zadek 2001, p.119, referert i Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:267). Det vil for eksempel innebera at det er greitt å forureina ein stad, så lenge ein kompenserer dette økonomisk eller restituerer natur ein anna stad.

Strong sustainability entails that it is insufficient to protect the overall stock of capital because some sorts of environmental and social capital are non-substitutable. It is the integrated combination of factors, the irreversibility and uncertainty that counts in the definition of strong sustainability. Strong sustainability requires that manmade and natural capital each be maintained separately, since they are considered complementary. Weak sustainability requires that only the sum be maintained intact, since they are presumed to be substitute (Daly 1999, p.56, ref. i Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:267)

Ei sterk forståing av bærekraft inneber at det vert sentralt at verksemdar spelar saman med dei som vert påverka av verksemda sin aktivitet, mellom anna i lokalsamfunnet – og at ein i fellesskap søker å bidra til å styrka økologisk, sosial og miljømessig bærekraft (Dyvig mfl. 2013:98). Ein kan ikkje drive byttehandel på tvers av dei ulike verdssystema, for då fell den totale verdien. Med bakgrunn i dette vert det innanfor økologisk økonomi argumentert for behovet for ein økonomi basert på verdipluralisme framfor verdimonisme, altså at ein tek omsyn til eit mangfald av verdiar (Ingebrigtsen og Jakobsen 2011), noko som føresett andre system for verdiskaping. Dette kan verka kompleks og vanskeleg å forholde seg til. Samstundes peiker økonomar som Ostrom på at dersom vi skal skapa gode modellar og verktøy for å jobbe med samfunnsutvikling, er det viktig at styresmaktene er villige til å forholde seg til kompleksitet:

To explain the world of interactions and outcomes occurring at multiple levels, we also have to be willing to deal with complexity instead of rejecting it. Some mathematical models are very useful for explaining outcomes in particular settings. We should continue to use simple models where they capture enough of the core underlying structure and incentives that they usefully predict outcomes. When the world we are trying to explain and improve, however, is not well described by a simple model, we must

continue to improve our frameworks and theories so as to be able to understand complexity and not simply reject it. (Ostrom, 2009:435-436)

### 2.4.2. Brei verdiskaping

*Brei verdiskaping* er eit omgrep som har blitt nytta i fleire interdepartementale programmet, mellom anna i «Naturarven som verdiskapar» (2009-2013). Brei verdiskaping som omgrep har vekse fram uavhengig av økologisk økonomi. Samstundes er dette eit eksempel på omgrep som kan bidra til å synleggjera og kategorisera kompleksitet på ein betre måte. Den breie verdiskapinga handlar om samspelet mellom økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping, og vi kan forstå brei verdiskaping som eit verdupluralistisk omgrep. Haukeland og Brandtzæg definerer dei ulike formene for verdiskaping slik:

- **Miljømessig verdiskaping** inneber å styrka kvalitetane og verdiane knytt til kulturminner, kulturlandskap og natur. Miljømessig verdiskaping oppstår ved at desse verdiane skjøttast, vert haldne i hevd og teke vare på slik at kulturarven og naturmangfaldet sikrast. Dette vert oppnådd mellom anna gjennom god heilskapleg planlegging og forvaltning av det fysiske miljø, istandsetting, tilrettelegging, skjøtsel, gjenbruk og god ressursforvaltning.
- **Kulturell verdiskaping** inneber auka kunnskap og bevisstheit om lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjonar, historiefortelling og symbol som gir grunnlag for formidling og utvikling av identiteten på staden og stoltheit.
- **Sosial verdiskaping** inneber utvikling av felles forståing, engasjement, tillit og tilhøyrse som oppstår gjennom samarbeid, samhandling, dugnad, frivillig arbeid, fellesskap og nettverk.
- **Økonomisk verdiskaping** inneber auka lønsemd gjennom produksjon og sal av varer og tenester og auka sysselsetting for lokalsamfunnet, for eksempel som følge av innovasjon, merkevare- og omdømmebygging. (definisjon henta frå sluttrapporten, 2014:41-42, mi omsetjing)

Indikatorar ein kan nytta for å identifisera dei ulike formene for verdiskaping (Haukeland og Brandtzæg 2014:47)

| Miljømessig verdiskaping  | Kulturell verdiskaping | Sosial verdiskaping                    | Økonomisk verdiskaping                  |
|---------------------------|------------------------|--|---|
| Natur/ biologisk mangfold | Symboler               | Nettverk/<br>møteplasser/<br>samarbeid | Nyetablering/<br>utvidelse              |
| Kulturminner/ -miljøer    | Identitet              | Tillit                                 | Inntekter/ omsetning                    |
| Landskap                  | Kunnskap               | Tilhøyrighet                           | Sysselsetting                           |
| Klima                     | Tradisjonar/ historier | Engasjement                            | Attraktivitet<br>(tilflytting og besøk) |

Tabell 1. eksempel på overordna indikatorar knytt til ulike former for verdiskaping

I ulike teoriar nyttar ein ofte sosial og kulturell faktorar og verdiar om kvarandre i forståinga av berekraftig utvikling. Gjennom omgrepet brei verdiskaping introduserer Haukeland og Brandtzæg (2009, 2014) eit interessant skilje mellom sosial og kulturelle verdiskaping.

I rapporten om verdiskaping basert på natur- og kulturressursar (Distriktssenteret 2017) peika vi på at i arbeid med lokal samfunnsutvikling kan den breie verdiskapinga sjåast som ei operasjonalisering av berekraftig utvikling, på lokalt nivå. Haukeland og Brandtzæg skriv at:

Om berekraftig utvikling er målet, så er bred verdiskapingen en strategi for å nå det. Bred verdiskaping er per definisjon en strategi for berekraftig utvikling. Bred verdiskaping er dermed **en måte å tenke berekraftig på**. Den viser sammenhengen mellom den sosiale, kulturelle, miljømessige og økonomiske bærekraften og verdiskapingen i forholdet mellom bruk og vern. Det stiller store krav til å se og forstå hvordan et sett av aktiviteter, virkemidler og tiltak innenfor de ulike verdiskapingsformene bør spille på lag for å nå målet om berekraftig utvikling (2014:79, mi utheving)

Denne tilnærminga kan gi eit verktøy for å arbeide strategisk med å sjå dei ulike formene for verdiskaping i samanheng, og styrke berekrafta i lokalsamfunna (Distriktssenteret, rapport 2017). Brei verdiskaping som utviklingsstrategi fokuserer på heilskap og samanheng, og som også kan være nyttig med tanke på å stimulere til ei meir bevisst form for planlegging.

Det er ingen garanti for at alle verdiskapingsformene utvikler seg i positiv retning. Dersom den økonomiske verdiskapingen er positiv, mens den miljømessige verdiskapingen er negativ, f.eks. som følge av forstyrrelser, slitasje og forsøpling som følge av økt ferdsel, vil den brede verdiskapingen være negativ. For at den brede verdiskapingen skal være positiv, er man med andre ord avhengig av at en form for verdiskaping ikke går bekostning av en annen. (Sluttrapporten, 2014:46)

Slik kan vi sjå at brei verdiskaping er i retning av sterk berekraft, ettersom ein ikkje kan substituera ei av verdiskapingsformene mot dei andre.

### **3. Metode**

Denne masteroppgåva har vakse fram gjennom ein organisk utviklingsprosess, noko som kanskje er naturleg for eit masteroppgåve i økologisk økonomi. Tankeprosessen min med oppgåva starta som ein del av arbeidet vi gjorde med rapporten; «*Verdiskaping basert på natur- og kulturressursar. Kva kan vi læra av Lom, Røros, Vega og Lysefjordområdet?*» (Distriktssenteret 2017). Eg har kombinerte erfaringar frå arbeidet med rapporten med kunnskap frå MBA i Økologisk Økonomi i val av forskingsdesign, case og problemstilling. Eg hadde i utgangspunktet eit anna tema for masteroppgåva mi, som eg hadde levert metodeskisse på. Då eg såg at arbeidet med rapporten avdekka spanande kunnskapsbehov, valte eg å bytte tema for oppgåva. Vi måtte ferdigstille rapporten før eg kunne komme skikkeleg i gang med masteroppgåva, noko som gjorde at eg ikkje fekk starta skikkeleg opp med oppgåva før i slutten av januar 2017. Dette kapitlet gir eit overblikk over forskingsdesign, metode, utval og refleksjon rundt val i arbeidet med masteroppgåva.

#### **3.1. Vitskapsteori**

I val av forskingsstrategi må ein ta stilling til vitskapsfilosofi og forståinga om verkelegheita som ligg til grunn for den forskinga ein skal gjennomføra. Innanfor vitskapsfilosofi finn ein ulike oppfatningar om korleis kunnskap dannast. Johannessen mfl. (2011) viser til at epistemologi handlar om kunnskapen sin natur; kva vi kan veta om verkelegheita, og korleis vi kan gå fram for å auka vår kunnskap om samfunn og menneske (2011:55). Bakgrunnen og erfaringane til forskaren vil prega kva ein vel å fokusera på, men det er vanskeleg å sei at eit perspektiv er meir «rett» enn andre. Samstundes stiller denne erkjenninga større krav til openheit rundt forskingsprosessen, og at forskaren klarar å ha eit kritisk blick på sine eigne føresetnadar og overtydingar (Johannessen 2011:55). Mi erfaring og mine interesser har spela inn på val av tema, vinkling av problemstilling og analyse av datamateriale, noko eg går nærare inn på i kapittel 3.7.1. Samstundes har eg søkt å tilnærma meg datainnsamling og analyse med eit mest mogleg ope sinn, og å ha eit så objektivt blick som mogleg.

#### **3.2. Strategi og forskingsdesign**

I arbeidet med oppgåva har eg søkt å utvikla ein forskingsstrategi, med metode for datainnsamling og analyse av data, som var hensiktsmessig for å gje svar på problemstillinga i oppgåva. Det er vanskeleg å finna ein metode som passar perfekt, og ein vil alltid måtta gjera avvegingar rundt kva som er mest hensiktsmessig for å finne innsikt og svar knytt til problemstillinga. Sørnes viste i førelesing (2016) til at ein kan sjå dei ulike designa og

metodane som ei verktøykasse. Eg har henta inspirasjon frå dette, og har nytta litt ulike element frå ulike metodar. Eg har også teke omsyn til at det er eit svært tidsavgrensa prosjekt med lite økonomiske midlar. Med bakgrunn i problemstillinga for oppgåva, tidsavgrensing og økonomiske faktorar har eg valt å nytta *kvalitativ metode*.

Med utgangspunkt i problemstillinga har eg valt eit empiridrevet design, der målet er å utvikle ny kunnskap og der teorien kjem inn meir etter kvart. I val av metode for oppgåva har eg henta inspirasjon frå Grounded Theory og eksempelstudie (casestudie). Grounded Theory er ein metode som søker utvikling av ny teori og kunnskap. I utgangspunktet er dette ein empiridrevet metode, som har tydelege metodereglar: innsamling, analyse, tolking, dokumentasjon. Johannessen mfl. viser til at Grounded Theory eignar seg for problemstillingar som er opne og undersøkjande (2011:179). Eg kjende godt til delar av feltet eg har valt å undersøkja, men mykje var likevel ukjent for meg. Eg hadde ikkje noko konkret hypotese eller teori som utgangspunkt for arbeidet med oppgåva. Problemstillinga er utreia med inspirasjon i økologisk økonomi og brei verdiskaping som teoretisk rammeverk, men dette er ikkje nødvendigvis i konflikt med bruk av Grounded Theory som metode; «*Grounded Theory avviser ikke bruk av teori, men betraktar teori på lik linje med andre typer data*» (Johannessen mfl. 2011:179) Samstundes er det vanskeleg å følgja Grounded Theory til punkt og prikke, ettersom forskaren som nyttar denne tilnærminga ideelt sett skal ha ei heilt open tilnærming til feltet ein skal studera. Eg koplpar min prosess med å arbeide fram case og problemstilling, til arbeidet med rapporten i haust. Slik sett var eg i haust i ein meir open og undersøkjande fase, som eg gradvis spissa inn. Med bakgrunn i arbeidet med rapporten valte eg Fjellregionen som eksempelområde for masteroppgåva. Eisenhardt (1989) peiker på at det finst mange ulike tilnærmingar til eksempelstudiar, og at mange har opplevd ein del forvirring knytt til korleis ein skal gå fram når ein bygg teoriar basert på eksempelstudiar. Ho foreslår ein prosess som kan delast opp i følgjande fasar; oppstart, val av eksempelområde, utvikle verktøy for datainnhenting, gå inn i eksempelområde, analysera data, forme hypotesar, utforske litteratur og lukke forkinga (1989:533). Ho viser til at det er vanleg å ha fleire ulike eksempel som ein kan samanlikna, og at det då kan vera lurt å velja ut områder som peiker seg ut på noko vis, og områder der; «*the process of interest is «transparently observable»*» (1989:537.). Eg hadde svært begrensa med tid og ressursar, så for meg var det berre aktuelt å gå inn i eit eksempelområde. Då var eg oppteken av å velja eit område som har utmerka seg, der eg forventa å finna interessante resultat knytt til problemstilling og forskings spørsmål. Gjennom arbeidet med rapporten (2017) fekk eg inntrykk av at aktørane i lokalmatnettverka

hadde mange refleksjonar rundt berekraftig samfunnsutvikling, og at bevisstheita var høg rundt dette temaet.

### **3.3. Utval**

Når ein nyttar kvalitative intervju får ein mykje informasjon om eit avgrensa tal informantar. Johannessen mfl. (2011) peiker på at det difor er viktig å tenke gjennom kor mange informantar som vil vera tilstrekkeleg for å få svar på dei spørsmåla ein stiller. I arbeidet med rapporten (Distriktssenteret 2017) gjennomførte vi mellom anna eit fokusgruppeintervju på Røros, der ordførar, rådmann, kultursjef i kommunen, leiar for Rørosmat, direktør på Rørosmuseet og leiar for «byregionprogrammet» i Fjellregionen var samla. Eg tok utgangspunkt i at eg trengte mellom 6 – 10 nye informantar til masteroppgåva, for å få eit tilstrekkeleg empirisk datagrunnlag for å gje gode svar på mi problemstilling. Samstundes var eg open for at det kunne bli naudsynt å supplera med fleire informantar, dersom eg ikkje fekk tilstrekkeleg med data, eller dersom oppgåva endra retning som følgje av analysearbeidet undervegs i datainnsamlinga. Dette var noko eg vurderte fortløpande under datainnsamlinga.

Når det gjeld val av informantar byrja eg med å ta utgangspunkt i nokre nøkkelinformantar innanfor lokalmatsatsinga i Fjellregionen. Gjennom arbeid med rapporten opplevde vi mellom anna at prosjektleiar i Byregionprogrammet hadde brei oversikt over lokalmatnettverk i regionen. Han hjalp meg med tips til kven som var sentrale aktørar, og kven eg kunne kontakta i først omgang, for å eventuelt få tips til andre informantar. Slik sett kan ein sei at eg brukte «snøballmetoden» (Johannssen mfl. 2011:109) ved å ta utgangspunkt i informantar som visste mykje om feltet, og bygge vidare på dette i val av andre informantar. Eg nytta også nettsidene til Rørosmat for å få oversikt over kven som var medlem i det formelle Rørosmat-nettverket. Samstundes tok eg kontakt med nokre av kommunane i regionen.

### **3.4. Intervjuguiden**

Johannessen mfl. (2011) skriv at det kvalitative intervjuet kan vera meir eller mindre strukturert; altså tilrettelagt på førehand. Eit ustrukturert intervju er uformelt og med opne spørsmål rundt eit gitt tema. I eit strukturert intervju har forskaren på førehand fastlagd både tema og spørsmål (2011:137). I arbeidet med å utarbeide intervjuguiden henta eg inspirasjon frå prosessen vi hadde med å laga rapporten som ligg til grunn for problemstillinga i masteroppgåva. Her hadde vi gjennomført fokusgruppeintervju, og fått peikepinn i retning av kva tema det kunne vera spennande å undersøkje nærare i masteroppgåva. Med rapporten som utgangspunkt var det difor mogeleg for meg å starta arbeidet med å operasjonalisera og

kategorisera allereie i intervjuguiden. Eg har difor utført djupneintervju ein relativt strukturert intervjuguide (Johannessen 2011). Når eg skulle utforme spørsmåla i intervjuguiden, kombinerte eg erfaringar frå arbeidet med rapporten, med den problemstillinga, og forskingsspørsmåla som låg til grunn for masteroppgåva. Kategoriane i intervjuguiden vart då mellom anna «nettverk», «brei verdiskaping», «berekraftig samfunnsutvikling» og «nyskaping og endring». Samstundes var spørsmåla utforma som opne spørsmål. I intervjuguiden forsøkte eg å operasjonalisere omgrepet brei verdiskaping, mellom anna gjennom spørsmåla «*korleis synst du nettverket skapar verdiar for ... (miljøet) ... (lokalsamfunnet) ... eller (øvrig næringsliv)?*».

Eg laga ei oppbygging av intervjuguiden med tanke på at spørsmåla skulle passa inn i ein naturleg samtale med ei logisk oppbygging. Spørsmåla starta med å kartleggje rammene gjennom bakgrunn, historie og motivasjon. Vidare hadde eg i intervjuguiden fokus på samarbeidspartar, nettverk, kommunen og dei ytre rammene, før vi gjekk inn på informanten si forståing av ulike omgrep. Eg prøvde å tilpasse intervjuguiden til ca. ein time intervju. I ein intervjusamanheng vil ofte informantane sitte på kunnskap som er relevant, og som ein ikkje kjem på å spør om, difor la eg til eit spørsmål i intervjuguiden som gjekk på om det er noko dei ynskde å tilføra.

### **3.5. Førebuing og gjennomføring av intervju**

Eg bur i Sogndal, over 500 km frå Fjellregionen, så eg måtte ha ein plan for gjennomføring av intervju. Eg ynskja å gjera personlege intervju med informantane. Difor bestemte eg meg for å prøve å samla fleire intervju i løp av ei veke, og reise til Fjellregionen for å gjennomføre intervju. Eg gjennomførte personleg rekruttering av informantar, gjennom å ta kontakt direkte med aktuelle informantar på telefon og/ eller e-post. Eg laga eit informasjonsskriv som eg sendte ut til alle informantane i forkant av intervjuet. I dette skrivet forsøkte eg å omtala prosjektet på ein heilskapleg måte i informasjonsskrivet, slik at informantane var førebudd på kva eg ynskja å undersøkje i masteroppgåva mi. Ettersom eg skulle samle inn data gjennom lydopptak, meldte eg inn arbeidet til Personvernombudet for forskning (NSD) i forkant av intervju.

Når eg tok kontakt var dei fleste positive til å stille til intervju. Eg fekk eit par avslag som gjekk på at det ikkje passa dei datoane eg var i Fjellregionen. Ein av desse informantane følgde eg opp med eit telefonintervju seinare. Dei fleste informantane eg kontakta på e-post



svarte meg med nokre korte setningar, i retninga av; «*Dette må vi få til. Ta kontakt når du kjem hit*». For meg, som student, og som ein person som liker å ha detaljerte planar, var dette ei litt uventa utfordring. Eg gjorde nokre konkrete avtalar på førehand, men nokre intervju fekk eg først bekrefte når eg faktisk var i Røros. Denne positive, men samstundes litt uforpliktande tilnærminga er kanskje uttrykk for at informantane eg valde er menneske som er vant til å ha mykje på agendaen. Gjennom fleire av intervju fekk eg også bekrefte at dei får mykje besøk frå folk som vil læra frå dei i løpet av eit år.

Eg vurderte det slik at eg ikkje ville sende ut intervjuguiden i forkant av intervjuet, ettersom nokre av spørsmåla var av ein slik karakter at eg ynskja spontane svar og refleksjonar. For eksempel gjaldt dette spørsmålet om «berekraftig samfunnsutvikling», der eg ikkje var ute etter eit ferdig «bearbeida» svar, men informantane sine egne tankar og tolkingar av dette omgrepet. Ein av informantane bad om å få kikke på intervjuguiden i forkant, og då sendte eg den på e-post (utan kategorisering). Eg merka at det kan ha påverka intervjuet noko, men ser ikkje på det som noko problem for den totale empirien.

Informantane mine trengte ikkje å gjera særskilde førebuingar, og dagen før intervjuet tok eg kontakt for å minne om avtalen neste dag. For å skape ei god ramme for dialog tenkte eg gjennom nokre ulike aspekt rundt sjølve intervjusituasjonen. Eit slikt aspekt var for eksempel kor eg skulle gjennomføra intervjuet; heime hjå informanten, på ein kafé, på arbeidsplassen eller liknande. Eg ynskja i størst mogleg grad oppsøkje informantane der dei følte at det var mest naturleg å møtast, og gjennom dette søkje å skapa ein open og avslappa atmosfære. Difor ba eg informantane mine å foreslå kvar dei ville møtast, slik at eg kunne reise dit. Eg hadde med meg bil, slik at eg kunne reise rundt til dei informantane ynskja å møte meg. Det viste seg at dei informantane som dreiv gard og hadde matproduksjon, ynskte at eg skulle komme til garden for å gjennomføra intervjuet. Informantane frå Rørosmat og Rørosmeieriet ynskte at eg møtte dei ved deira kontorlokale. To av intervju vart gjennomført heime i gardshuset, tre intervju i driftslokale på garden og to intervju i kontorlokale. Etter besøket i Røros såg eg også behov for to supplerande intervju, som vart gjennomførte telefon og skype. Eg gjorde også eit gardsbesøk med intervju, der hovudformålet var å læra meir om den gamle kurasen Røroskyr. Eg hadde ikkje med meg intervjuguiden til dette besøket, men eg spurde likevel ein del spørsmåla eg huska frå intervjuguiden. Eg gjorde også lydopptak og transkripsjon av dette intervjuet, og har inkludert det i det totale datamaterialet.

Eg søkte å ha ei tilnærming til intervjuet som skapte tillit hos informantane, mellom anna gjennom å vera nysgjerrig, open og høfleg. Basert i problemstillinga for oppgåva var det naturleg å ha ei positiv og «lett» tilnærming til informantane i intervjusituasjonen. Det låg ikkje ei tydeleg hypotese til grunn for oppgåva, og eg hadde ikkje ei gravande eller konfronterande tilnærming ovanfor informantane. Samstundes var eg førebudd på å tilpasse meg ulike typar intervjuscenario, og eg held fokus på at informantane skulle skal oppleve situasjonen som ryddig og givande. Eg opplevde alle intervju som gode, konstruktive og viktige for oppgåva. Informantane var opne, positive og imøtekommande. Dei virka vande med å dela og med å formidla. Nokon snakka svært lett, andre tenkte seg meir om, men alle kom med viktige perspektiv som har hadde betydning for heilskapen. Ein av informantane snakka f.eks. ein halvtime på det første spørsmålet, men i løpet av denne halvtimen hadde informanten også svart på 4 -5 av dei andre spørsmåla mine. Difor såg eg ingen grunn til å avbryte. Eg følte at intervjuguiden fungerte godt, og at den var godt tilpassa intervju på rundt ein time, slik at det ikkje vart stress for å kome seg gjennom spørsmåla. Dersom ein informant hadde svara utfyllande på nokre spørsmål, slik at det dekkja spørsmål som kom seinare, vurderte eg etter kvart om det var nokre spørsmål det passa å hoppa over. Eg følte at alle intervju gav utfyllande svar på dei spørsmåla eg hadde. Under intervju kom det sjølvstøtt opp tema som eg har kunnskap om og perspektiv på, og då prøvde eg undervegs i intervjuet å gjera om mine eigne refleksjonar til oppfølgingsspørsmål som kunne gi relevant informasjon til oppgåva.

Eg hadde i forkant reflektert rundt om omgrep som *berekraftig samfunnsutvikling* vart for stort å stille spørsmål om direkte, og om eg difor burde ha operasjonalisert dette omgrepet, på same vis som eg gjorde med brei verdiskaping. Eg vurderte det til at nettopp det å høyra deira perspektiv på dette omgrepet var intensjonen med å ha med dette spørsmålet. Samstundes hadde eg mange andre spørsmål som tilnærma seg berekraft på ulikt vis, som mellom anna dei operasjonaliserte spørsmåla knytt til brei verdiskaping. *Berekraftig samfunnsutvikling* viste seg å vera omgrep som alle hadde refleksjonar og meiningar rundt – og svara kom stort sett raskt og naturleg.

Eg nytta bandopptakar i intervjusituasjonen for å sikre at eg fekk med meg all informasjon som vert gitt i intervjuet, og slik at eg kunne transkribera datamaterialet i etterkant (Johannessen 2011:146). Som nemnd hadde eg sendt ut informasjonsskriv i forkant av intervju, og eg avslutta kvart intervju med å spørja kvar enkelt av informantane om dei ynskja å vera anonyme eller om eg kunne referera til dei med tittel og namn på verksemda.

Sju av informantane svarte at det var greitt at eg refererte til verksemda og deira tittel, medan ein av informantane gjerne ville vera anonym. Det er uproblematisk for oppgåva at nokre ynskja å vera anonyme, ettersom alle informantane gav viktige bidrag til heilskapsforståinga.

I tillegg til intervjuja gjorde eg også observasjon, noko kan gje viktige bidrag til datamaterialet i eksempelstudier (Eisenhardt 1989; Johannessen 2011). For min del inneber dette mellom anna at eg møtte informantane på garden eller arbeidsstaden deira. Eg var også til stades i Fjellregionen i fem dagar, og eg fekk eit møte med naturen og kulturen i Røros og på Tolga. Eg handla i daglegvarebutikkane, og smaka på ein del av maten som vert produsert i regionen. Denne deltakande observasjonen kan bidra til å gje meg djupare innsikt rundt problemstillinga, enn dersom eg for eksempel hadde gjennomført alle intervjuja på video eller telefon.

### ***3.6. Analyse av data***

Innanfor Grounded Theory går datainnsamling og analyse parallelt, noko som har passa bra for oppgåva mi. Samstundes har eg henta inspirasjon frå Grounded Theory sine tydelege steg rundt analysearbeidet, noko som har gitt meg gode verktøy til å samle inn og analysere data. Når eg skulle starta prosessen med å analysere det transkriberte datamaterialet, var det godt å ha ein plan for korleis eg skulle arbeida med å strukturera og kategorisera data. I denne fasen var det til hjelp at intervjuguide var inndelt i ulike undertema, og at eg i forkant har tenkt litt gjennom korleis det kan vera mogleg å kategorisera ulike former for svar og informasjon. Samstundes såg eg til Grounded Theory si inndeling i ulike fasar i analyse av data, og nytta dette som ei rettesnor for den kreative fasen med å leita etter samanhengar og funn i datamaterialet. Sørnes (førelesing, 2016) viser til at ein gjennom ei forskingsoppgåve ofte er på søken etter noko nytt, men samstundes vil ein finne mykje som er kjent og likt i datamaterialet; fleire av informantane vil kanskje seia identiske ting. Samstundes som det også kan vera informantar som kanskje har ei anna tilnærming og perspektiv. Eg såg at det var mange av dei same elementa som gjentok seg i intervjuja, og stoppa etter åtte intervju fordi eg då følte at eg hadde nådd eit mettingspunkt i datamaterialet. Eg såg så at eg hadde tilstrekkeleg datamateriale til å kunne svara på problemstillinga.

#### ***3.6.1 Kategorisering av data***

Analyse og kategorisering var ein viktig og stor del av arbeidet. I denne fasen brukte eg mykje tid på å tenke og lese, og tenke og skrive. Eit viktig steg i analysen er å redusere data, ved å ta vekk det som ikkje er relevant for problemstillinga. Eit analysearbeid består mellom

anna av å kategorisera og finna samanhengar, slik at ein kan tematisera innhaldet. Johannessen mfl. skriv at; «Koding er et verktøy for å påvise og organisere meningsbærende informasjon. Dette tillater oss å finne, ta ut og så slå sammen alle tekstdeler som knytter seg til et spørsmål, en hypotese, et begrep eller et tema» (Johannessen 2011:174). Dei viser til at koding berre er eit ledd i fortolkingsprosessen, og ein føresetnad for å få tak i meiningsinnhald, samstundes som koding ikkje kan erstatta sjølve fortolkingsarbeidet. Johannessen mfl. peiker vidare på at såkalla teoretisk sensitivitet utgjør det kreative elementet i forskingsprosessen, og at ein bør søkja mot ein passende balanse mellom kreativitet og metode (2011:181). Dei seier vidare at; «*Grounded Theory*- analyse utan kreativitet blir en uinteressant mekanisk oppdeling av data, mens *Grounded Theory*- analyse utan metode ofte forlater forankringen i virkligheten for å svinge seg opp i teoretiseringens høyere luftlag (Holm og Schmidt 1996 ref, i Johannessen 2011:181). Det var viktig for meg å finna ein god balanse mellom metode og kreativitet. Med ei problemstilling som tek utgangspunkt i eit så vidt omgrep som berekraftig samfunnsutvikling, er det lett å enda opp i «høgare luftlag». Samstundes er målet med denne masteroppgåva å utleia praktisk relevant kunnskap. Ved at eg hadde ein systematisk og tydeleg plan for korleis eg ville å handsama datamaterialet, vart det også lettare å utleia ny innsikt og teoriar frå moglege funn som dukka opp undervegs i prosessen.

### **3.6.2. Steg i analysefasen**

Sørnes (2016) legg vekt på at *Grounded Theory* er ein induktiv metode, som går frå å ha ei veldig brei tilnærming, til å etter kvart spissa inn til å sei noko veldig konkret. Han viser til at det er tre tydelege fasar/ steg i prosessen med analyse i denne metoden; den opne kodinga, den aksiale fasen, og den selektive fasen. Eg brukte desse ulike fasane som inspirasjon i min analyseprosess. Johannessen peiker på at stega i *Grounded teori* i prinsippet er åtskilt, men at ein i praksis hoppar att og fram mellom dei ulike fasane (2011:190)

Gjennom intervjuja samla eg inn store mengder med data. Dette datamaterielt måtte gjerast om til tekstform, før eg kunne gå vidare med fortolkinga, så eg starta arbeidet med transkribering av intervjuja straks etter at eg var ferdig. Eg transkriberte alle intervjuja ord for ord, og eg fekk ein stad mellom 10 – 15 sider med tekst frå kvart intervju. Denne prosessen tok fleire veker, og eg brukte minst ein arbeidsdag på kvart intervju. Det var ein krevjande, men svært lærerikt prosess. Når eg høyrte gjennom intervjuja på nytt, kom eg på ting som eg hadde gløymd,

samstundes som eg fekk mange nye idear og tankar. Eg opna undervegs ulike dokument der eg kunne skrive ned refleksjonar etter kvart.

### **Den opne kodinga**

Den første delen av kodinga ser eg på som ein del av prosessen i arbeidet med rapporten om verdiskaping basert på natur- og kulturressursar (2017), slik at eg var allereie eit steg på veg i dette arbeidet då eg utforma kategoriar i intervjuguiden. Etter at eg hadde gjennomført intervju, leste eg gjennom kvart transkriberte intervju i detalj, og gjorde notat i høve til relevans for problemstillinga. Eg laga ein mal, med utgangspunkt i dei kategoriane eg hadde definert i forkant av intervju. Eg såg at fleire av desse kategoriane framleis var godt eigna, i alle fall som eit utgangspunkt for sortering av datamaterialet. Så samla eg stikkordvis informasjon under dei forskjellige overskriftene i malen, og satte av ein god del interessante sitat frå kvart intervju. Etter denne prosessen var eg nede i mellom 6 – 8 sider tekst per intervju.

### **Den aksiale fasen**

Denne fasen, som Johannessen mfl. (2011) omtalar som «koding langs handlingsaksen», tok til etter at eg har gått gjennom alle intervju og begynte å analysere funna i ein større samanheng. Sørnes (førelesing 2016) peiker på at det i denne fasen er empirien som styrer og at ein må ofte gå fram og tilbake i ein prosess der teorien gradvis vert synleg. Som ein start på denne prosessen skreiv eg ut alle dei oppsummerte intervju og la dei ut over golvet, slik at eg kunne samanlikna tekst under dei ulike kategoriane. Eg brukte fargeblyantar til å markere ulike element som var interessante, og skreiv ned notat undervegs. Eg såg etter kvart at det begynte å utkrystallisere seg nokre punkt, samstundes som det framleis var for mykje tekst til at det var mogleg å få noko god oversikt. Eg bestemte meg difor for å oppsummera og redusere datamengda enda betre.

Eg nytta notata eg hadde gjort undervegs, og laga ein mal for oppsummering av intervju. Så laga eg to nye versjonar av kvart intervju. Ein versjon der eg flytta alle sitat som var relevant for kvar kategori inn under «riktig» kategori i skjemaet, og ein versjon der eg korta ned all tekst, inkludert sitata, til nokre stikkord under kvar kategori. Eg lagra desse på ulike stadar, slik at eg kunne hente ut sitat og liknande seinare. Til slutt var eg nede i 2-4 sider med stikkordsbasert tekst for kvart intervju. I begge desse omgangane skreiv eg ut datamaterialet og la det ut over golvet, slik at eg kunne samanstill dei ulike intervju kategori for kategori,

og også på tvers av kategoriar. Her nytta eg same prosess – med fargeblyantar og notat undervegs. Gjennom dette arbeidet fekk eg mange interessante tankar og idear om samanhengar, samstundes som eg såg at det framleis var behov for å redusera datamengda ytterlegare. Eg ynskte å finna fram til eit klarar bilete av essensen i datamaterialet, og noko eg kunne knyta opp mot teori. Til slutt samla eg fleire av dei oppsummerte stikkorda frå alle intervjua i eit stort dokument, der eg satte inn stikkord under ulike kategoriar. Dette dokumentet vart på totalt 10 sider. Eg skreiv ut dette dokumentet, leste gjennom, og markerte tema og stikkord som utmerka seg, samstundes som eg skreiv notat i margin.

I løp av denne fasen undersøkte eg mellom anna om det var overlapp eller likskapar mellom kategoriane som var etablert i første fase. På den måten kunne eg avdekka om dei ulike kategoriane handla om det same, og reduserer data og kategoriar slik at eg satt att med det som var mest relevant. Eg såg då at mellom anna kategorien «fellesskap og nettverk» handla om mykje av det same som kategorien «sosial verdiskaping». Og på same vis; at kategorien «nyskaping og endring» kunne sjåast som ein kombinasjon av «sosial verdiskaping» og «økonomisk verdiskaping», i kombinasjon med ei av dei andre verdiskapingsformene.

I denne prosessen merka eg også att eg var redd for å gå glipp av viktige poeng, noko som gjorde det utfordrande å redusere datamengda. Informantane hadde sagt så mange interessante og viktige ting, og eg var redd for å miste samanhengen eller intensjonen bak det som vart sagt. Difor var det viktig at eg var godt kjent med materialet, slik at eg ikkje plasserte noko i feil kontekst. Eg tok vare på den omarbeida teksten undervegs, og lagra mange ulike dokument. Samstundes såg eg tydeleg at når eg samla alt som stikkord i felles dokument, utan at teksten var knytt til kvar einskild informant, vart det lettare å tenke på tvers, kutte ned og trekke ut essensen. Det var først når eg hadde fått alt samla i eit stort dokument, at eg kunne lese gjennom med eit meir overordna blick. Då vart eg ikkje lenger så opphengt i dei ulike historiene, men meir fokusert på; «*kva er det totale bilete eg ser ut av dette?*» På dette viset såg eg nye koplingar i teksten.

I denne prosessen vart eg svært godt kjent med intervjumaterialet. Først gjennom transkribering, og så leste eg minst fire gonger gjennom kvart intervju for å redusere teksten. Dette var ein svært kreativ fase. Eg utsette skrivning på oppgåva til eg var ferdig med denne fasen, men fekk svært mange idear og tankar undervegs. Difor hadde eg ulike notat-dokument, der eg fortløpande oppsummerte tankar, skreiv ned resonnement og noterte litteratur og kjelder som kunne vera interessante. Ettersom eg ikkje hadde eit hav av tid,

kjente eg ofte på eit slags stress om at eg burde kome i gong med å skrive. Samstundes var det viktig å bruke tid på å sette seg godt inn i datamaterialet.

### **Den selektive fasen**

I denne fasen starta eg mellom anna arbeidet med Tabell 3. «*Nokre indikatorar på brei verdiskaping i lokalmatnettverk i Fjellregionen*», samstundes som eg trakk ut hovudfunn til overskrifter i kapittel 4. «Empiri og funn». Her gjorde eg forsøk på abstrahere med utgangspunkt i datagrunnlaget, foreløpig analyse og kategoriar. Eg hadde ikkje som mål å utforme noko eigen teori, men eg ville nytta analysestega i Grounded Theory som tilnærming for å komme fram til relevant teoretisk rammeverk.

I denne fasen kom teori og litteratur inn for alvor, og eg leste mykje undervegs. Eg leste mellom anna gjennom det eg i dei tidlegare fasane hadde avdekka som relevant teori/litteratur, og undersøkte om det er openberre koplingspunkt som eg kan kopla til eigen empiri. Eg såg etter kvart at mekanisk og organisk verkelegheitsforståing og «sterk» og «svak» berekraft var interessante teoriområder som peika seg ut, og eg gjekk meir grundig inn i litteratur rundt desse temaa. Etter kvart såg eg også koplingane mellom *verditriangelet*, og *brei verdiskaping*, noko som førte til at eg kombinerte desse konseptane i figur 10. I arbeidet med oppgåva har eg generelt følgd eit prinsipp om at ingenting er ferdig før alt er ferdig, og det var ikkje før dei siste dagane at det verkeleg var mogleg for meg å nærma meg ei formulering av eit teoretisk bidrag.

### **3.7. Transparens og validitet**

Gjennom metodekapittelet har eg forsøkt å systematisk vise korleis eg har gått fram, korleis eg har analysert data, og korleis eg har kome fram til dei resultata eg har fått. Det vil seia at andre kan gå gjennom det eg har gjort, undersøkje dei data som eg har samla inn, og vurderer om dei konklusjonane eg har kome fram til er til å stola på. Det vil sjølvstundt vera rom for ulike tolkingar, ettersom ulike studentar og forskarar vil ha ulike erfaringar og perspektiv på ting. Samstundes er det viktig at arbeidet er *transparent* (Johannessen 2011:82), og at det er gjennomsiktig og synleg for dei som les rapporten å sjå kva eg har gjort og korleis eg har tenkt. Ei open og systematisk tilnærming legg også grunnlaget for *validitet* (Johannessen mfl. 2011:70) i høve oppgåva, og at dei som les kan sjå at eg har forska på dei områda eg har sagt at eg skal forske på gjennom problemstillinga. Eg gjer også ein refleksjon rundt prosessen

med masteroppgåva, 3.7.1., og inkluderer ei lita drøfting av eigen rolle og etiske moment, 3.7.2.

### **3.7.1. Refleksjon rundt prosessen**

Her gjer eg ein kort refleksjon rundt prosessen, frå utvikling av problemstilling, val av metode, design og forskingsstrategi, utval av informantar, gjennomføring av intervju, analysemetode og resultat/ funn.

#### **Burde starta tidlegare..**

Det hadde vore ein fordel om eg hadde kome i gang med arbeidet tidlegare. Samstundes var det vanskeleg ettersom masteroppgåva vaks fram som eit resultat av rapporten (Distriktssenteret 2017). Fram til midten av januar hadde eg fullt fokus på å gjera ferdig rapporten.

#### **Einsformig utval?**

I større grad enn det som er idealet for Grounded Theory hadde eg ein plan for utval av informantar i oppstarten av datainnsamlinga. Samstundes søkte eg å ha ei open tilnærming, der eg følgde interessante nye vinklingar som dukka opp undervegs i datainnsamlinga, og var open for å ta inn nye informantar, og å endre retning. Ein svakheit i utvalet kan vera at eg nesten berre har intervjuet aktørane i formelle og uformelle lokalmatnettverk. Eg kunne ha valt eit breiare utval, og f.eks. snakka meir med andre gardbrukarar, eldsjeler i lokalsamfunnet, og/ eller fleire offentlege aktørar. Ved å berre snakka med aktørane risikerer eg å få eit skeivt bilete av den verdiskapinga lokalmatnettverk bidreg til. Samstundes er ein del av effektane rundt lokalmatnettverka dokumentert, og dette var også noko som vart trekt fram i fokusgruppeintervjuet vi gjorde i arbeidet med rapporten (2017). Eit anna aspekt er at Fjellregionen består av fleire kommunar enn dei eg har besøkt, og at eg kunne valt informantar frå fleire av kommunane i regionen.

#### **Aktørane eller nettverka?**

Det var i utgangspunktet lokalmatnettverk eg retta fokus mot, men i fleire av spørsmåla var det mogleg å bytte ut ordet nettverk med lokalmatprodusentar, noko som førte til at eg i intervjusituasjonen veksla litt mellom å spørje om lokalmatnettverk og lokalmatprodusentar. Dette er kanskje ein svakheit, men eg såg at begge perspektiva var interessante for



problemstillinga, og det var nesten ingen svar som handla om lokalmatprodusentar isolert – det handla nesten alltid om produsenten i relasjon til andre og samfunnet rundt.

### **Kunne gjort ein nettverksanalyse**

Eg kunne også ha nytta social network analyse (Wikipedia, 2017). Dette er ei meir kvantitativ tilnærming, som eg vurderte til å ikkje vera så hensiktsmessig for min eksempelstudie. Eg hadde ein del kunnskap om lokalmatnettverk i regionen frå tidlegare vitskaplege studiar, og frå rapporten (Distriktssenteret 2017). Eg var meir interessert i korleis aktørane i nettverket gjorde meinig ut av ulike omgrep, enn å avdekke meir formelle nettverksstrukturar

### **Endra problemstilling undervegs**

I Grounded Theory sitt undersøkingsdesign er det viktig at problemstillinga er så fokusert at den dannar eit godt utgangspunkt for datainnsamlinga, samstundes som den gir fleksibilitet og moglegheiter for oppdagingar undervegs. Gjennom intervjuar kan ein slik konsentrera seg om ulike ting for å avgrensa og snevra inn problemstillinga (Johannessen mfl. 2011:184).

Samstundes peiker Eisenhardt på at ein i denne type eksempelstudiar må vera open for å endra problemstillinga undervegs i prosessen (1989:536). Eg har mellom anna endra på problemstillinga undervegs, og ein tideleg versjon av problemstillinga var; *Korleis ser interessentane i lokalmatnettverket i Fjellregionen eigne bidrag til lokal berekraftig utvikling og korleis oppfattar dei omgrepet brei verdiskaping?* Denne versjonen nytta eg mellom anna i informasjonsskriva eg sendte ut i forkant. Eg endra frå «interessentane» til «aktørane», ettersom alle eg intervjuar var aktørar i formelle eller uformelle nettverk. Eg har undervegs i prosessen endra omgrepet «lokalmatnettverket» til «lokalmatnettverka», ettersom informantane gjorde meg merksam på at det var både formelle og uformelle nettverk i regionen. Eg fann ut før intervjuar at omgrepet brei verdiskaping måtte operasjonaliserast. Eg var ikkje ute etter korleis aktørane forstod dette omgrepet, men kva som tyda på at dei jobba med det i praksis, og om brei verdiskapinga var eit relevant omgrep for å synleggjera den verdiskapinga som kjem frå lokalmatnettverka.

### **Vart litt for ambisiøs**

Eisenhardt skriv at « (...) a key feature of the theory – building case research is the freedom to make adjustments during the data collection process» (1989:539). Eg såg undervegs ein sånn moglegheit til å utvide og byggje på oppgåva, då eg la merke til eit interessant paradoks. Eg hadde undervegs gjennom datainnsamlinga fått tankar knytt til å utvida problemstillinga,

gå frå ei deskriptiv til ei meir normativ; altså om det her er mogleg å sei noko om retning, og kopla den kunnskapen eg hadde fått gjennom empirien opp mot regional og nasjonal forståing av samfunnsutvikling. Eg såg etter kvart kontrasten mellom informantane si tilnærming, og det som verka som ei meir mekanisk forståingsramme hjå nasjonale styresmakter. Eg brukte ein del tid på å gjennomgå litteratur rundt regional utvikling, og regionalmeldinga «*Berekraftige byar og sterke distrikt*», men måtte legge det vekk når eg såg at det ikkje ville vera tilstrekkeleg tid til å utreia på ein god måte. Dersom eg skulle forfølgt dette sporet måtte eg sannsynlegvis ha gjort nye intervju med nasjonale styresmakter og / eller hatt betre tid til litteraturstudie av stortingsmeldingar og liknande dokument.

### **Is i magen**

Den tilnærminga eg har valt, der eg ikkje hadde noko konkret hypotese eller teori eg ville teste ut på førehand, krevde at eg hadde ein del «is i magen». Eg var avhengig av at den kreative fasen var suksessfull, og at eg klarte å gjera kaoset om til noko konkret. For meg har dette vert ei intens, men samstundes god og lærerik oppleving. Det har vore meningsfylt og spanande å få arbeida så fritt med noko som engasjerer meg. Samstundes er det store spørsmål, og det vert fort mange store og svevande tankar. Informantane og datamaterialet var «gull» i så måte – kvar gang eg satte meg til å lesa gjennom intervju, fekk eg ny inspirasjon. Mange av informantane hadde ei einståande evne til å dra store omgrep som berekraftig samfunnsutvikling ned til jorda, noko som gjorde det lettare for meg å halda meg unna «høgare skylag» av abstraksjon. Samstundes har eg heile tida hatt i bakhovudet at dette skal vera forskning som det er mogleg å gjera om til anvendbar kunnskap for kommunane. Eg er glad for at eg valte eit tema for masteroppgåva som interesserer meg, og som eg kan knyta opp mot min arbeidssituasjon. Eg er også svært takksam for måten eg har blitt tatt i mot på av informantane i Fjellregionen.

### **Vel bort mykje**

Eisenhardt (1989) peiker på at det er viktig å skriva ned tankar som dukkar opp undervegs, ettersom det er vanskeleg å veta kva som kjem til å visa seg å vera viktig seinare i prosessen. Eg føler at eg har skrevet ned nok notat og stikkord til to masteroppgåver, og det er svært mykje eg har valt vekk undervegs. Her er nokre eksempel på kva eg vel vekk:

Eg fekk mykje informasjon om det formelle lokalmatnettverket gjennom Rørosmat, mellom anna knytt til organisering, strategiar, prosessar og historie. Denne masteroppgåva skal ikkje

gje innspel til forretningsmodell, og sei noko om kva som er hensiktsmessig organisering, men retter fokus mot verdiane lokalmatprodusentar bidreg med i lokalsamfunnet. Nokre andre element eg kunne sett meir på, men som eg legg til side, eller er kort innom er mellom anna; kven som er mest og minst «gjennomført» i si berekraft-tilnærming (mellom anna gjennom «sterk» og «svak» berekraft innad i nettverka); kven som blir berørt av nettverka gjennom meir detaljert interessent-analyse; kva kommunar som er mest aktive (vurdere ulike kommunar opp mot kvarandre); drøftingar rundt reiseliv og berekraft; og drøftingar rundt kva som inngår i lokalmatomgrepet.

### **3.7.2. Egen rolle og etiske moment**

Eg er sjølv svært engasjert i temaet berekraftig samfunnsutvikling, og har vore involvert i dette på mange ulike måtar; som frivillig i ungdomsorganisasjonen Spire, som student ved Senter for Utvikling og Miljø ved Universitetet i Oslo, gjennom arbeid som klimarådgjevar i ein fylkeskommune og politisk gjennom Miljøpartiet dei Grøne. Eg har også prøvd meg som småbrukar i nokre år. Kanskje mitt eige engasjement for berekraftig utvikling og matproduksjon gjer at eg står i fare for å få eit ukritisk positivt syn på initiativ rundt lokal matproduksjon. Dette gjer at eg kanskje kan bli forutintatt på ein anna måte om temaet var meir nytt for meg, og det vert kanskje vanskelegare å tilnærma seg problemstillinga med eit ope sinn.

I sin artikkel "*Philosophical worldview and personality factors in traditional and social scientists: studying the world in our own image*", har Babbage og Ronan (2000) studert eit utval av akademikarar, og funnet samanhengar mellom kjønn, vitskapleg bakgrunn, personlegdomsstrekk og verdsbilete. Dei fann at forskarar innanfor samfunnsvitskaplege fag tenderte mot å ha ei meir organisk verkelegheitsforståing, medan forskarar innanfor «tradisjonelle» vitskapar generelt hadde ei meir mekanisk oppfatning av verkelegheita. Samstundes fann dei at samarbeidsorienterte personar ofte hadde eit meir organisk verdsbilete enn dei som var meir konkurranseorienterte, og at kvinner generelt hadde eit meir organisk verdsbilete enn menn. Om ein legg denne forskinga til grunn så kunne ein kanskje ikkje venta noko anna enn at eg har interesse for å forske i retning av organisk verkelegheitsforståing; eg er jo ei kvinne med samfunnsvitskapleg utdanning. Dette gjer ikkje mitt bidrag mindre gyldig, men det viktig at eg er klar over min eigen posisjon og bias, og viser dette i masteroppgåva. I den samanheng er det kanskje også interessant å merka seg at den kollektive, akademiske kunnskapsdatabasen vår er i stor grad bygd opp av menn, gjennom årtusnar. Kvinner har

tradisjonelt spela ei lita rolle i utviklinga av akademisk vitenskap, og vi bygg framleis på det tankegodset som er lagt stein på stein langt tilbake i tid. Ein av referansane eg nyttar i denne oppgåva, Elinor Ostrom, er den einaste kvinnelege nobelprisvinnaren i økonomi, medan nærare 50 menn har vunne den same prisen (Nobelprize, nettside 2017). I kva grad denne «slagsida» i vitenskapeleg utvikling spelar ei rolle for det dominerande verdsbilete i dag, får heller bli ei drøfting for ei anna oppgåve.

Gjennom datainnsamlinga har eg lagt vekt på å stille opne og nyanserte spørsmål, som gjer at eg får fram ulike sider knytt til problemstillinga. Samstundes kan det vera ein styrke at eg har jobba mykje med temaet, ettersom dette gir meg bakgrunn og erfaringar eg kan nytta til å vurdere og drøfta ulike tilnærmingar. Eg har valt ut eksempelområde og problemstilling med utgangspunkt i det som interesserer og engasjerer meg, noko som er viktig for framdrift. Samstundes er berekraftig utvikling eit område som treng meir kunnskap, og i arbeidet med samfunnsutvikling er det behov for å gjera berekraftig utvikling meir praksisnært.

Eg er no tilsett i Distriktssenteret, og er i den heldige situasjonen at arbeidsgjevar ser på masteroppgåva som relevant for arbeidet mitt. Eg fekk mellom anna dekkja reise og opphald under feltarbeid i Fjellregionen, og har samla fått to veker permisjon til å jobba med oppgåva. Samstundes er det viktig for meg å ha eit kritisk blikk i høve eigen arbeidsplass, og skilje mellom rolla som mastergradstudent og arbeidstakar. Dette har eg opplevd som uproblematisk, ettersom at eg møtt ei stor grad av fridom i forhold til tema og vinkling for masteroppgåva. Kollegaene mine har vist interesse for arbeidet, og gitt meg nyttige innspel undervegs. Eg har møtt ei nysgjerrigheit for arbeidet, som igjen triggar min kreativitet. Det har også vert inspirerende å vita at det er fleire som er interessert i masteroppgåvearbeidet, samstundes som eg ser potensialet for å nytta funn og teoriar inn i vidare arbeid.

## 4. Empiri og funn

I dette kapittelet vil eg først gi ein kort presentasjon av verksemdene dei ulike informantane mine er del av. Så ser eg nærare på kva dei fortel om sine drivkrefter for arbeidet dei gjer, og korleis dei ser på eigne bidrag til berekraftig samfunnsutvikling. Eg presenterer nokre koplingar mellom aktørar i nettverka som arbeidar med lokalmat, og ser på kva som kjenneteiknar relasjonane mellom aktørar i nettverka. Vidare ser eg på kva rolle informantane meiner at kommunar og regionale styresmakter har i den utviklinga som har skjedd i regionen, og presenterer deira perspektiv på kva rolle kommunane kan ta. Den siste delen av kapittelet undersøker den breie verdiskapinga som kjem frå lokalmataktørane og nettverket, særleg med fokus på den sosiale verdiskapinga si rolle for endring og innovasjon. Avslutningsvis seier kapittelet noko om kva informantane opplever som utfordringar for framtida.

### 4.1. Nokre av aktørane i lokalmatnettverka

Informantane mine peika på at vi kan skilje mellom formelle og uformelle nettverk. Det formelle nettverket er mellom anna gjennom samvirkeorganisasjonen Rørosmat, der ein er betalende medlem av eit nettverk. Det uformelle nettverket består av lokalmataktørar, andre matprodusentar, kommunar, regionråd, lokalsamfunn, reiseliv o.l. Seks av mine informantar er medlem i Rørosmat, og dermed medlem av eit formalisert nettverk. To av informantane er utanfor det formelle nettverket, men nyttar seg mellom anna av tenester frå verksemdar som er medlem i det formelle nettverket. Ein av informantane var frå ein kommune. Informantane er ulike i storleik og sysselsetting, men alle har ei rolle i høve til produksjon og/eller distribusjon av mat. Nokre er i meir koordinerande roller, særleg gjeld dette Rørosmat, Rørosmeieriet og kommunen. Eg har møtt dagleg leiar eller ansvarleg for utvikling i dei fleste verksemdene.

| Informantar               | Årsverk og hovudverksemd                                       | Rolle i verksemda        | Lengde intervju     |
|---------------------------|--|--------------------------|---------------------|
| Rørosmat                  | Rundt åtte årsverk – lokalmatdistribusjon                      | Konstituert dagleg leiar | 1 time og 13 minutt |
| Rørosmeieriet             | Rundt 10 årsverk - mjølkeforedling, distribusjon               | Meieristyrar             | 1 time og 11 minutt |
| Stensaas Reinsdyrslakteri | Rundt 26 årsverk - matforedling og distribusjon                | Marknadssjef             | 50 minutt           |
| Galåvolden Gård           | Rundt åtte årsverk – lokalmatproduksjon, foredling og reiseliv | Dagleg leiar             | 58 minutt           |
| Fjellurt                  | Rundt to årsverk- lokalmatproduksjon og foredling              | Dagleg leiar             | 1 time og 34 minutt |

|                   |  |                   |                     |
|-------------------|--|-------------------|---------------------|
| Vingelen Kjøtt    | Rundt to årsverk, lokalmatproduksjon, foredling og reiseliv  | Dagleg leiar      | 52 minutt           |
| Lokalmatprodusent | Rundt to årsverk – lokalmatproduksjon, foredling og reiseliv | Lokalmatprodusent | 1 time og 18 minutt |
| Gardbrukar        | Eitt årsverk - mjølkeproduksjon                              | Gardbrukar        | 50 minutt           |
| Landbrukssjef     | Tolga kommune  | Landbrukssjef     | 1 time og 29 minutt |

Tabell 2. Oversikt over informantar

Eg var ute etter informantane sine perspektiv, både som representant for ei verksemd, men også som individuelle aktørar; med deira drivkrefter, verkelegheitsforståing og tilnærmingar. Verksemdene består av menneske, som igjen er del av kultur og lokalsamfunn. Her vil eg gi ein kort presentasjon av nokre av verksemdene dei ulike informantane er del av. Omtale av dei ulike verksemdene er i hovudsak gjengjeve med utgangspunkt i intervjuet, men også ved bruk av verksemdene sine nettsider.

### Rørosmat

Rørosmat representerer det «formelle» lokalmatnettverket, og er ei samvirkeverksemd der 32 ulike lokalmataktørar i regionen er medlem. Det er i dag rundt åtte årsverk i Rørosmat sin driftsorganisasjon, og verksemda har Fjellregionen som geografisk avgrensingsområde. Rørosmat har vunne fleire prisar for sitt arbeid med lokal utvikling, og skriv på sine heimesider:

I Røros-traktene har vi skapt et moderne mateventyr. Det har vi fått til fordi vi er mange som står sammen. Fordi vi brenner for å skape verdier ut av de ressursene vi har. Fordi vi blir inspirert av hverandre. Og fordi vi kan by på god mat med smak av fjell, vidde, skog og sjø. (2017)

Rørosmat har vakse fram frå ei satsing på «Mat frå Fjellregionen» og «Lokal mat til lokalt forbruk», på slutten av 90- talet. Utgangspunktet for nettverket var både å skapa ein salskanal for lokalmatprodusentar, og å skapa fleire direkte koplingar mellom produsent og forbrukar. Store verksemdar som Røros kjøtt, Rørosmeieriet og Stensaas Reinsdyrslakteri har alle vore sentrale aktørar i utviklinga av Rørosmat. Sidan den formelle etableringa av selskapet i 2003, har Rørosmat vore gjennom mange strategiprosessar, og verksemda har også hatt ei sterk vekst i medlemmer dei siste åra. Medlemsverksemdene i Rørosmat utgjer samla sett eit stor bidrag til næringsutviklinga i regionen. Konstituert dagleg leiar viser til at Rørosmat er oppteken av å sjå regionen under eitt, og å tenke produksjon, foredling og forbruk regionalt. Dei har fokus på å bli «best lokalt», og i dette ligg det å arbeida fram eit økt fokus på å nytta lokale foredla varer og lokale råvarer. Rørosmat var tidleg ute som lokalmatnettverk i Norge,

og dei ligg langt framme på mange område, noko som gjer at mange ynskjer å besøke dei og hente kunnskap frå deira verksemd.

### **Rørosmeieriet**

Saman med andre store aktørar som Røros Kjøtt og Stensaas Reinsdyrslakteri, utgjer Rørosmeieriet ei viktig verksemd for primærnæringa i regionen. Dei er opptekne av å halda oppe primærproduksjonen, og ynskjer også å inspirera fleire til å leggje om til økologisk drift. Rørosmeieriet omtalar seg som «Norges fremste økologiske meieri», og leverer i dag meieriprodukt til Coop og Meny over heile Norge. Samstundes har meieriet fokus på å vera «best lokalt», og dei prioriterer den lokale marknaden høgt. Meieristyraren fortel at Rørosmeieriet har «*i takt med naturen*» som leiestjerne, og at meieriet er oppteken av historier, mattradisjonar og det å formidle matkultur. Meieriet jobbar aktivt med å halde i hevd gamle matkulturar som Tjukkmjøl, Skjørøst, Rørossmør. Desse tre lokale produkta, pluss leigeproduksjon frå Tine, var også grunnlaget i utviklinga av Rørosmeieriet som eige meieri. I 2001 tok dei over meieriet som Tine skulle legge ned på Røros, og i oppstarten av det nye meieriet var samarbeidet med Innovasjon Norge og kommunen sin næringssjef viktig. I finanskrisa fekk dei utfordringar, men nytta høvet til å læra av kvarandre og styrka kompetansen internt i denne perioden. Meieristyraren peiker på at det var smaken og kvaliteten som gjorde at storhushaldninga, kokkar og hotell, vart interessert i Rørosmeieriet og framsnakka produkta. I 2014 flytta Rørosmeieriet ut delar av produksjonen til Tolga, men i løpet av dei nærmaste åra skal dei samle, og utvida, produksjonen på Røros. I samband med utvidinga ynskjer meieriet å byggja eit nytt industribygg som er plusshus, og der ser dei mellom anna for seg eit opplevingscenter.

### **Galåvolden Gård**

Eigarane av Galåvolden Gård ynskja tideleg å utvikla garden. Dei har gradvis bygd opp meir og meir eggproduksjon, noko som har lagt grunnlaget for vidare utvikling. I dag produserer dei egg, mjøl, og kjøtt, som mellom anna vert foredla til ost, is og majones. I 2007 gjekk fem naboar saman om samdrift i mjølkeproduksjon, og no har dei rundt 300 kyr og produserer ca. 800 000 liter mjøl i året. Galåvolden Gård kjøper ut rundt 80.000 liter frå denne samdrifta årleg, som vert nytta i lokal foredling på eige gardskjøkken. Dei sel 2/3 av eggproduksjonen rett til forbrukar, og resten til Prior. Dagleg leiar fortel at produksjon av is, majones og ostekake er nyttig for å finne ein bruk av utsorterte egg, slik at ein får nytta ressursane på ein god måte. Ost og is sel godt frå foredlinga på garden, og dei har gradvis bygd ut

foredlingsanlegg og gardskjøkken.. På heimesidene til Galåvolden Gård står det mellom anna at:

Galåvolden Gård er den ledende produsent av gårdsmat i Rørostraktene. Gården ble i 2005 tildelt Bygdeutviklingsprisen, og i 2010 ble gården tildelt prisen for Årets Vekstbedrift i Fjellregionen. I 2014 ble Galåvolden Gård kåret til Årets lokalmatprodusent i Midt-Norge. (2017)

Dagleg leiar er også grûnder og drivkraft i andre verksemder som Rørosmat, Rørosmeieriet og det relativt nyoppstarta Røros Food and Beverage (2013). I verksemda Røros Food and Beverage tenker dei stort og nasjonalt, med utgangspunkt i lokale ressursar, og han fortel at dei har ambisjonar om at verksemda skal bli like stor som Rørosmeieriet.

### **Stensaas Reinsdyrslakteri**

Stensaas Reinsdyrslakteri har rundt 26 årsverk, og ei omsetjing på 52 – 53 millionar.

Slakteriet er basert i Brekke, ei lita bygd i Røros. Dei foredlar i hovudsak reinsdyrkjøtt, men også rakfisk og spekemat. Marknadssjefen fortel at dei er ei sesongbasert verksemd, med høgsesong frå september til februar. I løpet av eit år har dei rundt 10 000 reinsdyr og 300 elg gjennom anlegget. Hovuddelen av reinsdyr kjem frå den sørsamiske drifta i regionen, men også noko frå Finnmark. Reinsdyrkjøtt er ei knapp råvare, og marknadssjefen fortel at i Norge er det berre nok reinsdyrkjøtt til at kvar nordmann kan eta 300 gram kjøtt i året.

Reinsdyrslakteriet er avhengig av godt samarbeid med reinsdyrprodusentane, og må gje god service og pris. Samstundes er samarbeid også viktig for å kunne vera ei heilårsbedrift, og dei samarbeider mellom anna med Røros slakteri og Rørosmat.

### **Fjellurt**

Fjellurt ei lokalmatverksemd med to årsverk. Dei dyrkar, haustar og foredlar urter, som mellom anna vert nytta i te og krydder. Gründerane bak Fjellurt har drevet med urteproduksjon og urteforedling i snart 25 år. På nettsidene til Fjellurt står det mellom anna:

Fjellurts virksomhet handler ikke om å bli rik, eller berømt, men om å mestre, å klare seg med lite, stadig å være på jakt etter endring. Norske kvinner har lange tradisjoner med nøysomt håndarbeid og i å utnytte alle ressurser til fulle. Og nettopp dette mangesysleriet, som har vært en bærebjelke i det norske bondesamfunnet, er Gunhild og Birgits måte å arbeide på. (2017)

Dagleg leiar, som eg møter, dyrkar eit areal på fire mål med ulike urter, i tillegg til å sankta ein del i naturen. Ho er utdanna agronom og svært oppteken av faget. Ho ville ikkje slå seg til ro med det etablerte synet på kva ein kunne produsera, og ynskja å skapa sin eigen arbeidsplass og utforska og utvikla nye dyrkingsformer. Dagleg leiar fortel at filosofien er i stor grad å



produsera alle råvarene sjølv og ikkje kjøpa inn i frå andre. Dei har ei lokal verdikjede, med lite transport og lite bruk av traktor. Fjellurt sel ein del urter lokalt, men og i butikkar rundt omkring i landet. Ho fortel at dei er svært takksame for det formelle nettverket i Rørosmat, og særleg i forhold til salsarbeidet.

### **Vingelen Kjøtt**

Vingelen er ei lita bygd i Tolga kommune, og informanten her driv Vingelsgard Gjestgiveri saman med kona. I tilknytning til garden har han verksemda Vingelen Kjøtt, ei lokal kjøttforedlingsverksemd. Vingelsgard er ein 500 år gamal gard, med tradisjonelle bygningar, der dei har rundt 20 sengeplassar til besøkande. Turisme var bakgrunnen for drifta dei har valt, og mykje av motivasjonen ligg i å servere kvalitetsmat til gjestene. Dei sel noko kjøt utanom, men har relasjonar til dei fleste kundane. Kjøttproduksjon har eit kretsløpsperspektiv, og dei dyrkar mellom anna krossa bygg, slik at dei kan produsera eige kraftfôr. Nærleiken til Røros slakteri er viktig for kjøttforeldinga, og Galåen transport er viktig for logistikken. Dei starta opp verksemda parallelt med Rørosmat, og dagleg leiar fortel at det då var heilt naturleg å melde seg inn der. Rørosmat har vore viktig for å koma seg ut på marknaden, sjølv om dei har sine egne kanalar gjennom turismen, og kjem i direkte kontakt med kundar.

### **Tolga kommune**

Tolga kommune har rundt 1600 innbyggjarar, og landbrukssjefen fortel at det er ein kommune med svært aktivt landbruksmiljø. Kommunen har også ein stor andel økologisk produksjon (ca 20%). I Tolga er kommunen oppteken av mangfald. Landbrukssjefen fortel at dei jobbar for at alle gardbrukarane skal få driva på den måten dei sjølv føler er rett, og for at ein skal kunne sjå og anerkjenna kvarandre som ein del av ein lokal og regional heilskap.

Landbrukssjefen i Tolga har vore i stillinga sidan 2011, og ho har god oversikt over aktørar i lokalmatnettverka, og over landbruket generelt i kommunen. Ho fortel at kommunar kan ha ei viktig rolle som tilretteleggjarar og koplantar, mellom ulike aktørar og nettverk. Tolga kommunen jobbar mellom anna med eit utgangspunkt i *god agronomi*, der dei er opptekne av at gardbrukarar som har økologisk produksjon og gardbrukarar som har konvensjonelt produksjon, kan læra av kvarandre.

#### **4.2. Ynskje om å skapa noko med egne ressursar**

Eg spurde om kva som er informantane sine drivkrefter i den jobben dei gjer, då det var interessant å læra meir om kva som motiverer dei. Informantane driv ulike verksemder, og har naturleg nok ulike drivkrefter for arbeidet dei driv med. Samstundes er det mykje som går att i

det dei fortel om sine drivkrefter. Eg har forsøkt å oppsummera nokre av dei mest sentrale drivkreftene her.

### **Skapa noko sjølv**

For dei fleste informantane er det ei sentral drivkrafta å skapa noko sjølv. Dei snakka om gleda av å skapa noko; å skapa sin eigen arbeidsplass, å vera i stand til å leva av det ein brenn for, å utvikla ting, å vidareutvikla, å utforske ting. Dagleg leiar i Vingelen Kjøtt seier mellom anna at:

Det er liksom det kicket det er med å få til noko sjølv, og leva av det som ein driv med. Utvikla noko. Og i det tilfellet her så vart det mat, turisme. Og økologisk sauehald. Så, eg trur det kunne like godt ha vore noko anna. Det er berre kva du hamnar borti.

### **Dagleg leiar i Fjellurt:**

Det første er å ha ein arbeidsplass, som ein trivst med. Det er nok absolutt ikkje å bli rik, for det blir ein no ikkje av den type arbeid, men ein kan få prøve ut veldig mykje på kva ein skape.

### **Bruke lokale ressursar**

Eit fellestrekk for informantane er at dei tek utgangspunkt i dei ressursane dei har rundt seg. Samstundes har alle ei drivkraft i å nytta desse ressursane til å skapa noko. Ressursane kan mellom anna vera naturen, garden, utmark, lokalsamfunnet, eigen utdanning og kunnskap, tradisjonar og historie. Dei ynskjer å nytta desse ressursane til å skapa eigen arbeidsplass, aktivitet på heimplassen, ressursgrunnlag på bygda og levekår i distrikta. Samstundes er det viktig for mange av dei å ha ein arena for å formidle kultur, vidareføra tradisjonar og byggje på historie.

### **Lidenskap for mat**

Mange peika også på at interesse og lidenskap for mat, er ei sterk drivkraft. Dei er inspirert av faget, matproduksjon, råvara og liknande.

### **Spele på dynamikk og synergjar**

Ei anna sentral drivkraft, særleg for dei som har koordinerande rollar, er moglegheita til å utnytte synergjar. Dei ynskjer å vera i dynamikken mellom ulike ledd, spela på breidde innan produksjonar. Nokre av informantane føler at oppbygginga av lokalmatsatsinga er som eit samfunnsoppdrag, noko som heile regionen tenar på. Det er også meningsfullt for dei å arbeide med å bygge omdømme, kjennskap, merkevarestoltheit lokalt og for regionen.

## **Berekraft**

Ei drivkraft for nokre er det som ein informant omtala som å utfordre «feilspor» i forhold til berekraft, og at «*vi trur vi skal konkurrere mot Europa*». Fleire peika på at dei meiner det var feil retning når ein heile tida møtte forventingar om at landbruket skal bli større og meir effektivt. Nokre av informantane hadde ei drivkraft mellom anna knytt til å kommunisere verdien av bruk av grovfôr og utmark.

### **4.2.1 Berekraft som lokal utviklingsprosess**

Eg var interessert i kva forhold informantane hadde til eit omgrep som berekraftig samfunnsutvikling, og kva refleksjonar dei gjorde seg rundt dette temaet. Spørsmålet eg stilte var; «*kva tenker du når eg seier berekraftig samfunnsutvikling*»? Svara kom som regel kjapt, og det var nokre ulike perspektiv, men samstundes var det ein del som gjekk att.

### **Byggje på lokale ressursar**

Dei fleste informantane tenker at berekraftig samfunnsutvikling handlar om å bruke dei ressursane ein har i nærområdet, på ein god måte, for å skapa arbeidsplassar, industri og næringsverksemd lokalt. Fleire peika på at det var viktig å forbruke mest mogleg av eigne ressursar, og importere mindre og eksportere mindre. I dette ligg det mellom anna eit fokus på å vera sjølvforsynt, men på ein måte som ikkje brukar opp ressursane

### **Generasjonsperspektiv**

Fleire tenker at berekraft handlar om å drive på eit vis der ein brukar ressursane, utan å bruke dei opp, sånn at andre i framtida har moglegheit til å fortsetta. Det inneber mellom anna at ein må rigge samfunnet slik at det er gangbart for neste generasjon å ta over, og å utvikle vidare – men ikkje forbruke heilt. Ein av informantane kallar det ei verdiskaping som skal vera «bestandig», og at neste generasjonar skal kunne nyte godt av det same. Dagleg leiar i Vingelen Kjøtt hadde følgjande refleksjonar:

Då tenker eg rett og slett på at eg skal drive på eit vis som gjer at eg bruker ressursane eg sitt på på garden, og ikkje bruker dei opp, slik at nokon andre kan, dersom dei vil, fortsetje seinare. Altså då tenkjer eg... sånn eg føler for eksempel landbruket no, føler eg drivast med tanke på at vi skal nærmast.. eller landbruket; heile samfunnet – det er liksom at «*okei vi skal stenge kloden om 20 år, då er det game over*». Vi driv ein gard som er over 500 år. I 2028 skal vi ha 500 årsjubileum, og da ser eg jo at, då er vi ikkje halvvegs liksom, og det skal vara evig. Både i forhold til oss som driv jorda, kor mykje du skal

forbruke for å produsera noko, og så vidare. Så det med at du rett og slett tek vare på ting, og legg til rette for at det skal drivast vidare.

### **Utviklingsorientert**

Nokre peika på at berekraftig samfunnsutvikling må vera utviklingsorientert, og ikkje konserverande, og i dette ligg det mellom anna evne til å tilpassa seg. For fleire er berekraftig samfunnsutvikling samanvevd med å påverka i retning av ein meir berekraftig primærproduksjon. Ein av informantane peika på at ein klarar ikkje å endre alt, men at ein kan endre i ei retning. Ein informant meinte at berekraftig samfunnsutvikling handlar om å utvikle samfunnet til å bli betre, utan at det går ut over andre ting. Dette kan ein gjere mellom anna gjennom å driva sunn verksemd som ein tener på samstundes som ein utviklar samfunnet på positiv måte. Fleire av informantane meinte at berekraftig samfunnsutvikling inneber å skapa arbeidsplassar, skapa mangfald, og å gjera det attraktivt og mogleg å bu i lokalsamfunna. Det handla også om å skapa positivt bilete av regionen, og vise at det skjer noko.

### **Kretsløp**

Fleire tenker at den retninga dei jobbar for, eller med, er i retning av berekraftig samfunnsutvikling. Nokre av informantane har mellom anna heile prosessen sjølv, lite transport, lite fossilt, og fleire driv økologisk. Nokre er opptekne av regionen som heilskap, og korleis ein kan arbeide med kretsløp og verdikjeder på regionalt nivå.

#### ***4.2.2. Sett berekraft på agendaen gjennom nettverk***

Her har eg forsøkt å oppsummera det som peika seg ut i korleis informantane ser på eigne, og lokalmatnettverk sine, bidrag til berekraftig samfunnsutvikling.

### **Kommunisere verdikjeder**

Det formelle nettverket gjer det lettare å lykkast med lokal verdiskaping, mellom anna gjennom å formidle matvarer som prosess, og å auka kunnskap og bevisstheit rundt lokale verdikjeder. Informantane peika på at gjennom å auka kunnskap om produksjon og foredling i regionen, bidreg ein til forme haldningar, og kanskje til at fleire vel å handle lokale produkt.

### **Inspirere kvarandre**

Dei bidreg gjennom å inspirere kvarandre, og andre utanfor lokalmatnettverka, både regionalt og nasjonalt. Gjennom å skape positive merksemd rundt regionen. Gjennom å vise kvarandre

kva som er mogleg, utfordre og stille krav til kvarandre. Samstundes gjer samarbeid det lettare å fordele oppgåver.

## **Mangfald**

Informantane meiner at når ein samarbeider i nettverk så vert det lettare å lykkast med mangfald. Nettverk bidreg til å gjera det lettare å satsa på det ein sjølv ynskjer, mellom anna ved at ein skapar større takhøgde når nokon går framfor og viser kva som er mogleg. Landbrukssjefen i Tolga peiker dette behovet for mangfald, og at ein skal kunne finna sin eigen veg:

(...) og så er det, som eg sa tidlegare og, det er ei stor takhøgde – eg trur nok kanskje den har blitt høgare, men vi på landbrukskontoret bruker det som ein kjepphest, at alle skal finne sin måte å drive på. Så vi ser at dersom nokon føler seg pressa inn i ein situasjon der dei må investere fordi andre gjer det, så er det veldig fort gjort at resultatet blir dårleg. For du er eigentleg ikkje.. du føler at det er andre som har bestemt for deg, du har ikkje full eigarfølelse overfor den investeringa eller dei vala du gjer, og då blir heller ikkje investeringa di i forhold til arbeidsressurs og engasjement noko bra. Så det å bruke tid, og sjå på moglegheit, og skapa seg sin kvardag - og ha aksept for at ein kan gjera det - uavhengig av kva naboen gjer, eller kva faren din gjorde. At du på ein måte skapar ein kultur på.. både på kreativitet men og på det å finne sin eigen veg. Det er noko vi .. og ganske inn frå vårt ståstad då, at vi ønsker at gardbrukarane sjølv skal kjenne ordentleg godt etter, og velje, og kaste litt på båten kva alle andre rundt seier. Fordi når alt kommer til alt så er det den gardbrukaren som skal stå i den situasjonen.

## **Påverkar til meir berekraftig primærproduksjon**

Fleire av informantane fortel at dei jobbar aktivt for å påverka for ein meir berekraftig primærproduksjon totalt i regionen. Dei meiner at samarbeid i nettverka mogleggjer større bruk av lokale ressursar, og mindre import.

Informantane har også kritisk blick på eigne tilnærmingar, og den generelle forståinga av berekraftig samfunnsutvikling. Fleire peika mellom anna på spørsmål i forhold til kva som «forbruker» miljøet mest, og viste til forskingsrapportar om utslepp frå drøvtyggarar. Nokre meiner at dei ikkje kan hevde at deira drift er meir klimavenleg slik sett, men dei har eit kretsløpsperspektiv, og dei meiner at dette er viktigare for lokal berekraft. Dei har fokus på å nytta ressursar som elles ikkje vert nytta, gjennom beite, utmark og grovfôr. Informantane har ulike perspektiv på nettverka og lokalmataktørar sine rollar og tilnærmingar i forhold til berekraft. Nokre har ei meir kretsløpsorientert tilnærming enn andre. I det formelle nettverket


er dette noko dei adresserer saman, og utfordrar kvarandre på, noko vi kjem tilbake til i delkapittel 4.4.2.

### **Oppsummert delkapittel 4.2.**

Ein kan sjå at nokre element går igjen, både når det er snakk om drivkrefter, og når det er snakk om berekraftig samfunnsutvikling. Dette gjeld særleg fokuset på å *skapa noko med eigne ressursar*. Informantane er opptekne av at vi må nytta lokale ressursar, og ha fokus på lokale verdikjeder. Sjølvforsyning er også ein sentral del av mange av informantane si berekraftforståing. Samstundes er dei generelt opptekne av at berekraftig samfunnsutvikling handlar om å skapa *positiv utvikling* i lokalsamfunnet. Dei har og fokus på neste generasjonar, der ein må tenke langsiktig, slik at det er mogleg for andre å fortsette i framtida. Det var også interessant å sjå korleis dei fleste informantane gjorde berekraft til «sitt» omgrep, og kopla det inn i sitt eige arbeid. I deira forståing av berekraftig samfunnsutvikling kan det sjå ut som det ligg nokre tilleggselement i forhold til berekraftsomgrepet, slik det vart introdusert i «Our Common Future». Kan det kanskje vera ei utfordring med den tradisjonelle forståinga av berekraftig utvikling, dersom omgrepet manglar fofeste i noko lokalt? Det kan vera interessant å merka seg at ingen av informantane svarar at drivkrafta er auka økonomisk vekst. Økonomisk vekst synest for informantane å vera eit middel for å meir aktivitet, styrke grunnlaget i lokalsamfunnet, skapa noko, gjera staden meir attraktiv – slik at dei kan drive med det dei ynskjer, der dei ynskjer, og samstundes formidle natur- og kulturverdiar. På bakgrunn av dei drivkreftene dei fortel om kan ingen forståast under termen «economic man», som berre handlar ut frå eigen nyttemaksimering (Ingebrigtsen og Jakobsen 2009).

### **4.3. Best lokalt – gjennom eit kollektivt løft**

Illustrasjonen, figur 7., har eg laga som eit forsøk på å syne nokre koplingar mellom dei ulike informantane, og nokre andre verksemder som vart nemnd under intervjuet. Dette er ikkje meint som eit nettverkskart, men berre som ein enkel illustrasjon av at det er mykje samspel og koplingar i nettverk. Der er mange andre som kunne vert med her, og alle koplingar mellom dei aktuelle aktørane er heller ikkje kjent for meg. Eg har laga dette skjemaet basert på korleis dei forklarte meg at dei samarbeida med kvarandre, på kryss og tvers. Eg har markert dei sentrale lokalmatdistributørane med grøn farge, produsentane med blå farge, styresmakter med gul og reiseliv med rosa.



Figur 7. Illustrasjon som viser nokre koplingar mellom ulike aktørar

Først og fremst er dette ein illustrasjon som synleggjer at deira relasjonar er prega av gjensidig avhengigheit. Samstundes er dette nettverk utan tydeleg senter. Som nemnd finst det allereie ein del litteratur rundt sosial kapital, nettverk og verdiskaping i Rørosregionen. I si masteroppgåve (2006) har Marianne Stuen sett nærare på korleis nettverka og tradisjonar i regionen har vore innovasjonsdrivande, og kva rolle nasjonale styresmakter har spela i å styrke og utvikle innovative satsingar innanfor landbruksnæringa. Ho skriv mellom anna at:

The analysis shows that the citizens of Fjellregionen have a rich past based on network formation, civic engagement and trust. These social features have laid the foundation for the successful organization of the current society, which is characterized by sound networks of cooperation in the food industry leading to high innovative activity (2006:abstract)

Gjennom mine intervju vert det også bekrefta at det er svært mange koplingar mellom dei ulike lokalmataktørane, og det synest som dei bygg kvarandre opp, på kryss og tvers. Det er særleg tette nettverk og samarbeid mellom dei koordinerande lokalmatverksemdene, som Rørosmat, Rørosmeieriet og Galåvolden gard. Aktørane sitt mellom anna i kvarandre sine styrer, og hjelper kvarandre med strategisk arbeid og utvikling. Fleire av informantane peiker på at det er viktig å bruka ressursar på å jobbe saman, og å «løfte saman». Dei har eit langsiktig perspektiv, der dei plasserer seg sjølv i ein heilskap og gjerne gjer investeringar utanfor eiga bedrift, for å bidra til eit felles løft. Dagleg leiar ved Galåvolden Gård:

Så Rørosmat er det klart at der har eg brukt veldig mykje tid på å bygge opp, og i mange år så var jo det arbeid ein ikkje hadde noko att for, og det gjekk til ein viss grad ut over det vi heldt på å utvikla heime. Men no når ein har fått Rørosmat opp å gå, så er jo, utviklinga på garden er jo avhengig av Rørosmat sin suksess. Og utan at vi hadde hatt det fellesskapet, og bygd opp den salsadministrasjonen så hadde ikkje vi vert i nærheita av den omsetninga og den sysselsettinga som vi har på garden her. Det er jo det at du må investere litt tid og pengar på å utvikle ting for at du skal få nytte av det. Så det er vel kanskje, ja, noko av suksesskriteria for Rørosmat og heile lokalmiljøet her at det er mange som har vore med å bidra til å bygge opp fellesskap.

Rørosmeieriet er også aktive i å byggje opp og styrke nettverk lokalt og regionalt, og dei samarbeid på tvers av bransjar. Fleire av mine informantar bruker uttrykka «best lokalt» og «kollektivt løft». Dei ynskjer å investere i det kollektive, og å arbeida for at ein samlar seg om felles mål i regionen. Dei er opptekne av å byggja på lokalsamfunnet og opptekne av å løfta fram stoltheit og rausheit. Fleire av lokalmatverksemdene samarbeid med kommunar og regionråd, og nokre samarbeida også med utdanningsinstitusjonar og nasjonale aktørar som Innovasjon Norge og ulike forskingsfond.


### **Regionale verdikjeder og ringverknadar**

Informantane mine forklarar at samarbeidet rundt lokalmat skapar arbeidsplassar og aktivitet, og ringverknadar for ein del andre aktørar i samfunnet. Nokre eksempel på tette koplingar til andre næringsaktørar finn ein særleg mot transport og reiseliv. Samstundes peiker dei på at det er mange som tener på at lokalmataktørar bidreg til å bygge opp «merkevara Røros». Dei viser mellom anna til at gjennom å vera medlem i Rørosmat får ein kontakt med fleire, og samarbeider med «*dei som på ein måte er konkurrentar*». Ein av informantane peiker på at når ein arbeider i nettverk vert det skapt idear og aktivitetar, som skapar meir aktivitet, som igjen skapar «spin-off-effektar». I det å bli «best lokalt», ligg det også eit fokus på den store meirverdien ein kan oppnå ved å styrka opp under det lokale næringslivet. Meieristyrar i Rørosmeieriet seier mellom anna:

Det er sikkert litt av den bakgrunnen til at eg og har hengt opp eit sånt mål om at vi skal bli best lokalt. (...) Så er det kjempemykje å hente på å... dersom tenk på at alle oppi her faktisk hadde, ja, ete lokalt kjøtt og drukke lokal mjølk, og brukt dei lokale råvarene. Og eg trur jo mykje av det, dersom du går inn i eit normalt kjøleskap då, så vil du finna ein nokså høg andel lokalmat. Så folk oppi her er flink til å kjøpe lokalt. Men vi kan bli enda mykje flinkare. Og dersom vi hadde gjort det så hadde det generert sikkert 50 millionar til i omsetting totalt sett. Og det er jo då sikkert 25 arbeidsplassar. Som igjen generere sine aktivitetar. Så det vil vera ein sånn sjølvgåande, nesten ein motor det der, som generere verdiskaping i utkantane. Og dei verdiane der synst eg fleire og fleire får opp auga for.



Det er fleire av informantane som peiker på ringverknadane av primærproduksjon, og eg har forsøkt å illustrere dette i modellen:



Figur 8. Illustrasjon av økonomiske ringverknadar av å auka bruk av lokalmat

#### **4.3.1. Samarbeid framfor konkurranse**

Gjennom intervjuja finn eg ei forståing av at samarbeid er den grunnleggande drivkrafta som driv utviklinga framover, og at det stort sett alltid løner seg å samarbeida. Nokre av informantane peiker på at samarbeid er eit element som ligg i kulturen i regionen, og at dette delvis er påverka av geografisk forhold. Ein informant peiker på at dei gjennom historia har vore nøyddde til å samarbeide i eit slikt fjell- og viddesamfunn, med eit røft klima. Fleire av informantane peiker på at mange matprodusentar sett meir pris på det å faktisk ha ein nabo, enn å få større økonomisk vinning for seg sjølv. Landbrukssjefen i Tolga oppsummera dette slik:

Vi har mange entreprenørar, vi har, ein stor andel av innbyggjarane i kommunen er direkte eller indirekte involvert i landbruk. Som er ein del av identiteten vår. Og samtidig så har du ein kultur som bygg på fellesskap. Vi er avhengig av å samarbeide når vi er så høgt til fjells som det vi gjer .. vi har ikkje, det er veldig mange som seier at i staden for å kjøpe opp naboen, så ynskjer dei å ha ein nabo, som drifter. Landbruket ved sida av meg, det er klart det hadde sikkert vert attraktivt å få kjøpt opp og få dobbelt så stor gard, og å få breie seg ut, men det er også ein veldig stor verdi i det å ha ein aktiv

brukar ved sida av. Både i forhold til å kunne utveksla erfaringar, ha sosial kontakt, men også i forhold til å kunne få hjelp dersom ting skjer. Og det å diskutera fag. Så det er veldig sånn, ein sett veldig stor pris på fagmiljøet.

Fleire peiker på at dette med samarbeid handlar om at ein innser at alle tener på at heile samfunnet på sikt vert betre. Samstundes peiker nokre av informantane på at ein må arbeida aktivt med å kommunisere dette, og vise at samarbeid lønner seg. Dette inneber mellom anna at nokon må gå framom å visa veg. Dagleg leiar på Galåvolden Gård oppsummerer noko av grunnhaldninga i arbeidet med lokalmatnettverk slik:

Samarbeid lønner seg bestandig. I alle samanhengar så kjem du lenger med samarbeid, på det det går ann å samarbeide om. Og så må ein heller konkurrere på det ein må konkurrere om. (...) I eit samarbeid, for at det skal fungere, så er grunnsetning nr 1.; «*du må unne kvarandre suksess*». Den innførte vi veldig tideleg i Rørosmat, og vi har «*sammen om matglede*» som visjon. Og det famnar jo vidt. Så det er det der med å utvikle og dyrke samarbeidet som er løysinga. (...) Og det er ikkje alle som ser umiddelbart at samarbeid lønner seg. Og då må du jobbe for å overbevisa folk om det. Dei må sjå det og erfare det, at samarbeid lønner seg. Og det krev at nokon har mot til å stå fram og gå i bresjen, og at det finst litt krefter til å utvikle ting.

Og gjennom intervjuet vert det gitt fleire eksempel på at dei vel samarbeid framfor konkurranse. Marknadssjefen i Stensaas reinsdyrslakteri fortel:

Og no dei siste åra så har vi jo samarbeida med Røros slakteri. Fordi dei er og ei sesongbasert bedrift, og det er vi og, og så prøver vi å hjelpe kvarandre. Så når dei har litt lågsesong, så sender dei litt tilsette til oss. Og så får vi.. så skjær vi storfekjøtt. Og det at vi samarbeider lokalt, om produksjon av, og det er jo veldig viktig for at vi kan vera ei heilårsbedrift då. Og det er eit godt samarbeid som eg håper at fortsett (...). Så har vi eit veldig godt samarbeid med Rørosrein. Så det og er jo viktig då, vi er jo fleire i same bransje. Dem driv med rein, og vi driv med rein, men då er det og viktig at ein bygger kvarandre opp, og at ein samarbeider. For vist vi skulle konkurrert mot dem og dem mot oss, så øydelegg vi berre for kvarandre. Så då er det mykje betre at vi samarbeider om den lille råvara vi har, og utviklar våre ting saman.

### **Lettare å lykkast saman**

Lokalmatnettverka er viktig for å kompensera for det ein ikkje klarar å dekke når ein ikkje er så stor. Fleire av informantane peiker på at det å ha lokalmatnettverk gjer det enklare å lykkast med lokal verdiskaping og lokal foredling. Når ein har mange forskjellige lokalmatprodusentar, så betyr det at forbrukar kan velja mellom ulike produkt, og ein får brei variasjon. Ein informant peiker på at dei har alt frå ost, mjølk, kjøtt, flatbrød, urter, potet, grønnsaker og tradisjonsrettar som surpølse. Dei meiner at mangfaldet av produkt bidreg til å

kommunisere verdiar og kvalitet, samstundes som det skapar stoltheit rundt tradisjonar, og gjer lokalbefolkninga meir bevisst.

### **Ynskjer å dela erfaringar**

Det formelle nettverket gjennom Rørosmat har inspirert mange, og dei ynskjer å dele med andre nettverk, slik at fleire kan verta gode lokalt og det ligg igjen meir verdiskaping lokalt i sine regionar. Konstituert dagleg leiar fortel at det er viktig for dei å dele med, og hente inspirasjon frå, andre:

Og vi dele gjerne fordi, ikkje fordi vi trur vi er så himla gode, men vi har jo fått til noko. Og dersom andre kan få til like mykje, så er det jo noko med å ha... tilbake til verdiskapinga lokalt; i staden for å sentralisere, i staden for å levere alt til dei store konserna. Det er viktig det òg, for eg tenker at det må vera begge deler. (...) Andre matnettverk er samarbeidspartnarar, andre produsentar som ikkje høyrer oss til, både i regionen og nasjonalt, er kjempeviktig. For det er noko med å hente den inspirasjonen for å gå vidare. Det trur eg at då må ein knyta til seg andre aktørar som tenker ein anna tanke enn ein sjølv.

### **Fokus på eiga drift**

Samstundes fortalde også nokre av informantane, som ikkje var i ei koordinerande rolle, at kvar aktør ikkje nødvendigvis går rundt og tenker på samarbeid og store samfunnsspørsmål. I kvardagen så har dei først og fremst fokus på korleis ein skal få eiga drift til å gå rundt.

#### **4.3.2. Vaks fram frå Lokal Agenda 21 satsing**

Det er ikkje berre næringsaktørar som spelar ei rolle i arbeidet med å bli «best lokalt».

Offentlege styresmakter bidreg også til det kollektive løftet. Informantane fortel at Røros kommune hadde ei sentral rolle i oppstarten av Rørosmat. I 1998 delte miljøetaten i Røros kommune ut Lokal Agenda 21 midlar (i regi av Miljødirektoratet) til satsinga «*lokal mat for lokalt forbruk*». Ein del matprodusentar hadde gått saman og fekk tilskot til å oppretta eit matmerke for Fjellregionen. Dagleg leiar ved Galåvolden Gård fortel:

Altså, opprinnelsen til Rørosmat, eller «Mat fra Fjellregionen» som det heitte frå starten, det var jo eit kommunalt prosjekt som miljøavdelinga i kommunen drog i gang i 1998. Det var Lokal Agenda 21, var eit program som miljøverndepartementet hadde, og som eit delprosjekt i det så starta Røros kommune opp prosjektet «lokal mat til lokalt forbruk». Det var utgangspunktet, og i det prosjektet så vart det jo laga det matmerket, «Mat frå fjellregionen», som var landets første regionale matmerke då. Så det er jo starten på det heile.

Det låg interesse og engasjement der frå før, men dette vart formalisert gjennom Lokal Agenda 21 satsinga. I 1999 overtok dei lokalmataktørane som hadde fått prosjektmidlar, heile satsinga sjølv, og grunnlaget for det som etter kvart vart Rørosmat var lagt. Slik kan vi sjå at ei tilskotsordning som kanskje først og fremst var samfunnsretta, og som hadde berekraftig utvikling som mål, har ringverknadar for næringslivet i regionen 20 år seinare. Kommunen drog satsinga i gang, samstundes som produsentane sjølv måtte bidra ein del økonomisk for å få satsinga opp å gå – noko som førte til at lokalmatprodusentane fekk ansvar og eigarskap. Dagleg leiar verd Galåvolden gård peiker på at det er ein;

(...) vesensforskjell på Rørosmat og mange andre sånne produsentnettverk som er forsøkt å dra i gang; vi måtte vera med å betala. Då fekk vi eigarskap, engasjement, og bygde opp det som vårt eige. Det er alt for mange prosjekt som er fullfinansiert med offentlege midlar, produsentane får det lagt i fanget, og lagt til rette men då får ikkje dem engasjement og eigarskap til det.

#### **4.3.3. Felles satsing på regionale kretsløp**

Gjennom fokusgruppeintervjuet vi gjorde i samband med rapporten (Distriktssenteret 2017), fekk vi mange innspel på at satsing på lokalmat hadde vore viktig for å finne felles ståstad i regional samhandling. Regionrådet har, som ein del av byregionprogrammet, prosjekta; «Tynset og Røros som regionale motorar» og «Lokalmathovudstaden Røros». Det betra samarbeidsklimaet var også noko eg fekk bekrefte gjennom intervju med mine informantar. Mellom anna trakk landbrukssjefen i Tolga fram denne viljen til å dra i same retning:

Eg er jo veldig stolt som landbrukssjef når eg ser kva produsentane får gjort, og kva ein klarar å gjera når heile regionen jobbar i ein retning. Klart det er mange som spriker i forskjellige retningar, og det er mykje agendaer og sånn her også, men eg synst det er ein vilje til å dra i same retning, og styre etter noko overordna.

Fleire av informantane peiker på at dei jobbar aktivt i samarbeid med kommunar og regionråd, for å sjå heile regionen under eit. Og at det har særleg har vorte betre samarbeid dei siste åra, noko som konstituert dagleg leiar i Rørosmat er glad for:

Så det har liksom dei siste par åra dreidd litt, at det er meir samhandling. Og det er kjempebra. For heile regionen. Det at vi ikkje sitt på kvar vår tue og trur vi er liksom kongen på haugen då.

Informantane meiner at Tynset kommune gradvis har vorte meir interessert i lokalmat. Samstundes peiker dei på at Røros kommune i større grad har fått auga opp for at dei er avhengig av bøndene; som i hovudsak bur i andre kommunar. Dei peiker på at Røros sin


posisjon handlar mykje om merkevareverdien rundt Rørosnamnet, og det trekkplaster Røros er som reiselivsdestinasjon. Konstituert dagleg leiar i Rørosmat fortel at:

Tynset, for eksempel, hadde jo ei heilt anna haldning for fem år sidan enn dei har i dag, til namnet Røros. Så i dag så er det i reiselivet ein heilt anna aksept for at det er Røros som er motoren, eller fyrstårnet. Men samhandlinga må gå på at Røros i seg sjølv er ikkje nok, vi må ha mykje meir. Og det besitter jo heile regionen, ikkje sant. Sånn at vi jobbar i samarbeid med regionrådet, og aktørar i alle moglege former og fasongar, om det å bli «best lokalt» - som vi kallar det.

Fleire informantar peiker og på at lokalmataktørar samarbeider aktivt i andre prosjekt med kommunane, som mellom anna «kompetanseløftet», eit femårig prosjekt som Holtålen og Røros kommunar eig. Her er målet å auka verdiskaping og kompetanse blant lokalmat- og reiselivsnæring i dei to kommunane. Landbrukssjefen i Tolga fortel om strategien for å samla fjellregionen til ein matregion, under namnet matregion Røros. Ho peiker på at ein då vil kopla nokre eigenskapar til denne matregionen, mellom anna ved å setja avgrensingar på kor mykje kraftfôr ein skal importera til regionen, og eit mål i satsinga er i størst mogleg grad å vera sjølvforsynt;

Og det gjelder det totale landbruket. Det er klart, god bruk av utmark, det å hente protein i beitegras, bruke lokale kornressursar til kraftfôr blant anna – er jo då verkemiddel som ein er flink på i den regionen her, og som gjer at hele det samla landbruket blir meir sjølvforsynt enn om du hadde køyrt mykje gris og kyllingproduksjon, som er veldig kraftforkrevjande. Vi har, vi har ein ganske stor sjølvbergingsdel allereie, men der også ynskjer vi å bli betre. Vi ynskjer å ha ein 15% økologisk andel i regionen. Vi ynskjer å vera best på lokalmat. Og vi ynskjer mest mogleg lokal foredling av råvarer som produserast i regionen.

Eg har forsøkt å visualisera nokre steg på vegen så langt på følgjande vis:



Figur 9. Illustrasjon av endringskjede mot meir regionalt samarbeid

#### **4.3.4. Kommunar som premissgivar for lokale verdikjeder?**

Dei fleste informantane mine meiner at kommunane i regionen generelt er positive i det formelle, som byggesøknadar og liknande. Lokamataktørane vert ofte trekt fram som eksempel på positive ting som skjer i regionen og dei opplever at kommunane er flinke til å syna at dei er stolte av lokalmaten. I dag jobbar fleire av lokamataktørane saman med kommunane i ulike prosjekt. Dei har mange kontaktpunkt mot kommunane, mellom anna i regionrådet der det formelle nettverket er direkte kopla på. I arbeidet gjennom regionrådet er målet å sjå heile regionen under eitt. Samstundes meiner nokre av informantane at dei ikkje har så mykje nytte av rådgjeving rundt lokalmat, ettersom dei ofte har hatt meir kompetanse enn kommunane. Likevel er det fleire som viser til godt samarbeid med landbruksetaten, og Tolga skil seg særleg positivt ut. Dagleg leiar i Fjellurt seier at:

Kommunen har vore heilt suveren heile vegen, og landbrukskontoret på Tolga har vore veldig flinke til å hjelpe til me å finne moglegheiter for kva ein kan søkje på og for å vera med å skrive søknadar. Så dei er med og ser over og sender inn og slik så. Vi har hatt veldig god hjelp av kommunen kvar gong vi har henvendt oss til dei for å få hjelp.

Ho fortel også at Tolga kommune, saman med lokale eldsjeler, er drivkrefter for lokalmatdagen på Tolga som vart arrangert for første gong i 2014. Under lokalmatdagen vert Gamlegata på Tolga fylt opp med bodar og bondens marknad telt, og folk kan kjøpa lokalmat og delta i aktivitetar. Dagen er dratt i gang for å skapa blest rundt lokalmaten, og vise kva som faktisk blir produsert. I samband med denne lokalmatdagen har Tolga kommune drege i gang eigen logo; «*Tolga dyrker måltidet*». Ho fortel vidare at:

Kommunen er veldig frampå for å synleggjera det med maten og lokalmaten og bondenæringa i si heilskap eigentleg. At det er matproduksjon som skjer i lokalmiljøet her. Om det så blir presentert som lokalmat eller det går til Tine og Nortura og slik, så er det framleis produsert på jordsmonnet og med dei naturlege føresetnadane som du har oppi her.

#### **Kva rolle meiner dei kommunane kan ta?**

Informantane er glad for at ein har felles satsingar og planar for regionen, samstundes som dei peiker på at det framleis er mange grep kommunane kan ta for å styrka lokale og regionale verdikjeder. Informantane har også heilt konkrete innspel til korleis kommunane i regionen kan bidra for ei meir berekraftig samfunnsutvikling, noko eg har forsøkt å oppsummera i det følgjande.

## **Premissgivar**

Informantane peiker på at kommunane kan vera premissgivar for berekraftig samfunnsutvikling, og for å styrka arbeidet med lokal matproduksjon i regionen, mellom anna gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar. Samstundes peiker nokre informantar på at kommunen kan ta grep for å bidra til å gjera det meir attraktivt å arbeida i primærnæringa. Informantane peika også på at kommunen legg rammevilkår for næringsutviklinga, mellom anna ved å legge til rette for tomter, industriområde og eigedomskatt.

## **Bruke uttalar og anbodsrundar**

Kommunane kan vera drivkraft for at fleire får auga opp for å nytta lokale produkt. Fleire peiker på at regionen hadde kunna tent mykje på om kommunen hadde brukt meir lokal mat og lokale råvarer. Det vert peika på at kommunane kan verta flinkare til å vera tydeleg på kva retning dei ynskjer, og til å bruka anbodsrundane til å sørge for at det vert meir bruk av lokal mat i offentlege kantiner i regionen.

## **Auka, og betre, bruk av utmark**

Informantane meiner at kommunane kan vera aktive bidragsytarar ved å legge til rette for meir bruk av utmark, og sørge for at ein nyttar dei ressursane som finst i regionen på ein god måte. Slik ser dei mellom anna for seg at regionen som heilskap kan verta mindre avhengig av import av kraftfôr. Slike grep berører mellom anna friluftsliv, verneområda og reindriftsnæring, og her meiner fleire at kommunen ei viktig rolle. Det er viktig at kommunen gjer god regulering av utmark, og mellom anna unngår konflikt med reindrift.

## **Kommunen som tillitsskapar?**

Kommunen kan ta ei viktig rolle som nettverksbyggjar og kopljar. Landbrukssjefen i Tolga peiker på at:

Vi skal vera førsteinstans i forhold til å gi informasjon, og formidle vidare. Men eg synst også at kommunen har ei viktig rolle i forhold til nettverksarbeid, og det å knytte saman aktørar – som då for eksempel bondens nettverk og landbruksnettverket i Fjellregionen. (...) vi kan på ein måte tenke overordna og vi kan vera med å kople saman aktørar og skapa verdier saman med det eksisterande næringsliv og dei eksisterande aktørane. (...) Og særleg i den kommunen her så synst eg at det har nokre såne særlege kvalitetar i forhold til det å sette pris på alle produsentar, tenke synergjar, snakke opp kvarandre – og dra i same retning. Så det er veldig morosamt å jobbe i ein kommune der du har eit så offensivt landbruk. Og ikkje offensivt berre i forhold til å bli større, og breia seg ut, men i forhold til det å finne nisjar, skapa sin eigne kvardag – og takhøgda i forhold til valmoglegheitene vi har då.

Gjennom å arbeida for å «dra i same retning», er kommunen bevist på å synleggjera den gjensidige avhengigheit mellom ulike aktørar. Dei jobbar med å synleggjera koplingar og å bygga tillit mellom gardbrukarar som har intensiv drift, og dei som driv meir ekstensivt, og mellom gardbrukarar som driv økologisk og dei som driv konvensjonelt. Landbrukssjefen peiker på kor viktig anerkjenning frå dei rundt er; at ein føler seg inkludert og akseptert, og at ein har gode system, som gjer at ein kan driva på ein måte som gir mening for kvar enkelt aktør.

### **Oppsummert delkapittel 4.3.**

Dette kapittelet har vist mange eksempel på relasjonar prega av gjensidig avhengigheit, der ein spelar kvarandre gode. Lokalmataktørane er opptekne av å løfta saman, og å bli best lokalt, samstundes som fleire av dei også satsar nasjonalt. Offentlege styresmakter spela ei rolle i opprettinga av det formelle lokalmatnettverket for 20 år sidan. Dei siste åra har ein samla seg om ei felles regional satsing rundt lokalmat. Den regionale satsinga tek det kollektive løftet opp eit nivå, og bidreg til å setta lokal matproduksjon og regionale verdikjeder på agenden. Tolga kommune er sentral i forhold til uformelle nettverk, og arbeider aktivt for å styrkja mangfald og bygge tillit mellom ulike matprodusentar. Dette gjer dei mellom anna gjennom å syne fram den gjensidige avhengigheita – korleis dei små og dei store produsentane betyr noko for kvarandre, og korleis økologiske og konvensjonelle gardbrukarar kan læra av kvarandre.

### **4.4. Den breie verdiskapinga**

Eg ynskja å undersøkje i kva grad brei verdiskaping kan vera eit nyttig omgrep for å synleggjera lokalmatnettverka sine bidrag til berekraftig samfunnsutvikling. I tabellen i vedlegg nr. 3., har eg forsøkt å kartleggja indikatorar på ulike former for verdiskaping i formelle og uformelle lokalmatnettverk i Fjellregionen. Denne kartlegginga er basert på intervjuar, og representerer informantane sine perspektiv. Oppsummeringa er ikkje uttømmende, og alt passar ikkje på alle informantane, men tabellen gir eit bilete av kva dei ser som verdiar og aktivitet som nettverk generer. Eg har i størst mogleg grad nytta deira ord og beskrivingar. Eg har teke utgangspunkt i tabell 1. «Eksempel på overordna indikatorar knytt til ulike former for verdiskaping», og nytta indikatorane i denne tabellen. I tillegg har eg lagt til nokre nye indikatorar som eg såg peika seg ut i empirien, mellom anna «utviklingskultur» og «tryggleik». I arbeidet med denne kartlegginga har eg også lagt til kategorien *den totale verdiskapinga*. Dette er ein samlande kategori som seier noko om retning; mangfald,



verdipluralisme, kretsløp, langsiktig planlegging, synergjar. I desse siste indikatorane ligg mykje av evna til å henta ut meirverdi ved å sjå samanhengar og kopla ulike former for verdiskaping saman.

Brandtzæg og Haukeland skriv i sluttrapporten av Naturarven som verdiskapar at; «*bred verdiskaping er et konsept som i utgangspunktet kan virke abstrakt, men etter hvert som man setter seg inn i hva det innebærer, er det veldig konkret (2014:41).*». Dette samsvarar bra med mi oppleving av å jobba med omgrepet. Etter kvart som ein nyttar dette som eit verktøy for å sortera og setta ord på ulike former for verdiskaping, går det lettare å plassera dei ulike formene for verdiskaping. Samstundes oppdagar eg stadig nye koplingar mellom dei ulike formene for verdiskaping. Det at det er mogleg å identifisere og fylla ut dei ulike indikatorane for brei verdiskaping med utgangspunkt i intervju, viser kanskje at informantane er langt framme i å tenka og kommunisera rundt heilskapen i det dei jobbar med. Det kan også tyde på at brei verdiskaping som verktøy er eigna til å synleggjera verdiskapinga frå aktørar som jobbar strategisk med berekraftig utvikling. I dette avgrensa masteroppgåvearbeidet, har eg teke utgangspunkt i informantane sine perspektiv. Samstundes bør ein nok kartleggja den breie verdiskapinga gjennom ein større, og meir kollektiv prosess, der fleire er med å rapporterer på dei ulike indikatorane.

#### **4.4.1. Nyskaping – gjennom tillit og samarbeid**

Informantane er aktørar som vil skapa noko med utgangspunkt i eigne ressursar. Dei kombinerer ressursar dei sjølv har, mellom anna kunnskap, erfaring og gardsbruk, med ressursar i lokalsamfunnet som kultur, tradisjonar, identitet og landskap - for å skapa utvikling, aktivitet og arbeidsplassar på staden. Det at dei vil skapa noko er heilt sentralt, samstundes som dei vil skapa det som ein del av konteksten dei er i, og byggja vidare på eit grunnlag som dei finn lokalt. Og dei fortel at når ein samarbeider så vert det enklare å lykkast med denne verdiskapinga.

Gjennom empirien, og kartlegginga av den breie verdiskapinga, dukkar det opp eit slags mønster. Det ser ut som at kombinasjonen av ulike verdiskapingsformer bidreg til å *skapa endring*. Og det kan verka som sosial verdiskaping er bindeleddet som får ting til å skje. I mange tilfelle ser det ut til at når sosial verdiskaping møter økonomisk verdiskaping, og ein tilset kulturell og eller miljømessig verdiskaping, så får ein innovasjon, nyskaping og samskaping. Som peika på i delkapittel 4.3., så har aktørane jobba svært mykje med sosial

verdiskaping, med verdien av å jobba saman og gjennom kollektivt løft. Dei har bygd opp satsingar i fellesskap, inspirerer kvarandre og lærer av kvarandre. Gjennom dette verker det også som om dei har laga god grobotn for nyskaping og samskaping. Som tidlegare nemnt bygg dei mellom anna på det ein informant kallar «overlevingsmentaliteten» som er i regionen, og at det er del av kulturen at ein må «stå på og jobbe», og at ein ikkje får noko gratis. Dei har også jobba svært mykje med å byggja tillit, og denne tilliten er viktig når ein skal skapa noko nytt saman. Eg finn mange eksempel på at lokalmataktørane innoverer, utfordrar, utforskar, og her er nokre eksempel:

### **Fornya og innovera**

Fleire peika på at lokalmataktørar og lokalmatnettverk bidreg til å gjere staden meir interessant, gjennom at noko fornyar seg. Dei er opptekne av å tenke saman, og skapa saman. Som ein av informantane peika på så er det; *«typisk at ein sitt i kvart sitt hjørne og tenker sine tankar»*. Dette prøver dei å gjera noko med, og filosofien er at jo fleire som tenker saman, jo meir nyskaping. Lokalmataktørane er aktive i å utvikla nye område saman med politikarar og verkemiddelapparat. Dei fortel mange historier om nybrottsarbeid, mellom anna om unike produkt, og nye produksjonsmetodar, og det er tydeleg ein vilje til å testa ut nye ting. Ein informant peiker på at dei ynskjer å tenke smartare, og skapa vekst gjennom å utnytta råvara betre. Fleire av informantane bruker kvarandre sine produkt og restprodukt, og jobbar med å skapa nye produkt, ved å kombinera kvarandre sine råvarer eller foredla produkt. Dagleg leiar i Galåvolden Gård fortel at dei ynskjer å samarbeid om produkt:

Det er jo det som er suksesshistoria bak Rørosmat, det er jo at vi samarbeider på alle plan. Så begynner jo liksom.. i alle distrikt så skal dei laga samarbeidsopplegg på sal av lokalmat. Men eg trur at samarbeid må gå lenger, med meir samarbeid om produksjon og sånn. Og det er vi eit eksempel på det vi driv av utvikling blant anna med RFB. I standan for at vi bygg opp den kapasiteten inne på garden, så sett vi det inn i eit selskap saman med andre, så får vi meir kraft og løfter saman.

Mange av informantane utfordrar direkte eller indirekte «vedtekne sanningar» om kva som ikkje lønar seg innanfor dagens system. Gjennom å utforska og prøve ut, finn dei fram til kva som kan fungere. Gjennom dette bidreg dei mellom anna til å snu fastgrodde haldningar rundt kva ein kan eta og kva ein kan dyrka. Dagleg leiar i Fjellurt fortel mellom anna:

Og så ein anna ting som triggjar meg litt, i mine unge dagar - når eg var forholdsvis fersk på bruket her – så var eg med i ei gruppe som skulle sjå på strategisk næringsplanlegging i Tolga kommune. Då ymta eg frampå at, ja, det gjekk no ann dyrke eitt og anna her med då, som kanskje ikkje berre var det som var opplest og vedteke. Altså; gras, rips og rabarbra - det gjekk på Tolga - det var opplest og vedteke.

Men alt det andre eg driv med her, det var eigentleg slikt som «*det går ikkje ann å dyrke*». Ja, det har vorte litt dyrking av bygg og slik seinare, til krossing og slikt, så det viser at det går faktisk så vidt ann. Men ja, ein skal vera litt trassig for å gå på slike ting. Nei, så ein må jobbe med å forbetre lokalklimaet – for å lykkast både med grønsaksdyrking, og urtedyrking, i regionen her.

I det formelle nettverket gjennom Rørosmat, er dei opptekne av nye områder dei kan utvikla saman med verkemiddelapparat og politikarar, der ein utnyttar moglegheiter ein har lokalt. Dei prøver også å læra av andre lokale verksemder, og å henta inspirasjon frå aktørar som driv med andre ting enn lokalmat.

### **Sett seg store mål**

Nokre informantar peiker på at det er viktig å ha ambisjonar og å sette seg store mål. Rørosmeieriet peiker på at dei kan vera ei drivkraft for endring, med satsingar som plussindustribygg og opplevingssenter. Meieristyrar i Rørosmeieriet seier at:

Så lenge du har trua på noko, så er det ufatteleg kva du klarer å få til altså. Dersom du har trua på samarbeid, og trua på lokalmat, og trua på at ein har noko å formidla. (...) Våre val betyr mykje meir enn det folk trur. Dersom du sett litt i system, så trur eg at vi har mykje større moglegheit til å påverka enn det folk eigentleg trur. Men vi må heile tida henge opp nokre mål, og så må vi berre sakte men sikkert ta avgjerder som gjer at det bikkar litt rett veg kvar einaste gang. (...) «The Green Valley» har eg som ein visjon. Og det betyr at når du om 20 år flyg over her, eller når du ser på kartet over Nord-Østerdalen, og samanliknar 2015 i mot 2035, så skal det visast på eit vis at dem områda har vorte ein litt anna grønfarge. Det er ikkje berre skog, men det er faktiske litt Sveits då. Eg synst.. det er sikkert ikkje alt som er bra i Sveits, men akkurat kulturlandskapet, beitinga, utnytting av utmarka er veldig bra. Og dersom vi lykkast med det i området her, som er 5-700 meter over havet, og viser at det går ann å drive berekraftig jordbruk, då bør det vera ei rettesnor ovanfor resten igjen, som gjer at .. (...) vi klarer ikkje å endre alt, men vi kan endre ting i rett retning altså.

### **Smitteeffekt**

Lokalmatnettverka skapar sosiale verdiar gjennom å samarbeide og kommunisere. Informantane peiker på at det oppstår ein smitteeffekt, og at når nokon startar opp, vert andre inspirert av dette. Det treng ikkje bety at andre gjer akkurat det same, ein kan finne sin eigen vri. Samstundes er det viktig at nokon viser veg, og viser kva som er mogleg. Meieristyrar i Rørosmeieriet fortel at dei inspirerer kvarandre;

Eg trur, det er no stoltheit då. Og det er no stoltheit som gjer at når nokon har klart å lykkast med det her, når du har eit nettverk som funkar, så kan det jo hende at det er fleire som sitt på ein måte og lurar på; «skal eg komme i gang, tørr eg å gjera det her». Og så; «ja, han har no lykkast, og han fekk no hjelp der, og det gjer at eg og tør å begynne». Og det er nok litt av årsaka til at det er så mange som driv på

med lokalmat oppi her. Ein har sett at nokon har gått i front, fått det til .. gjer at du og dreg med deg fleire. Og at i området her då (..) er det veldig mykje sånn overlevelsmentalitet og grundermentalitet til folk oppi her, som gjer at dei – «*ja, det skal vi jammen meg prøve*».

Dagleg leiar av Galåvolden Gård peiker også på at det formelle nettverket gjennom Rørosmat, gjer det lettare å satsa:

heilt klart at Rørosmat har bidratt til at det er mykje større tettheit av produsentar som foredle sjølv enn det er i mange andre distrikt. Når du først har eit miljø og eit nettverk å slutta deg til, så er det mykje enklare å starte opp. Enn om du skal starte opp liksom heilt for deg sjølv. Så sånn sett så har det nok vert eit vesentleg bidrag.

### **Utfordrar kvarandre**

I det formelle nettverket jobbar dei stadig i strategiprosessar for å bli betre og tydlegare. Saman legg dei også føringar for korleis medlemene må ta omsyn til berekraft i si drift.

### **Skapar kollektivt handlingsrom for endring**

Som presentert i kapittel 2., finst det mange ulike måtar å tilnærma seg berekraftig utvikling. I lokalmatnettverk i Fjellregionen verker det som om dei finn mange av løysingane saman, samstundes som dei dreg med regionen, og skapar aktivitet som spelar på kultur og miljø (jfr. «i takt med naturen», «best lokalt», «saman om matglede»). Saman skapar dei det vi kan kalla *eit kollektivt handlingsrom* for å adressera natur, kultur og berekraft (Jakobsen 2016, video). Det dukkar stadig opp spørsmål og utfordringar i forhold til berekraft, mellom anna knytt til kva som er mest klimavenleg produksjon. Dette er utfordringar dei adresserer saman. I det formelle nettverket gjennom Rørosmat har dei mellom anna berekraft i vedtektene, og i fellesskap drøfter dei korleis medlemene i nettverket kan arbeida med berekraft i sin produksjon. Fleire av verksemdene arbeider med å auka kunnskap og bevisstheit om berekraft og kretsløpsforståing. Det dei gjer i det formelle nettverket må vera etterprøvbart, ettersom det ei samvirkeverksemd, og ettersom ein kommuniserer mot lokale, regionale og nasjonale kundegrupper. Dette gjer dei sårbare, samstundes som det kanskje er med på å byggja tillit. Og dei inviterer fleire med inn i dialogen rundt mat. Eit mogleg eksempel på dette var i fjor då Rørosmeieriet oppdaga at tette-kulturen som dei brukar til å laga tjukk mjølka si hadde slutta å virka. Dei gjekk då ut i nasjonale media, og spurde om det var nokon som hadde gammal tjukk mjølk ståande, mellom anna på hytta. Meieristyrar fortel at dei fekk ein enorm respons, og mange sendte dei tjukk mjølk. Denne prosessen viser openheit og sårbarheit, der

ein næringsaktør går breitt ut og involverer alle. Den store responsen dei fekk tyder kanskje på at folk saknar meir felles engasjement rundt mat og matkultur?

#### **4.4.2. Vanskeleg å kommunisere heilskapen**

Informantane meiner generelt at det er lett å formidle verdiane som lokalmatprodusentar og lokamatnettverk bidreg med. Dei opplever at lokalmat er «in» og lett å kommunisere. Det verkar som folk har ei positiv grunnhaldning til lokalmatnettverka, og ein informant peiker på at dei føler seg litt dyrka som heltar lokalt. Dei opplever at mange er stolt over det dei får til, og glad for at dei bidreg til merksemd og utvikling. Sjølv sagt kan det vera nokre som er negative, men dei merkar ikkje så mykje til dette. Kommunar, andre verksemdar og folk i regionen er glad for at lokalmataktørar har satt Røros på kartet, og gjort regionen kjent for lokalmat. Det er mange som har nytte av dette, og dei peiker på at det er mange ting som går under «merkevara Røros», ikkje berre lokalmat. Mange trekk fram at dei får mykje besøk og anerkjening, frå heile landet. Samstundes som det er lett å kommunisere lokalmat, peiker ein av informantane på at det er noko anna når det kjem til sal, og at det kan vera vanskelegare å tene pengar på det. Han opplever at forbrukarar oftast vil velje det som er billigare. Fleire av informantane peiker på at dei må jobbe for å formidle heile verdikjeda, slik at kunden kan sjå vara som ein prosess.

#### **Det viktige mangfaldet**

Fleire av informantane synst det er vanskeleg å kommunisere kor avhengig ein er av mangfaldet, den totale verdien, og at både dei små og dei store aktørane i landbruket er viktige for kvarandre. Ein informant peiker på at det er ein verdi som fell dersom ein optimaliserer og effektiviserer «for gæli», og at dette også er viktig å få fram. Eit viktig poeng for informantane er at dei treng både dei store og dei små. Dersom dei små vert borte, forsvinn også viktige inspirasjonskjelder og innovasjonsdrivarar for dei andre. Dei er opptekne av at ein må ha nokre store, tunge aktørar i alle ledd, og samstundes ha mangfaldet, med nokre mindre som supplerer. Det er ofte nisjeproduksjonen som vert trekt fram, og som bidreg til innovasjon.

#### **Oppsummert delkapittel 4.4.**

Brei verdiskaping kan nyttast til å synleggjera korleis lokalmatnettverka skapar verdier for fleire enn seg sjølv. Dei reflekterer rundt korleis dei skapar verdier for miljøet, for lokalsamfunnet og for det øvrige næringslivet i regionen. Informantane er opptekne av korleis

verdiskaping heng saman, og kor viktig mangfaldet er for innovasjon. Gjennom intervjuet såg eg særleg at den sosiale verdiskapinga peika seg ut som ei drivande kraft, noko som tydeleggjorde det nyttige skilet mellom kulturell og sosial verdiskaping.

#### **4.5. *Utfordringar framover***

Med tanke på ei sånn lita bygd, oppunder fjellbandet, så blir det heilt feil å skulle tilnærma seg industrilandbruket. Men ein har jo ikkje noko val då. Det er det som skjer. Skal du vera med så må du satse sant, og då må du bli stor. Så dessverre så meiner eg det går feil veg. (dagleg leiar Vingelen Kjøtt)

Dei ulike informantane er deler av verksemdene som har ulike storleik og jobbar med ulike deler av verdikjeda, og utfordringar varierer sjølvsagt. Men likevel er det mykje som går att med tanke på kva dei opplever som utfordringar, både i notid og i framtid. Her kjem ei kort oppsummering, basert i kva dei sjølv svara som dei største utfordringane.

#### **Rammevilkåra for primærproduksjonen og økonomisk lønsemd**

Landbrukssjefen i Tolga kommune peiker på at mange legg inn mykje meir arbeidsinnsats enn det dei får betalt for. På spørsmål om kva som er den største utfordringa svara ho:

Lønnsomheit. Det er.. vi har jo mange eksempel på lokalmatprodusentar som har drevet lenge, som har drevet i mange år, utan å eigentleg få tilbake den resursen dei legg inn. Det er utfordring i forhold til prissetting av produkt, det å kunne sjølvsagt ta betalt for den tenesta ein faktisk yter. Det er veldig stor del av lokalmat-sjiktet i Norge, trur eg, er dugnad. Med lidenskaplege produsentar som på ein måte har ein kjærleik til det dei gjer, og dei produkta dei har, og som eigentleg ikkje tørr å sjå på økonomien i det dei held på med. Det vert både eit yrke, og ein hobby. Og det er ei utfordring. Og det er også ein sårbarheit i forhold til trendar i forhold til betalingsvilligheit på produkt blant anna.

Fleire av matprodusentane knyt politiske føringar opp mot det ein informant kalla «kampen mot kostnader». Dei peiker særleg på volum i forhold til driftskostnader, og at det er ei grense for kor liten produksjon ein kan ha, og at denne grensa stadig vert flytta høgare. Fleire av informantane peika på eit press i retning av å ha større produksjon.

#### **Mot ein metta marknad?**

Fleire av informantane reflekterte rundt korleis marknaden kjem til å endre seg i framtida, og nokre peika på at nisjeproduksjon i Norge kanskje var på veg mot eit mettingspunkt. Som ein av informantane peika på; «folk må jo ha kjøpekrafta, og det må vera interesse». Fleire fortalde at Rørosmat var tidleg ute, og at det no hadde blitt ein auka etterspurnad etter lokalmat i marknaden. Dette betyr mellom anna at dei må jobbe hardt for å ta vare på merkevara. Ein av informantane peika på at «alle» ikkje kan drive med lokalmat, og at det

vert for dyrt for kundane. Fleire peika på at aukande konkurranse og tal lokalmatprodusentar er ein kjempeviktig verdi nasjonalt. Samstundes peiker nokre informantar på at dei ikkje er mange nok folk i regionen til å eta all maten dei produserer, så dei må også eksportera, og det er her konkurransen mot andre aktørar slår inn.

### **Kommunisere tilleggskvalitetar**

Ein informant fortalde korleis ein heile tida høyrer at sal av lokalmat aukar, og at sal av økologisk mat aukar, men at det ikkje nødvendigvis betyr meir sal. Informanten meiner at det er nokre mekanismar som slår inn, som gjer at det ikkje er så enkelt, men samstundes kan ein vera meir slagkraftig gjennom nettverk. Lokalmataktørane må bevisa tilleggskvalitetar og verdiar, og marknaden må ha tru på det, oppfatta det same og vera villige til å betala. Paradokset ein informant trekk fram, er at det er vanskeleg å kommunisere verdien av lokale matvarene samstundes som ein del andre matvarer vert «dumpa» i marknaden.

### **Rigga forretningsmodell**

Det formelle nettverket, gjennom Rørosmat, jobbar for å finna ein modell som ivaretek medlemsmassen, med store og små verksemdar, rettferdig. Dei ynskjer også ein forretningsmodell som handterer at det er mange som vil besøke dei og lære frå dei. Dei er opptekne av å ha ei samfunnsrolle, og å formidle kunnskap til andre, samstundes som dei først og fremst må ha fokus på egne medlem.

### **Krava vert stadig større**

Informantane peiker på at krava i handelen og frå kundane aukar stadig. Fleire peika på at dersom ein ynskjer å henge med så må ein bli stadig meir profesjonell, og at det er enklare å bli profesjonell gjennom eit nettverk. I daglegvarehandelen er det mellom anna visse vindu for å delta og reglar for opplysningar som skal fram på varene. Samstundes har butikkane generelt fleire og fleire lokalmataktørar å velja blant. Ein av informantane fortel at før kunne ein berre gå til nærbutikken og levere litt, men no er det stadig større krav til at alle varer må vera sentralt godkjent. Ein av informantane trur at dei auka krava, kombinert med auka konkurranse, kjem til å føre til ei større todeling innanfor lokalmatbransjen. Dette inneber at skiljet mellom dei som kan tilfredsstilla krava, og dei som driv på «i smått» med mellom anna Bondens Marknad og hotell, vil auka. Nokon av informantane opplever at det er enklare å kome til i gardsmatutsal og spesialbutikker, og at det er lettare lokalt. Men som ein informant peiker på, så skal ein ikkje veldig langt «ut» før det er mykje trongare om hylleplassen.

### **Kven finansierer mellomrommet – kunnskapsdeling?**

Informantane er generelt svært nøgd med at ein no har fått til ei samhandling i regionen, med utgangspunkt i lokalmat. Dei ser også potensialet for større samhandling i heile regionen, på alle ledd. Mykje av arbeidet dei legg ned, saman med kommunar og regionrådet har parallellar til arbeid med lokal samfunnsutvikling. Dette er ikkje reint marknadsarbeid for det formelle nettverket i Rørosmat, og dei kunne heller ha brukt tida på sal. Samstundes ligg det i deira plattform og forretningsmodell at dei ynskjer å styrke den lokale marknaden:

Derom du tenker Røros her, eller Rørosregionen her ikkje sant (teiknar på ark). Dersom du tenker at innanfor den sirkelen der, dersom vi bruke mest mogleg av oss sjølv innan her, og eksportere minst mogleg ut – då kanskje vi treng å importere lite og, av kjøtt, mjølk, ost og sånn ting. Og då får du verdiskapinga inni her. Om det er på Røros eller Tynset eller Alvdal, det spiller jo ikkje noko rolle kor det er hen. Men inni regionen her. Og det er jo litt viktig – å få verdiskapinga lokalt. Så det er jo litt av utfordringa og litt av jobben no. Utfordringa i den samanheng er jo å ha midlar til å jobbe med sånt. For det er tidkrevjande. Og tid kostar. Og der er det jo ikkje noko.. kven finansierer det?

Nokre av informantane peiker på at det kan vera eit problem at det vert mindre politisk vilje til å løyva prosjektmidlar, og mindre overføringar gjennom regionale verkemiddelapparat. Det kan vera krevjande for næringsaktørar å ha rom til å jobbe med «dei store samfunnslinjene». Dette er eit ansvar dei ynskjer å ta sjølv, samstundes som dei treng nokon å støtte seg på.

### **Oppsummert delkapittel 4.5.**

Dette kapittelet har vist nokre eksempel på spenningsfelt som lokalmataktørane står i. Mange av dei utfordringane dei står overfor, kan sjåast i lys av møtet mellom mekanisk og organisk verkelegheitsforståing. Eit eksempel på den dominerande mekaniske verkelegheitsforståinga finn vi mellom anna i det som opplevast som ein «låst» retning for utviklinga; mot stadig større og meir effektive gardsbruk.



## 5. Drøfting

I dette drøftingskapittelet vil eg sjå tilbake på dei tre forskingsspørsmåla i innleiinga. Med utgangspunkt i teorien presentert i kapittel 2., og empirien presentert i kapittel 4., vil eg drøfte rundt moglege svar på desse forskingsspørsmåla.

### ***5.1. Relasjonar kjenneteikna av gjensidig avhengigheit***

Det første forskingsspørsmålet er; *Kva kjenneteiknar relasjonane mellom nokre sentrale aktørar i lokalmatnettverk i Fjellregionen?* Eit slikt kjenneteikn som peiker seg ut i empirien er samarbeid og kollektivt løft. Informantane opplever samarbeid som ei viktig drivkraft for utvikling, og mange legg vekt på at dersom ein gjer ting saman, så får ein meir kraft. Fleire av informantane gir tydeleg uttrykk for at dei er avhengig av samarbeid med kvarandre, og nokre peiker på at dette ligg i kulturen; ein slags overlevingsmentalitet – der samarbeid lenge har vore eit heilt sentralt element. Fleire informantar trekk fram rausheit, og det er tydeleg at mange av relasjonane er prega av at ein har tru på, og tillit til kvarandre. Samstundes er relasjonane prega av eit felles ynskje om å skapa noko. Og i denne prosessen med å skapa utfordrar dei også kvarandre til å bli betre.

Oppsummert kan ein seia at relasjonane er prega av gjensidig avhengigheit. I det ligg det ei anerkjenning av at dei ulike aktørane er viktige for kvarandre. Samstundes bygg dei på gjensidig avhengigheit til lokalsamfunna, den lokale kulturen, og dei naturgitte føresetnadane på staden. Lokalmataktørane har også teke med seg forståinga av gjensidig avhengigheit og samarbeid, inn i det regionale samspelet, som dei har bidrege til å styrka og utvikla.

I kapittel 2. såg vi at fleire teoretikarar peiker på eit naudsynt skifte i retning av å anerkjenna samarbeid si viktige rolle i berekraftig utvikling. Særleg er meir samarbeid i nettverk viktig for å finne kretsløpsløyser som konkurransemarknaden ikkje er like eigna til å finne. Dersom ein samhandlar på fleire ledd i verdikjeda, vil det vera lettare å komme fram til effektive og gode kretsløpsløyser. Ingebrigtsen og Jakobsen peiker på at eit sentralt element i å utvikle verdikjeder innan kretsløpsøkonomi handlar om å fasilitera kommunikative arenaer, noko vi kjem tilbake til i delkapittel 5.3.

An important structural implication of the circular value chain is thus the establishment of a communicative arena where the actors involved exchange information in the fields required to reach effective, efficient and equity-based solutions. (Ingebrigtsen og Jakobsen 2011:266)

## **5.2. Kretsløp, lokale verdikjeder og samfunnsretta næringsutvikling**

Det andre forskingsspørsmålet er: *Korleis kan omgrepa mekanisk og organisk*

*verkelegheitsforståing kasta lys over deira tilnærming til berekraftig samfunnsutvikling?*

I empirien finn eg eit fokus på å bli «best lokalt». Informantane er opptekne av kretsløp, lokal forankring og samarbeid i nettverk. Som nemnt anerkjenner dei gjensidig avhengigheit til samfunnet ein er del av, naturen, kulturen og økonomien. Samstundes nyttar dei sosial verdiskaping som plattform for å knyte saman dei ulike verdiane. Den totale verdien er viktig for dei, og fleire av informantane peiker på behovet for mangfald. Dei utfordrar kvarandre på å bli betre i forhold til berekraft, gjennom openheit og kritiske blikk, som gjer at dei ulike aktørane må tenke gjennom ulike aspekt av sine verdikjeder. Det kan sjå ut som figur 4., «den integrerte kretsløpsmodellen», er godt eigna som ein illustrasjon av mykje av den verdiskapinga vi finn i lokalmatnettverk i Fjellregionen. Kretsløpsmodellen illustrerer ein sirkulær prosess, i motsetting til den meir lineære forståinga i tradisjonelle økonomiske verdikjeder (Ingebrigtsen og Jakobsen 2004).

Kva lokalmataktørane fortel om sine eigne drivkrefter er også interessant i lys av skiljet mellom mekanisk og organisk verkelegheitsforståing. Jakobsen og Ingebrigtsen peiker på korleis vi kan forstå menneskelege aktørar på ulikt vis (2009), avhengig av kva verdsbiletet ein legg til grunn. Omgrepet «economic man», ein rasjonell nyttemaksimerar, verkar lite eigna for å forstå dei informantane eg har intervjuat. Det kan verka som om ein kombinasjon av «social man» og «ecological man» er betre eigna til å reflektera informantane si rolle som næringsaktørar. Noko som var felles for informantane var ei drivkrafta til å skapa noko. Dei ynskja mellom anna å skapa liv i lokalsamfunnet, skapa eigen arbeidsplass, dyrke fram noko, skapa stoltheit og/eller skapa samarbeid. Dette vitnar om ei orientering ut mot samfunnet rundt seg. Nokre av informantane har også ei sterk orientering i retning av miljømessig berekraft – dei er opptekne av at deira drift skal gå føre seg på ein måte som har minst mogleg påverknad på miljøet. Dette syner seg mellom anna i uttrykk som «*i takt med naturen*». Når det gjeld Ingebrigtsen og Jakobsen sitt omgrep om «cosmic man», meiner eg at dette omgrepet kanskje ikkje er så relevant for denne masteroppgåva. Det var heller ikkje målet for oppgåva å kartleggja aktørane sine drivkrefter, men det har vist seg å vera eit interessant element i forhold til å forstå den konteksten dei er i. Det er interessant å merka seg, både i forhold til berekraftig utvikling, og forståinga av aktørar si drivkraft, at mange synast motivert av det som er nært. Kanskje er det litt stort å ta inn over seg, og forhalda seg til «heile verda»? Ein kan kanskje tenke seg at dersom ein skal nå nivået «cosmic man», er det naudsynt å ha internasjonale og nasjonale styresmakter med på laget. Styresmaktene er i posisjon til å ha eit

betre overblikk, og leggja til rette for samspel på eit meir overordna nivå. Det er kanskje også noko av dette som ligg i Ostrom sin påstand om at eit overordna mål for styresmakter bør vera å leggja til rette for organiseringsformer som «*får fram det beste i menneske*» (2009:436)? Og i Fjellregionen har både Miljødirektoratet og Røros kommune hatt ei rolle som premisgivarar, mellom anna gjennom Lokal Agenda 21-satsinga for 20 år sidan. Samstundes er regionrådet og Tolga kommune i dag viktige medspelarar.


I kapittel 2. såg vi at den mekaniske verkelegheitsforståinga tolkar utvikling i ei bestemt retning, noko som gir lite rom for kreativitet og mangfald. Fleire av lokalmataktørane i Fjellregionen utfordrar denne fastlåste retninga. Eg finn eksempel på aktørar som tek grep for å skape eigne arbeidsplassar og forme den framtida dei ynskjer. Gjennom respekt for naturen og kulturen på staden, utviklar dei eit næringsliv som kan skape stoltheit og identitet, og inspirera andre til å satsa. Dei driv det vi kanskje kan kalla for *samfunnsretta næringsutvikling*. I den samanheng er det også interessant å merke seg at mange av utfordringane informantane peiker på ser ut til å oppstå i møtet mellom organisk og mekanisk verkelegheitsforståing. Kapittel 2. viser korleis det innanfor ei mekanisk verkelegheitsforståing ofte er vanskeleg å kommunisere heilskap. Informantane peiker mellom anna på at det er vanskeleg å nå fram til nasjonale styresmakter med budskapet om kor avhengig ein er av mangfald, og at ein treng både dei små og dei store produsentar.

### **5.3. Brei verdiskaping – syner dei gøynde verdiane**

Det tredje forskingsspørsmålet er; *I kva grad kan brei verdiskaping vera eit nyttig omgrep for å synleggjera lokalmatnettverk i Fjellregionen sine bidrag til berekraftig samfunnsutvikling?*

Den breie verdiskapinga kan fungere som synleggjering og kartlegging av det Capra og Henderson peiker på som kvalitative aspekt ved verkelegheita (2009). Samstundes tilbyr brei verdiskaping ein måte å nærma seg berekraft i praksis. Empirien viser at den sosiale verdiskapinga har ein rolle som nøkkel og lim. Mykje av nyskapinga og utviklinga rundt lokalmat i Fjellregionen skjer gjennom nettverk, samarbeid og dialog. I den tradisjonelle inndelinga av berekraftig utvikling viser ein til tre dimensjonar som grip inn i kvarandre, og som må balanserast; sosial, miljømessig og økonomisk. Jakobsen og Ingebrigtsen presenterer i verditriangelet dei tre elementa natur, kultur og økonomi. Basert på empirien, er det særleg interessant å trekka fram skiljet mellom sosial og kulturell verdiskaping, slik Haukeland og Brandtzæg har definert dette (2009; 2014). Kulturell verdiskaping handlar her om å styrka kunnskap og bevisstheit rundt symbol, identitet, tradisjonar og historie. Sosial verdiskaping

handlar om styrking av koplingane mellom menneske, og utviklinga av noko felles, for eksempel gjennom samarbeid, nettverk, tillit og tilhøyrse. Med utgangspunkt i dette skiljet, har eg laga ein oppdatert versjon av verditriangelet (2013:82), figur 10. Her har eg kombinert verditriangelet med *brei verdiskaping*, og lagt inn sosiale verdiar som bindeledd mellom dei andre formene for verdiar/ verdiskaping.



Figur 10. Verditriangelet 2.0. - som syner den sosiale verdiskapinga si sentrale rolle

Jakobsen og Ingebrigtsen har også framheva den kommunikative arenaen sin rolle som sentralt bindeledd mellom dei ulike dimensjonane av berekraft (2006:14, praktiske eksempel). Og dei peiker på at vegen frå utelukkande monetære verdiar til verdimangfald, går gjennom dialog;

Within a competitive market economy, it is difficult or, perhaps even, impossible to handle problems concerning the interplay between economy, nature and culture. The reason is easy to grasp: the market is limited to dealing with cases in which the alternatives can be compared on a one-dimensional economic scale, whereas integrated problems presuppose pluralistic values. In our opinion, it is necessary to develop new arenas based upon cooperation and communication between agents representing different value systems (2011:267)

Det er dette samspelet, mellom aktørar som representerer ulike verdisystem, brei verdiskaping søker å synleggjera. Og aktørane i Fjellregionen har skapt eit slikt samspel ved å byggje si verdiskapinga rundt lokalsamfunn og miljømessige forhold.

I prosessen med å identifisere dei ulike formene for verdiskaping reflekterte eg over at det er eit skilje mellom verdiar, som ligg der latent, og *verdiskaping*. Kulturell verdiskaping handlar mellom anna om å *auka* kunnskap, auka bevisstheit eller å styrka lokal identitet. Miljømessig verdiskaping handlar mellom anna om å fysisk *ta vare på* eller *styrke* noko, eller å *reduere* negativ påverknad. Vi ser altså at noko vert styrka, vert betre, vert meir tydeleg og forståeleg, som resultat av ein prosess. Innanfor begge desse formene for verdiskaping kan ein, paradoksalt nok, skapa verdiar ved å la vera å gjera noko; altså velje ein type handling framfor ein anna. Sosial verdiskaping spelar her ein sentral rolle, og demonstrerer tydeleg at verdiar vert skapt gjennom interaksjon mellom menneske. Sosial verdiskaping handlar om å skapa noko saman, for eksempel skapa felles forståing, engasjement, tillit eller tilhøyrse (Haukeland og Brandtzæg 2014). Gjennom den sosiale verdiskapinga kan ein for eksempel auka kunnskapen om korleis ein styrkar biologisk mangfald. At dette også handlar om å *skapa noko*, kan komme tydelegare fram dersom ein skal utvikle ei form for indikatorsystem som kan nyttast i arbeid med regional og lokal planlegging. Ved å spørja om ein skapar verdiar for miljøet, eller om ein skapar verdiar for lokalsamfunnet, vert det kanskje lettare å oppdage den moglege verdiskapinga?

Noko av utfordringa i forhold til brei verdiskaping er kanskje *det ein ikkje ser*. Det ein sjølv registrerer som positiv verdiskaping, kan kanskje ha negativ påverknad ein anna stad, eller for dei andre formene for verdiskaping. Samstundes vil brei verdiskaping utfordre på samanheng mellom dei ulike verdiskapingsformene. Som vist i kapittel 2., kan ein ikkje definere noko som brei verdiskaping, dersom ei av verdiskapingsformene svekkar dei andre. Kva som svekkar og styrkar dei ulike formene for verdiskaping er spørsmål ein mellom anna må finne ut av i dialog. Det er gjennom dialog vi klarer å sette ord på, og dermed få auge på dei andre formene for verdiskaping, og Dybvig mfl. peiker på behovet for arenaer for dialog:

Et viktig bidrag i arbeidet med å initiere kursendring i retning av kretsløpsøkonomi er overgangen fra konkurranse til samarbeid som grunnleggende prinsipp for markedsatferd. Gjennom dialogbasert samhandling er det mulig å balansere eventuelle interessemotsetninger mellom natur, kultur og økonomi på en nyskapende og ansvarlig måte. Opprettelse av arenaer for dialog bidrar til mangfold både i perspektiv og verdier. Dialog er å dele tanker, erfaringer og meninger for å øke egen og andres forståelse og innsikt. I dialogen gis det rom og tid for refleksjon, og denne refleksjonen er nødvendig for å forstå både seg selv og de andre. (2013:81)

Dette handlar mellom anna om kjennskap til lokal kultur, lokale økosystem, menneska som bur på ein stad og liknande. Samstundes kan ein også tilsetta ein del «mekanisk» kunnskap, mellom anna knytt til naturvitskap. Lokale, regionale og nasjonale styresmakter kan spela ei

viktig rolle i å legge til rette for slik dialog. Vi har mellom anna sett korleis Tolga kommune arbeidar med å bygga tillit gjennom å løfta fram den gjensidige avhengigheita, og å vera tydeleg på kor viktig mangfaldet er. Med utgangspunkt i eit fokus på kva ein kan lære av kvarandre, og korleis ein kan styrke kvarandre, vert det skapt ein god arena for vidare dialog og verdiskaping.

### **5.3.1. Aktive verdiskaparar**

I delkapittel 2.4. såg vi korleis verdiskaping vert definert innanfor samfunnsøkonomien, og korleis denne forma for økonomisk verdiskaping først og fremst er eigna til å adressera materielle behov. Det er lett å sjå føre seg at det er mange behov som ikkje vert adressert, når det berre er snakk om økonomisk verdiskaping og materielle behov. Dette gjer det interessant å vurdere system som tek omsyn til behov for kvalitativ utvikling. Dette kan mellom anna dreia seg om sosiale behov. Og kva med vårt kollektive, grunnleggande behovet for velfungerande økosystem? Vert dette trumfa av konsumentsoverfloden i samfunnsøkonomien? Samstundes dukkar eit anna interessant spørsmål opp; er det slik at vi er passive mottakarar og konsumentar, eller kan menneskelege behov bli dekkja gjennom aktiv verdiskaping? Kan verdiskaping sjåast som ein prosess der mellom anna sosiale og kulturelle behov vert ivaretekne i prosessen? I denne prosessen kan ein også styrka kunnskap om, og samspel med økosystema, som dannar livsgrunnlaget vårt. Ved å avfeie kritiske spørsmål rundt behov og konsumentsoverfloden med at dette dreier seg om religiøse og filosofiske tankar om at menneske bør; «*reducere sine behov mest mulig*», ryddar Ringstad (2014) effektivt av vegen eventuell kritikk av dei samfunnsøkonomiske modellane. Som vi har sett, peiker omgrepet «*the fallacy of misplaced concreteness*» (Daly 1989) på abstraksjon som ligg til grunn for samfunnsøkonomiske modellar, der ein antek at det økonomiske systemet er ein refleksjon av den verkelege verda. I kapittel 2. såg vi korleis mange teoretikarar peiker på at dette er eit forenkla bilete av verkelegheita. Noko av det som kanskje vert synleggjort gjennom kartlegginga av den breie verdiskapinga i Fjellregionen, er at mange aktørar skapar verdier på måtar som vi ikkje har oversikt over i dag. Det vert då interessant å sjå på korleis vi kan trene oss i å sjå å anerkjenne desse verdiane, og korleis vi kan utløyse meirverdi som ligg i samspelet mellom dei ulike verdiskapingsformene (Haukeland og Brandtzæg 2014). Gjennom å ha større fokus på prosessen og det skapande (Lønning 2010;122), kan vi skapa kvalitativ vekst (Capra og Henderson 2009). Dersom vi har kvalitativ vekst som mål (Capra og Henderson 2009), må det også skje ei kvalitativ verdiskaping. Vi treng då nye verktøy for å synleggjera og sortera kulturelle, miljømessige og sosiale verdiskaping.

### 5.3.2. Mål som skapar kollektivt handlingsrom for endring

Delkapittel 4.4. ser mellom anna nærarar på korleis lokalmataktørane i Fjellregionen har skapt eit kollektivt handlingsrom for endring. Dersom nasjonale styresmakter ynskjer endring i retning av berekraftig samfunnsutvikling, kan det vera nyttig å utvikle brei verdiskaping som eit strategisk verktøy. Samstundes må dei overordna måla samsvara med dette verktøyet:

Det er viktig å få med seg at konseptet er tuftet på de helhetlige intensjonene i verdiskapingsprogrammene for kulturarven og naturarven, og at det ikke er snakk om å definere all verdiskaping som bred verdiskaping. Konseptet bygger på det premisset som ligger til grunn for begge verdiskapingsprogrammene hvor det står at arbeidet skal ikke bare fremme økonomisk utvikling og verdiskaping, men også sosial, kulturell og miljømessig utvikling og verdiskaping (Haukeland og Brandtzæg 2014:41)

Brei verdiskaping gir altså meining som styringsverktøy, så lenge målet er *berekraftig utvikling*. I kapittel 2. såg vi at dei overordna premissene som ligg til grunn for samfunnsutvikling i Norge i dag, mellom anna gjennom plan- og bygningsloven, er å fremja berekraftig utvikling. Med dette som utgangspunktet er det kanskje naturleg at all verdiskaping innan norsk samfunnsutvikling vert sett med brillene *brei verdiskaping*? Her vert det interessant å kasta eit blick til styresmaktene si rolle, i kraft av å sette retning for samfunnsutviklinga.

Byregionprogrammet, som Fjellregionen deltek i, er eit eksempel på at nasjonale styresmakter sett retning for utviklinga. Målet for dette programmet er utelukkande økonomisk vekst, samstundes som det også er fokus på samarbeid for å oppnå denne veksten. Som vi har sett av den foreløpige evalueringa til Leknes mfl. (2016), så er det få av satsingane i dette nasjonale programmet som adresserer berekraftig næringsutvikling. Samstundes har vi sett at noko av bidraget til lokalmatsatsinga i Fjellregionen kan sporast tilbake til Lokal Agenda 21- satsinga for 20 år sidan. Denne satsinga hadde berekraftig samfunnsutvikling som eit overordna mål.

Korleis skal ein utløyse samfunnsretta næringsutvikling, dersom ein ikkje er tydeleg frå nasjonalt hald om at berekraftig utvikling er ei prioritering? Vi har sett kor avgjerande tillit er i å skapa endring. Når ein løftar fram einsidige mål om økonomisk vekst kan ein kanskje tenke seg at dette skapar dårleg grobotn for tillit, ettersom ein då definerer ut viktige aktørar som forstår og brenn for kulturell, sosial og miljømessig verdiskaping. Einsidige monetære mål kan kanskje ha negativ effekt for tillit, nettverksbygging, og for moglegheiter for å utløyse samfunnsmessig meirverdi på sikt.

## 6. Oppsummering og konklusjon

Evolution is no longer seen as a competitive struggle for existence, but rather as a cooperative dance in which creativity and the constant emergence of novelty are the driving forces. And with the new emphasis on complexity, networks and patterns of organisation, a new science of qualities is slowly emerging (Capra og Henderson 2009:16)

*Korleis ser aktørane i lokalmatnettverk i Fjellregionen på eigne, og nettverka sine, bidrag til berekraftig samfunnsutvikling?* Denne undersøkjande problemstillinga danna utgangspunktet for masteroppgåva. Intervjua med informantane viser at dei forstår berekraftig samfunnsutvikling på ein måte som kan hjelpe oss til å sjå verdiskaping med nye briller. Deira forståing av berekraftig samfunnsutvikling handlar om å skapa noko, der ein ofte tek utgangspunkt i lokale ressursar, og bygg på lokale verdikjeder. Samstundes er dei generelt opptekne av at berekraftig samfunnsutvikling handlar om å skapa *positiv utvikling* i lokalsamfunnet. Dei har også fokus på neste generasjonar, og at ein må tenke langsiktig. Det er også interessant å sjå korleis dei fleste informantane gjer berekraft til «sitt» omgrep, og koplara det inn i sitt eige arbeid. Samstundes er det eit viktig funn at dei ser på samarbeid som ei sentral drivkraft for nyskaping og utvikling. Lineære verdikjedemodellar, og den tradisjonelle forståinga av økonomisk verdiskaping, gir ikkje eit fullverdig bilete av verdiskaping i lokalmatnettverk i Fjellregionen. Den integrerte kretsløpsmodellen (Ingebrigtsen og Jakobsen 2004; Jakobsen 2017) og brei verdiskaping (Haukeland og Brantdzæg 2009, 2014) gir difor verdfulle bidrag i forhold til å synleggjera den verdiskapinga som skjer med utgangspunkt i lokalmatnettverk i regionen.

Gjennom kapittel 2. og kapittel 4. finn vi fleire slike eksempel på at den mekaniske verkelegheitsforståinga ikkje gir oss noko fullgodt bilete av verda rundt oss. Dybvig mfl. referer til ei form for «*metafysisk blindhet*» innanfor økonomisk vitenskap, og Daly og Cobb (1989) viser korleis den økonomiske vitenskapen har abstrahert seg vekk frå samfunnet som økonomien var meint å tene, gjennom «*fallacy of misplaced concreteness*». Fleire av informantane peiker på at det er vanskeleg å kommunisere heilskap, og dei meiner at betydninga av mangfald og gjensidig avhengigheit må verta betre anerkjent i nasjonal politikktutforming. Dette er nokre eksempel som illustrerer at det ligg ein kompleksitet i den organiske verkelegheita som ikkje er så lett å få auga på gjennom modellar som er utarbeida med utgangspunkt i det mekaniske verdsbilete. Det synleggjer at vi har ein del «blinde



flekkar», noko som gjer det interessant å undersøkje korleis styresmakter kan jobba med å forstå og formidla komplekse samanhengar.

Samstundes er det kanskje ei utfordring å forstå og adressera kva som er drivkrefter for menneske. Menneske er neppe fullstendig nyttemaksimerande og rasjonelle aktørar.

Samstundes er det nok heller ikkje slik at alle tek omsyn til store eksistensielle spørsmål, og er i stand til å ta inn over seg korleis eigne val påverkar alle element til ei kvar tid. Dei fleste er nok opptekne av det som er nært, det som er rundt dei og dei som er rundt dei. Dette synte seg også blant mine informantar, dei ynskja å skapa positiv utvikling i sitt nærmiljø. Den tradisjonelle forståinga av verdiskaping gjer menneske om til passive konsumentar. I denne forståinga av verdiskaping står ein i fare for å oversjå mykje av drivkrafta som finst i menneske. Lønning oppsummerer dette slik «*Ligg fokuset berre på produktet vert mykje anna verdfull verdiskaping usynleg*» (2010:266). Denne drivkrafta for å skapa kan ein synleggjera og anerkjenna mykje betre i arbeid med berekraftig utvikling.

I innleiinga vert det peika på at styresmakter i fleire land no arbeider med å laga betre verktøy for heilskapleg politikkkutforming. Denne masteroppgåva syner at det er grunn til å tru at nye forståingar av verdiskaping vil kunne bidra til slike heilskaplege verktøy. Brei verdiskaping er eksempel på ei slik tilnærming, som er eigna til å byggja bru mellom den mekaniske og den organiske måten å tenke på. Kanskje er ikkje idealet at vi skal kunne måle miljømessig, kulturell og sosial verdiskaping på same måte som vi no gjer med økonomi. Men at vi skal forstå, og anerkjenne, og vite meir om korleis vi kan skapa meir verdi gjennom å sjå ting i samheng. Kanskje kompleksitet best let seg formidla gjennom eksempel og forteljing?

Mitt teoretiske bidrag, til det Capra og Henderson (2009:16) omtalar som «*...a new science of qualities*», kan oppsummerast på følgjande vis:

Sterke og gjensidige nettverk gjer at ein kan samarbeida om å ta vare på livsgrunnlaget, styrka livskvalitet og skapa tilstrekkeleg velferd. Samstundes er den organiske forståinga basert på gjensidig avhengigheit under press frå ei meir mekanisk verkelegheitsforståing der konkurranse, monetære verdiar og lineær verdikjeder er dominerande. Dersom berekraftig utvikling er målet, vert vi utfordra til å forstå verdiskaping på nytt. I arbeid med berekraftig utvikling treng vi strategiar og verktøy som trener evna til å reflektere rundt heilskap og samanhengar. Slike verktøy kan gjera både styresmakter og næringsaktørar i stand til å fange opp kompleksitet og trykke på dei rette knappane for å utløyse berekraftig meirverdi og «*bringe fram det beste i menneske*» (Ostrom 2009). *Sosial verdiskaping*, gjennom dialog, tillit

og samarbeid, er ein viktig nøkkel for at vi skal få auga på den verdiskapinga som i dag er «skjult» for oss, og utløysa meirverdi. Den sosiale verdiskapinga si sentrale rolle vert illustrert gjennom figur 10. «Verditriangelet 2.0.»

I fiskegarnet såg Barnes (1952) dei usynlege koplingane mellom oss menneske. Relasjonane som kan ha uendeleg mykje å seia for korleis vi forstår verda, som kan vera positive eller negative drivkrefter, og som vert vevd saman til nett som utgjer våre samfunn. Gjensidig avhengigheit. Desse relasjonane let seg ikkje rekne om til kroner og øre, og ein treng nye «briller» for å leggja merke til dei. Samstundes kan vi sjå garnet som eit symbol på meir enn sosiale nettverk. Garnet representerte også livsgrunnlaget. Med garnet fanga dei maten som var berebjelken i bygdesamfunnet. Vil mat vera berebjelken for lokalsamfunn også i framtida?

Eg avsluttar denne masteroppgåva med nokre refleksjonar frå meieristyrar ved Rørosmeieriet:

det er fantastisk fint å ha nokre verdiar å forholde seg til. Og så det å vera audmyk nok til å skjønna at det kan finnast noko anna då. Det er ikkje einaste saliggjerande det vi driv på med, men iallfall så er det godt å tenka på at vi prøver. Prøver å bidra med det vi kan, og det er på ein måte... Dersom alle hadde gjort det, då trur eg det hadde skjedd mykje, dersom alle hadde prøvd å bidratt med det dei kan. For det trur eg ikkje alle gjer altså. (...) Vi klare å påverke veit du. Eg vart litt overraska når eg hørte at fylkeslandbrukskontoret, som har ein person på Tynset, no har dei begynt å snakka saman og å vurdere at kanskje regionen her ikkje skal vera, liksom tenk på at det berre skal byggast så stort som mogleg og intensivt som mogleg, men at dei kanskje skal begynne å sjå verdiane i meir beite og grovfôr og gras. Og at ein begynner å fokusera kanskje på dei mellomstore. I steden for berre dei største. Då tenker eg «*hmm, det går ann*». Så det. Så du må vera veldig tolmogig då, men dersom ein har brukbar god samvittigheit kvar dag så går det bra skjø.

Skal eg hente litt mat til oss eg då – ja, vi må jo ha det!

## Litteraturliste

Babbage, D.R. og Ronan, K.R.; *“Philosophical worldview and personality factors in traditional and social scientists: studying the world in our own image”*, in “Personality and individual differences” vol. 28, pp. 405 – 420, Elsevier

Barnes, John A. (1954); *“Class and Committees in a Norwegian Island Parish”*, pp. 39-58, i “Human Relations”, Volume 7, Issue 1, February 1954, The Tavistock Institute of Human Relations

Byrd, Erick T (2007), *«Stakeholders in Sustainable Tourism Development and their Roles: Applying Stakeholder Theory to Sustainable Tourism Development»*

Capra, Fritjof og Henderson, Hazel (2009); *“Outside Insights. Qualitative Growth.”*, publisert gjennom The Institute for Chartered Accountants in England and Wales, with Tomorrow`s Company, ref. i kompendiet; *“Studiheftet til samling 3, kretsløpsøkonomi. Tema; bærekraftig økonomi”*, Handelshøgskulen i Bodø, Senter for økologisk økonomi og etikk

Daly, Herman E. og Farley, Joshua (2011); *«Ecological economics. Principles and Applications»*, Second edition, Island Press, Washington

Daly, Herman E. og Cobb, John B. (1994); *“For the common good. Redirecting the economy toward community, the environment and a sustainable future”*, kapittel nr. 1..; *“The Fallacy of Misplaced Concreteness in Economics and Other Disciplines”*, i kompediet; *“Studieheftet til samling 1: Kretsløpsøkonomi, MBA Økologisk Økonomi”*, Handelshøgskulen i Bodø

Dietz, Thomas; Ostrom, Elinor; Stern, Paul C. (2003); *«The Struggle to Govern the Commons»*, i Science, vol. 302, pp.1907-1912

Distriktssenteret (2017) *“Verdiskaping basert på natur og kulturressursar. Kva kan vi læra av Lom, Røros, Vega og Lysefjordområdet”*, rapport laga av Distriktssenteret, på bestilling av regionalpolitisk avdeling i Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Distriktssenteret sine nettsider (2017), [Internett], informasjon om «Utviklingsprogrammet for byregioner». Tilgjengelig fra: < <https://distriktssenteret.no/2014/03/17/tynset/> > [Lest 18.05.2017]

Dybvig, Dagfinn D.; Ingebrigtsen, Stig; Jakobsen, Ove; Nystad, Øystein (2013) *«Etikk for økonomifag»*, Gyldendal Akademisk, Oslo

Eisenhardt, Kathleen M. (1989); «*Building Theory from Case Study Research*», *The Academy of Management Review*, p. 532 – 550

Fjellurt sine nettsider (2017) [Internett]: Tilgjengelig fra: <<http://www.fjellurt.no/>> , [Lest 18.05.2017]

FN – sambandet (2016) [Internett]: Tilgjengelig fra: < <http://www.fn.no/Tema/Baerekraftig-utvikling/Hva-er-baerekraftig-utvikling>> , [Lest 18.05.2017]

Haukeland, Per Ingvar og Brandtzæg, Bent Aslak (2009). «Den brede verdiskapingen: Et berekraftig utviklingsperspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping.» TF-notat 20.

Haukeland, Per Ingvar og Bradtzæg, Bent Aslak (2014); «*Naturarven skaper verdier. Sluttanalyse Naturarven som verdiskaper*», oppdragsgiver var Miljødirektoratet

Galåvolden Gård sine nettsider (2017) [Internett]: Tilgjengelig fra: < <http://gv.lightweb.no/>> , [Lest 18.05.2017]

Hoff- Elimari, Eivind (2016): «*Gull eller grønne skoger? Politikk for det gode liv*», *Res Publica*

Ingebrigtsen, Stig og Jakobsen, Ove (2009); “*Moral development of the economic actor*”, i *Ecological Economic*, Elsevier, s: 2777 – 2784

Ingebrigtsen, Stig og Jakobsen Ove (2011); “*Circulation Economics – An ecological image of man based upon an organic worldview*”, in *Environment, embodiment and gender* (Faugstad Aarø, A. and Servan, Johannes eds.), Hermes text, i studieheftet “*Samling 2: Krestløpsøkonomi, MBA i Økologisk Økonomi*”, Handelshøgskulen i Bodø, Senter for økologisk økonomi og etikk

Ingebrigtsen, Stig og Jakobsen, Ove (2006); “*Økonomi, natur og kultur. Praktiske eksempler*”, Abstrakt forlag. Oslo

Johannessen, Asbjørn; Tufte, Per Arne og Christoffersen, Line (2011); «*Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*», Abstrakt forlag, 4. utgåve

Ingebrigtsen, Stig og Jakobsen, Ove (2004); «*Økonomi, Natur og Kultur*», Abstrakt Forlag, Oslo

Jakobsen, Ove (2011); Forelesing «*Økologisk økonomi i eit historisk perspektiv*», Handelshøgskulen i Bodø

Jakobsen, Ove, (2017); «*Handlar økonomi om meir enn pengar*», notat og PDF frå førelesing i Aurland

Jakobsen, Ove (2016), video [Internett]: «*Introduksjon til Økologisk Økonomi del 4 - Spørsmål ved etablerte sannheter*», Tilgjengelig fra: <[https://www.youtube.com/watch?v=KcjAo\\_d6Kvk](https://www.youtube.com/watch?v=KcjAo_d6Kvk)>, [Lastet ned 18.05.2017]

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015) [Internett]; «*Nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging*», Tilgjengelig fra: <[https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale\\_forventninger\\_bm\\_ny.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale_forventninger_bm_ny.pdf)>, [Lest 18.05.2017]

Lange – Vik, Marte og Idsøe, Johannes; (2013) “*Kapittel 4. Rørosmat. The development and success of a local foodbrand in Norway*”, pp 85 – 98 in “*Sustainable Culinary Systems: Local Foods, Innovation, and Tourism & Hospitality*”, edited by Colin Michael Hall, Stefan Gössling, Routledge, USA

Leknes, Einar; Onsager, Knut; Johansen, Steinar; Thygesen, Janne (2016); «*Evaluering av utviklingsprogrammet for byregioner. Delrapport 1: prosjektenes egenskaper og utvikling i en tidlig fase*», NIBR/ IRIS, NIBR notat 2016:106, på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Oslo

Lovdata (2017); [Internett]: Tilgjengelig fra: <[www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)>, Plan- og bygningsloven (2016) [Lest 18.05.2017]

Lønning, Dag Jørund (2010); «*Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap*», Boksmia forlag, Ål

Nobelprisen, den offisielle nettsida, liste over nobelprisvinnarar i økonomi (2017) [Internett]: Tilgjengelig fra: <[https://www.nobelprize.org/nobel\\_prizes/economic-sciences/laureates/](https://www.nobelprize.org/nobel_prizes/economic-sciences/laureates/)>, [Lest 18.05.2017]

Ostrom, Elinor (2009); “*Beyond Markets and States: Polycentric Governance of Complex Economic Systems*”, Prize Lecture, December 8, Workshop in Political Theory and Policy Analysis, Indiana University, Bloomington, IN 47408, and Center for the Study of Institutional Diversity, Arizona State University, Tempe, AZ, U.S.A.

Our common future (1987), UN Documents Gathering a body of global agreements [Internett]: “*Our Common Future, Chapter 2: Towards Sustainable Development.*”, ,From

A/42/427. Our Common Future: Report of the World Commission on Environment and Development, Tilgjengelig fra: < <http://www.un-documents.net/ocf-02.htm> > [Lest 18.05.2017]

Regjeringen, om «Utviklingsprogrammet for byregioner» (2017) [Internett]: Tilgjengelig fra: < <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/samspill-mellom-by-og-omland/id2406980/> > [Lest 18.05.2017]

Ringstad, Vidar (2011); “*Samfunnsøkonomi og økonomisk politikk for turbulente tider*”, 5. utgåve, Cappelen Damm Akademisk, Latvia

Rørosmat nettsider (2017) [Internett]: Tilgjengelig fra: < <http://rorosmat.no/> > [Lest 18.05.2017]

Stensaas Reinsdyrslakteri sine nettsider (2017) [Internett]: Tilgjengelig fra: < <http://stensaas.no/> > , [Lest 18.05.2017]

Store Norske Leksikon, definisjon av verdiskaping (2017), [Internett], Tilgjengelig fra: < <https://snl.no/verdiskaping> > , [Lest 18.05.2017]

Stubbs, Wendy og Cocklin, Chris (2008); “*Teaching sustainability to business students: shifting mindsets*”, International Journal of Sustainability, in Higher Education, Vol. 9 No. 3, pp. 206-221

Stuen, Marianne (2006); “*Innovation among small-scale food producers in Fjellregionen – the case of Rørosmat*”, Masteroppgåve, Universitet i Oslo

Sørnes, Jan-Oddvar, «*Fordypningstema kvalitativ metode*», video på Fronter og forelesing i faget ME303E Anvendt Metode, 2016

Vik, Marte Lange (2010); «*Lokalmat i Rørosregionen – utvikling og samfunnsmessige rammevilkår*», Vestlandsforskning, notat nr. 2:2010, prosjekt «Sustainable Destination Norway 2025», oppdragsgjevar; Nærings- og handelsdepartementet, Norges Forskningsråd

Wikipedia (2017), om Social Network Analysis [Internett], Tilgjengelig fra: < [https://en.wikipedia.org/wiki/Social\\_network\\_analysis](https://en.wikipedia.org/wiki/Social_network_analysis) > , [Lest 18.05.2017]

## Informasjonsskriv om masteroppgåve

### ***Brei verdiskaping med utgangspunkt i lokalmatnettverket i Fjellregionen***

#### **Bakgrunn og formål**

Eg studerer MBA Økologisk Økonomi ved Nord Universitet/ Handelshøgskulen i Bodø, der eg skal skrive masteroppgåve våren 2017. Dette er ei erfaringsbasert masteroppgåve, som eg koplar opp mot tema eg jobbar med som tilsett i Distriktsenteret – Kompetansesenteret for Distriktsutvikling.

#### **Foreløpig problemstilling i masteroppgåva er:**

- *Korleis ser interessentane i lokalmatnettverket i Fjellregionen eigne bidrag til lokal berekraftig utvikling og korleis oppfattar dei omgrepet brei verdiskaping?*

Eg ynskjer å intervju lokalmatprodusentar som er medlem av nettverket og andre interessentar tilknytta lokalmatnettverket.

#### **Kva inneber deltakinga i studien?**

Di deltaking vil vera gjennom eit intervju, og moglege oppfølgingsspørsmål dersom det trengs supplerande informasjon. Eg reknar med at intervjuet tek mellom 1-2 time. Du treng ikkje førebu deg til intervjuet, og vi kan møtast der det passar best for deg. Data vert registrert gjennom notatar og lydopptak under intervjuet.

#### **Kva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre eg og min vegleiar som vil ha tilgang til datamateriale frå intervjuet. Lydopptak vert lagra anonymt, avskilt fra øvrige data.

Du kan sjølv velje om du ynskjer å vera anonym som informant til denne masteroppgåva, eller om du samtykker til at det vert referert til din arbeidstitel/ rolle. Masteroppgåva vil ikkje innehalda namn, adresse, e-post eller anna personinformasjon.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskingsdata AS. Prosjektet skal etter planen vera avslutta 30. juni. Når prosjektet er avslutta vil alle lydopptak og skrifteleg datamateriale bli anonymisert.

#### **Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekka ditt samtykke utan å gi noko grunn. Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med meg eller min vegleiar.

Elisabeth Veivåg Helseth  
mastergradsstudent  
Tlf: 92284041  
E-post: elisabeth.v.helseth@student.nord.no

Hin Hoarau Heemstra  
vegleiar  
Tlf: 75517619  
E-post: hin.h.heemstra@nord.no

## Vedlegg nr 2. Intervjuguide

| Tema   | Spørsmål  |
|--|---|
| <b>Generellt</b>                             |   |
|  | 1. Kan du fortelje litt om historia bak (verksemda)?  |
|  | 2. Kva gjer dykk i dag/ kva produserer dykk?  |
|  | 3. Kva er den viktigaste drivkrafta di for å jobbe med dette?   |
| <b>Samarbeid - nettverk og interessentar</b> |   |
|  | 4. Kven er dei viktigaste samarbeidspartane til verksemda? Kva nettverk er verksemda del av?                              |
|  | 5. Kva betyr det for verksemda å vera del av desse nettverka? (Kva av nettverka gir deg mest verdi?)                      |
|  | 6. Kva tenker du om kommunen sin rolle i forhold til lokalmatnettverk?  |
| <b>Verdiskaping</b>                          |   |
|  | 7. Kan du gje eksempel på aktivitetar og initiativ som kjem ut av lokalmatnettverk verksemda er ein del av?               |
|  | 8. Korleis synst du nettverket og lokalmatprodusentar skapar verdiar for miljøet?   |
|  | 9. .... verdiar for lokalsamfunnet?   |
|  | 10. .... verdiar for bedrifta?  |
|  | 11. .... verdiar for det øvrige næringslivet i regionen?  |
|  | 12. Korleis opplever du det er å kommunisere verdiane lokalmatprodusentar bidreg med i regionen?                          |
|  | 13. Opplever du at det er nokon bidrag som ikkje vert sett og anerkjent - kva er det eventuelt?                           |
| <b>Berekraftig samfunnsutvikling</b>         |   |
|  | 14. Kva tenker du når eg seier berekraftig samfunnsutvikling?   |
|  | 15. Kan du gje eksempel på at lokalmatnettverka eller lokalmatprodusentar har bidrege til meir berekraftige lokalsamfunn? |
|  | 16. Kva rolle tenker du at kommunen har i å legge til rette for berekraftig samfunnsutvikling?                            |
| <b>Endring/ nyskaping</b>                    |   |
|  | 17. Trur du lokalmatnettverka eller lokalmatprodusentar bidreg til endringar i lokalsamfunnet – og i så fall på kva måte? |
|  | 18. Kva opplever du som dei største utfordringane i framtida?<br>- for nettverk<br>- for lokalmatprodusentar              |
|  | 19. Har arbeidet i nettverket/ verksemda gitt nokre resultat og effektar som ikkje var venta?                             |
| <b>Avslutning</b>                            |   |
|  | 20. Er det noko av det vi har snakka om no som du ynskjer å utdjupa meir - er det noko du ynskjer å legge til?            |



**Vedlegg nr. 3. - Tabell 3. Nokre indikatorar på brei verdiskaping i lokalmatnettverk i Fjellregionen**

| Type verdiskaping        | Indikator              | Funn hos ulike informantar   |
|--------------------------|------------------------|--|
| Miljømessig verdiskaping | Natur og biodiversitet | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lokalt slakteri gir mindre transport av dyr</li> <li>- Stor del økologisk; ikkje sprøytemiddel eller kunstgjødsel</li> <li>- Haustar av naturen</li> </ul>  |
|                          | Kulturminne/miljø      | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vedlikehald av gamle hus/ bygningar/ setrer</li> </ul>  |
|                          | Landskap               | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Meir bruk av grovfôr - vedlikehald av kulturlandskap</li> <li>- Bruk av utmark – mindre gjengroing</li> </ul>   |
|                          | Klima                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mindre transport av råvarer og ferdig produkt</li> <li>- Nyttar kvarandre sine restprodukt – mindre matsvinn</li> <li>- Gjenbruk (f.eks. plast til plantefelt eller vomavfall til kompost)</li> <li>- Planar om nytt industribygg som plussus</li> <li>- Vel miljøvenleg emballasje, energileverandørar og liknande</li> <li>- Tørka urter – mindre transport, plast osv enn ferske urter</li> </ul>  |
|                          | Berekraft              | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nettverket legg føringar medlemmane må ta omsyn til i si drift</li> <li>- Auka fokus på å nytta lokale ressursar</li> <li>- Mindre import av kraftfôr</li> <li>- Dyrkar krossa bygg – lagar eige kraftfôr</li> <li>- «I takt med naturen» - verdiane pregar vala</li> <li>- Utfordrar feilspor i forhold til berekraft – <i>«vi trur vi skal konkurrera mot Europa»</i></li> </ul>  |
| Kulturell verdiskaping   | Symbol                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utviklar Røros som merkevare/ symbol</li> </ul>   |
|                          | Identitet (stoltheit)  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bidreg til aktivitet i bygdesamfunn</li> <li>- Gjer regionen kjent</li> <li>- Skapar positivt bilete – «her skjer det noko»</li> <li>- Spelar på lokalsamfunnet, lokale verdiar</li> <li>- Skapar stoltheit – lokalt, regionalt og nasjonalt</li> <li>- Positiv grunnhaldning blant folk – litt dyrka som heltar</li> <li>- Lidenskap for mat</li> <li>- Bygg på overlevings- og grundermentalitet; må skapa noko sjølv («ja, det skal vi jammen meg prøve»)</li> <li>- Inspirasjon og drivkraft – ser at andre lykkast; vågar å prøve sjølv</li> </ul> |
|                          | Kunnskap               | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjer folk meir bevisst – gjennom formidling og involvering</li> <li>- Sett lokal mat på dagsorden</li> </ul>  |

|                            |                         |   |
|----------------------------|-------------------------|---|
|                            |                         | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplevingssenter; satsar på formidling</li> <li>- Besøk frå heile Norge (og andre land) – mange vil læra</li> <li>- Formidlar verdikjede og prosess</li> <li>- Formidle mangfald</li> <li>- Formidlar sørsamisk kultur (lite kunnskap i Norge i dag)</li> <li>- Styrkar kunnskap om anbodsprosessar – for å auka lokalt forbruk</li> </ul>   |
|                            | Tradisjonar og historie | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppretthalda tradisjonelt jordbruk</li> <li>- Tradisjonsmat, tradisjonsrettar</li> <li>- Ta vare på gamle dyrerasar («kan ikkje ha ei ku på museum»)</li> <li>- Stoltheit rundt tradisjonar – folk meir bevisst</li> </ul>   |
| <b>Sosial verdiskaping</b> | Nettverk                | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Formelle og uformelle samarbeid i nettverk</li> <li>- Rørosmat – formelt nettverk – viktig for mange</li> <li>- Nokre nøkkelbedrifter (eks meieri og slakteri)</li> <li>- Likesinna med beslektta problemstillingar – diskutere og finne løysingar</li> <li>- Langt framme nasjonalt – ynskjer å dele og løfte andre nettverk (gjera andre gode lokalt)</li> <li>- Kan spesialisera seg på ulike oppgåver – hjelpe kvarandre – slepp å sette seg inn i alt</li> </ul>  |
|                            | Møteplassar             | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skapar arenaer for å møtast (marknadar, kurs, turar, prosjekt, grendelag osv)</li> </ul>   |
|                            | Samarbeid               | <ul style="list-style-type: none"> <li>- «Saman om matglede»</li> <li>- Kollektivt løft, løftar i flokk</li> <li>- Suksesshistoria; samarbeid på alle plan</li> <li>- Samarbeid på tvers av sektorar, nivå og næringar</li> <li>- Vekker meir merksemd saman</li> <li>- Viktig samarbeid med dei som ikkje er del av formelle nettverk – gir inspirasjon</li> <li>- Verkemiddelapparat sentrale samarbeidspartar (eks. kommune, IN, forskingsråd, regionråd)</li> <li>- Samarbeider skular, kulturinstitusjonar, utdanningsetatar</li> <li>- Lære av andre næringsaktørar – gjera koplingar (direkte og indirekte)</li> <li>- Samarbeid regionråd – auka lokal produksjon, foredling og bruk</li> <li>- Samdrift om produksjon av råvarer og om forelding</li> <li>- Samarbeid lønner seg alltid («samarbeider med dei som på ein måte er konkurrentar»)</li> </ul> |
|                            | Tillit                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Framsnakkar kvarandre</li> <li>- Rausheit – må unne kvarandre suksess</li> <li>- Vil vera «best lokalt» - vise at lokalsamfunnet kjem først</li> <li>- Hjelper kvarandre i rolla, sitt i kvarandre sine styrer, deler erfaringar</li> </ul>  |

|                               |                              |  |
|-------------------------------|------------------------------|--|
|                               | Tilhørslse                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Viktige verksemdar for bygda, mange har tilhørslse</li> <li>- Sett pris på fellesskapet</li> <li>- Vinn bygdeprisar</li> </ul>  |
|                               | Engasjement<br>(inspirasjon) | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Inspirere kvarandre</li> <li>- Lærer av kvarandre (møtast fagleg)</li> <li>- Nettverk viktig for å unngå bakevje – inspirere til å gå vidare</li> </ul>   |
|                               | Utviklings-<br>kultur?       | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samla om felles mål</li> <li>- Gå i front, vise veg, andre vågar også</li> <li>- Må investere – bruke ressursar – på å jobba saman</li> <li>- Bygge opp kapasitet saman (ikkje kvar for seg)</li> <li>- Mot til å stå fram, gå framfor</li> <li>- Må vise at samarbeid lønner seg (ikkje alle som trur det er sant)</li> </ul>  |
|                               | Tryggheit                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bondens nettverk</li> <li>- Jobbar for at alle skal få velje produksjonen dei føler er rett</li> </ul>  |
| <b>Økonomisk verdiskaping</b> | Nyetablering/<br>utviding    | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mange har gradvis bygd ut og skalert opp – produksjon og foredling</li> <li>- Røros Food and Beverage – ambisjon om å vekse, kanskje like stort som meieriet på sikt</li> <li>- Stor tettheit av lokalmatprodusentar – stadig fleire kjem til</li> </ul>  |
|                               | Inntekt og omsetting         | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ringverknadar – ein arbeidsplass i primærnæringa bidreg til omsetting i andre næringar</li> <li>- «Sjølvgåande motor» – nettverk bidreg til idear og aktivitet - større aktivitet = spinn-off-effektar</li> <li>- Medlemar i det formelle nettverket (Rørosmat) - rundt 350 millionar i årleg omsetting, 130 -140 årsverk</li> <li>- Tett samarbeid med transportnærning</li> <li>- Stort uutnytta potensiale – lokalt forbruk – kafear, kioskar, offentlege institusjonar</li> <li>- Ringverknadar reiseliv – lokalmat no hovudgrunn for besøk til Røros</li> <li>- Medlemskap = tilgang på salsteneste</li> <li>- Meirpris ved direkte sal frå produsent – men Rørosmat gir tryggheit (volum, stabilitet)</li> <li>- Viktig med rasjonelle opplegg – spesialisera seg på ulike områder</li> <li>- Meirverdi – avhengig av at forbrukar ser vara som ein prosess (må tru på, og oppfatta det same) – lettare å kommunisera i nettverk</li> <li>- Auka pris på økologisk mjølk, frå 65 til 75 øre liter</li> <li>- Vekst gjennom utvikling – fokus på å nytta råvara betre</li> </ul> |
|                               | Sysselsetting                | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Matproduksjon på primærsida – viktig berebjelke i regionen</li> <li>- Lokalmat - ofte tillegg til tradisjonell gardsdrift</li> </ul>  |

|                           |                                    |  |
|---------------------------|------------------------------------|--|
|                           |                                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skapa arbeidsplassar ved å nytte lokale ressursar</li> </ul>  |
|                           | Attraktivitet                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Merkevara Røros – mange som tenar på og nyttar</li> <li>- Bygge omdømme, stoltheit, merkevarekjennskap</li> <li>- Røroskyr – stor verdi i marknadsføring?</li> <li>- Gjer det interessant å vera i lokalsamfunna</li> <li>- Bidreg til mangfald – breiare tilbod</li> <li>- Positiv merksemd og omtale</li> </ul> |
|                           |                                    |  |
| <b>Total verdiskaping</b> | Mangfald                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lokalmatnettverk som motvekt til den industrialiserte matproduksjonen – utfyller og utvidar marknaden – skapar mangfald</li> <li>- Valmoglegheit – gir fleire moglegheiter</li> <li>- Jobbar med å kommunisere kor avhengig ein er av mangfaldet</li> </ul>   |
|                           | Kretsløp                           | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Matprodukt opplevast som verdikjede og prosess</li> <li>- Utfordrar mekanisk forståing – utslepp frå drøvtyggjarar = betre med import av kraftfôr? (kven forbrukar miljøet mest?)</li> <li>- Kua som bioreaktor – sol, gras, utmark = kjøtt og mjølk</li> </ul>   |
|                           | Synergjar                          | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bredde innan produksjonar – kan utnytte synergjar</li> <li>- Synleggjer den gjensidige avhengigheita, betydninga av å ha ein nabo/ fagnettverk (om ein vert den einaste bonden igjen – «legg fort ned»)</li> </ul>  |
|                           | Heilskapleg forståing/ samanhengar | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Totalopplevinga synleg gjennom reiseliv/ gjester</li> <li>- Ser regionen som heilskap</li> <li>- Den totale verdien – kva vert vekke dersom ein optimaliserer og effektiviserer «for gæli»?</li> <li>- må ta det lenger, setta i større perspektiv (enn f.eks Debio-merket)</li> </ul>                            |
|                           | Langsiktig planlegging             | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjølvforsyningsmoglegheit – men ikkje bruke opp</li> <li>- Rigge samfunnet – gangbart for neste generasjon – ikkje forbruke heilt</li> <li>- Ikkje konserverande – berekraft skal vera utviklingsorientert – evne til å tilpassa seg</li> </ul>   |